

Person- og numerusbøyinga av verb i diplom frå Bergen og Voss 1430–1465

Ein variasjonslingvistisk analyse



NOLISP350
Masteroppgåve i nordisk språk
Våren 2023

Universitetet i Bergen
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Vetle-Einar Nordgård Mikkelsen

Føreord

For eit år dette har vore! Mange månadar med hardt arbeid med denne oppgåva er straks over, og eg skal straks levera. Det har vore spennande, tungt, lærerikt og slitsamt. Eg har vore høgt oppe og lågt nede. Eg har fått oppleve både intens meistringskjensle og kjensla av å ikkje eigentleg kunna noko som helst. No er altså målstreken endeleg her! Oppgåva eg har frykta å ta fatt på sidan studiestart er straks ferdig, og, uavhengig av kva resultatet blir, er eg stolt av meg sjølv for å ha klart dette.

Denne bragda er likevel på ingen måte *berre* mi fortjeneste. Det er mange som har bidratt. La meg først retta ein stor takk til Agnete Nesse, rettleiaren min. Takk for interessante og (oftast) fagleg relevante samtalar og for gode, konkrete tilbakemeldingar på oppgåva. Eg har sett stor pris på samarbeidet vårt!

Takk til Marianne Paasche ved Spesialsamlingane på UiB, som gong på gong stilte opp, for god hjelp med å finna fram til dei riktige kjeldene. Takk til tjommi Robert Kristof Paulsen for mangt eit godt råd om norrønt. Ikkje minst takk til alle på lesesalen for nordisk. Å ha andre menneske i same båt, som kjenner på dei same gledene og frustrasjonane, har vore veldig fint. At alle saman er både kunnskapsrike og morosame hjelper òg. Ein betre gjeng medstudentar skal ein leita lenge etter! Takk òg til mamma og pappa for god moralsk støtte gjennom heile studietida og gjennom livet elles.

Til sist må eg takka den kanskje viktigaste støttespelaren min: Takk, Alexander. Takk for støtte og oppmuntring gjennom masterstrevet, for at du tolmodig har lytta til mang ein klagesong om denne oppgåva, for omtanken og kjærleiken du viser meg kvar dag og tusen takk for at du er det flotte, rare mennesket du er. Eg elsker deg og gler meg til å gifta meg med deg!

Bergen, 9. mai 2023

Innhald

Føreord	ii
1. Innleiing	1
1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål	1
1.2 Oppgåvestruktur	3
1.3 Periodisering og historisk bakgrunn	4
1.3.1 Språkkontakt i mellomalderbyen Bergen	4
1.4 Plassering i fagfeltet	5
2. Språk og sjanger	7
2.1 Norrønt og gammalnorsk	7
2.1.1 Det norrøne formverket	7
2.1.2 Endringar i gammalnorsken	10
2.2 Endringar i mellomnorsk tid	11
2.3 Utviklinga i austnordisk	12
2.4 Svensk, dansk eller norsk?	14
2.5 Formlar og struktur i diploma	16
2.6 Kven sitt språk finn ein i diploma?	18
3. Forskingsoversyn	19
3.1 Eit generelt oversyn	19
3.2 Samsvarsbøying av verb: Ottosson (2003) og Indrebø (1924)	19
3.3 Endre Mørck	20
3.4 Språkkontakt mellom norsk og tysk	21
4. Teoretisk rammeverk	22
4.1 Historisk sosiolingvistik	22
4.1.1 Mellomalderkjelder: utfordringar og moglegheiter	22
4.2 Språkkontakt	23
4.1.2 Trudgill om språkkontakt	24
4.1.3 Språkpotten	25
4.2 Naturleg morfologi	26
4.2.1 Paradigme, markertheit og naturlegdom	26
4.2.2 Systemdefinerande struktureigenskapar	27
5. Metode og framgangsmåtar	29
5.1 Innleiing	29
5.2 Kjeldetilfang	29
5.2.1 Diplomatarium Norvegicum	29
5.2.2 Val av kjelder	30
5.3 Data	33
5.4 Metodiske utfordringar	35

5.4.1	Avskrifter.....	35
5.4.2	Oppløysing av forkortingar	35
5.5	Metodeevaluering.....	36
6.	Analyse og drøfting.....	38
6.1	Nokre moment til analysen.....	38
6.1.1	Kva endringar er relevante?.....	38
6.1.2	Utfordringar med å tolka person og numerus	39
6.2	Dei enkelte diploma.....	41
6.2.1	Diplom B1, 1. april 1435. DN IV 858.....	41
6.2.2	Diplom B2, 1. februar 1454. DN IV 931.....	42
6.2.3	Diplom B3, 18. juli 1442. DN IV 886.....	43
6.2.4	Diplom B4, 20. oktober 1449. DN IV 911	44
6.2.5	Diplom B5, 8. oktober 1463. DN IV 953	45
6.2.6	Diplom B6, 27. oktober 1440 DN4 879	46
6.2.7	Diplom B7, 22. februar 1444. DN X 181	47
6.2.8	Diplom B8, 21. juni 1447. DN X 192	49
6.2.9	Diplom B9, 9. mai 1446. DN XV 72.....	49
6.2.10	Diplom B10, 7. juni 1463. DN III 862	51
6.2.11	Oppsummering av materialet frå Bergen.....	51
6.2.12	Diplom V1, 1430. DN IV 845	52
6.2.13	Diplom V2, 21. oktober 1432. DN XV 59	54
6.2.14	Diplom V3, 1435 (utan dato). DN IV 859.....	55
6.2.15	Diplom V4, 16. mars 1449. DN IV 906	56
6.2.16	Diplom V5, 15. august 1461. DN IV 950.....	58
6.2.17	Diplom V6, 14. februar 1456. DN I 835	59
6.2.18	Diplom V7, 19. desember 1446. DN III 792	60
6.2.19	Diplom V8, 6. mars 1451. DN VI 537	62
6.2.20	Diplom V9, 9. april 1455. DN XXI 476.....	62
6.2.21	Diplom V10, 25. august 1462. DN IX 341.....	63
6.2.22	Oppsummering av materialet frå Voss	64
6.3	Dei utvalde formlane	64
6.4	Diploma under eitt.....	66
6.5	Potensiell austnordisk innverknad.....	67
6.5.1	Infinitivar.....	67
6.5.2	Mediopassivsuffixet.....	68
6.5.3	Monoftongering.....	69
6.5.4	Vokalreduksjon	69
6.6	Den geografiske variabelen.....	69

6.7 Sosiale stender	72
6.7.1 Geistlege	72
6.7.2 Lagrettemenn	73
6.7.3 Rådmenn	74
6.7.4 Lagmann Jon Olavsson	74
6.8 Morfologi	75
6.8.1 Verbklasse	75
6.8.2 Tempus	77
6.8.3 Samsvarsbøying i mediopassiv	78
6.8.4 Skilnadar mellom 1. og 3. person	78
6.8.5 Konjunktiv	80
6.9 Syntaktiske tilhøve	81
6.10 Nokre interessante enkeltdiplom	81
6.10.1 Tre diplom frå Sune Eriksson	81
6.10.2 Diplom V5: særmerkt vokalisme	83
6.11 Funna i lys av teorien	85
6.11.1 Morfologi	85
6.11.2 Språkkontakt	86
6.12 Avslutning	88
Litteraturliste	91
Samandrag	94
Abstract	95

1. Innleiing

At dei nordiske språka i Skandinavia har gått gjennom store endringar det siste tusenåret, er ikkje kontroversielt. Ein av dei viktige tendensane er ei utvikling frå syntetiske språk til meir analytiske språk, altså ei utvikling frå at grammatisk meining mest mogleg blir uttrykt gjennom bøyning til at grammatisk meining i aukande grad blir uttrykt gjennom funksjonsord og setningsstruktur. Denne tendensen ser vi tydeleg i norsk. Gammalnorsk var eit meir syntetisk språk enn moderne norsk er; verb, substantiv, pronomer og adjektiv hadde fleire bøyingskategoriar då enn no. Liknande forenklingssprossar finn vi att både i andre germanske språk som engelsk og i latinske språk som spansk, som begge har betrakteleg mindre mangslungne bøyingsssystem enn høvesvis gammalengelsk og latin. Utviklinga frå syntetisk til analytisk går likevel ikkje like kjapt i alle språk. Språk som islandsk og tysk har varetatt meir av det gamle formverket, medan færøysk ligg ein stad i midten av dei nemnde ytterpunkta på syntetisk-analytisk-aksen. Mange av endringane som har ført det norske språket over på den analytiske sida av aksen gjekk føre seg i den mellomnorske perioden, som har vore vanleg å datere til mellom 1350 og 1536 (Mørck, 2018:295). Studieobjektet for denne oppgåva er verbmorfologi, eitt av mange område der utviklinga frå syntetisk til analytisk språk gjorde seg gjeldande.

1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

I denne oppgåva freistar eg visa eit augeblikksbilde av norsk språk rundt midten av 1400-talet, spesifikt verbbøyinga. Hovuddelen av undersøkinga vil dreia seg om den finitte verbbøyinga, spesielt bøyingskategoriane person og numerus. Hovudproblemstillinga mi er som følgjer:

1. Korleis ser verbbøyinga i Noreg ut rundt midten av 1400-talet?

Perioden er prega av språkleg variasjon og endring, og eg ønsker å undersøka denne variasjonen. Teksttilfanget frå perioden er stort og variert, og kjeldene kjem frå heile landet. Skal ein kunna seia noko interessant og nokolunde sikkert om verbbøyinga i heile landet, må ein ha mange nok kjelder frå mange nok stader, og dette kan fort komma utanfor rammene til ei masteroppgåve. For å sikra at problemstillinga blir operasjoniserbar innanfor desse rammene, snevrar eg inn problemstillinga noko. Eg vel meg ut bøyingskategoriane person og numerus som hovudfokus for oppgåva, og eg vel to geografisk avgrensa område å sjå på diplom frå, Bergen og Voss. I tillegg til denne geografiske variabelen, har eg valt meg ut ein sosial variabel, dei ulike stendene

eller sosiale gruppene som er representerte i mitt materiale, og den morfologiske variabelen bøyingsklassar og bøyingstrekk. Med andre ord snevrar eg inn den overordna problemstillinga med dei følgande forskingsspørsmåla:

- a. Korleis er variasjonen i verbbøyinga mellom Bergen og Voss?
- b. Korleis er variasjonen i dei ulike sosiale stendene?
- c. Korleis er variasjonen i dei ulike bøyingsklassane og bøyingskategoriane?

Forskingsspørsmål a) og b) tar føre seg språkeksterne variablar, medan forskingsspørsmål c. gjeld språkinterne variablar (dei ulike bøyingsklassane og bøyingskategoriane). Både språkbrukssituasjonen og sjølve språksystemet er interessante studium i seg sjølv, men eg meiner at begge perspektiva må til for å forklara språkendringar på best mogleg måte. I denne oppgåva vil både sosiolingvistiske og morfologiske forklaringsmodellar bli brukte for å forklara korleis verbbøyinga i mine kjelder har enda opp slik ho har.

Det er fleire grunnar til at eg valde akkurat Bergen og Voss som dei geografiske variablane i forskingsspørsmål a). For det første er begge stader på Vestlandet, og eg ønskte å samanlikna materiale frå stader som ikkje ligg altfor langt frå kvarandre. For det andre er det fleire forhold som skulle kunna tilseia at endringar i person- og numerusbøyinga skjer i ulikt tempo på dei to stadene: Bergen var den største byen og det største handelssentrumet i Noreg i perioden, og store delar av befolkninga måtte forhalda seg til eit anna språk, lågtysk, i kvardagen. Storleiken på byen, posisjonen Bergen hadde i handelen og språkkontakten med lågtysk kan ha bidratt til at byen var tidleg ute med språklege innovasjonar. Sjå blant anna [1.3.1](#) og [4.2](#) nedanfor for meir om språkkontakten i Bergen. Voss, på den andre sida, var eit bygdesamfunn på fjellet, og dialekta har halde på konservative trekk inn i våre dagar, òg når det gjeld numerusbøying av verb (Skjekkeland, 2005:136).

Når det gjeld forskingsspørsmål b) har det skjedd fleire endringar i løpet av arbeidet med denne oppgåva. Då eg sette i gang med dette arbeidet, var planen å halda den sosiale stratifiseringa av materialet mitt enkel og berre operera med geistlege og ikkje-geistlege. Geistlege finst nemleg begge plassar, og denne gruppa er godt representert som avsendarar av diploma, medan den sosiale samansetnaden elles nok vil vera ganske ulik på Bergen og på Voss. I tidlegare forskning blitt framheva som språklege normgivarar, nokre gongar med relativt mykje av det gammalnorske bøyingsystemet intakt (Grøtvedt, 1954:59), andre gongar som innovatørar med høg grad av språkblanding mellom (Hødnebo, 1971:148). Det vil framleis vera interessant å sjå om dei geistlege i mitt materiale er språkkonservative eller språkinnovatørar,

men forskingsspørsmål b) har sidan blitt endra til å handla om ein meir generell sosial variasjon, ettersom kjeldetilfanget mitt gav meg moglegheita til å operera med ei meir variert sosial stratifisering.

Bak forskingsspørsmål c) ligg ein tanke om at systemendringar går kjappare i enkelte bøyingsklassar eller bøyingskategoriar, basert til dømes på faktorar som produktivitet, bruksfrekvens eller markertheit eller. Når det gjeld dei ulike verbklassane kan òg tilhøve knytt sjølve verbparadigmet spela inn, til dømes bøyning med suffiks versus bøyning med stammeskifte. Meir om dette seinare.

1.2 Oppgåvestruktur

Resten av dette kapitlet er vigd til bakgrunnsinformasjon som set scenen for masteroppgåva som heilskap. Først grovskisserer eg eit bilde av den historiske perioden oppgåva mi finn seg i, med vektlegging av dei særskilte forholda i Bergen. Kapitlet blir avslutta med ei plassering av denne oppgåva i det breiare fagfeltet. Det andre kapitlet i oppgåva handlar om språk og sjanger: Først presenterer eg samanlikningsgrunnlaget for dataa mine, det norrøne formverket, før eg går vidare med utviklinga i mellomnorsken og den samtidige utviklinga i austnordisk. Kapittel to blir avslutta med ein gjennomgang av formlar og omgrep frå diplomatikken og nokre refleksjonar rundt kven sitt språk diploma representerer. I kapittel 3 kjem eit oversyn over tidlegare forskning på mellomnorsk, diplom og språkkontakten mellom norsk og tysk.

Kapittel 4 dreier seg om dei teoretiske rammene for oppgåva, som eg freistar bruka for å forklara korleis eller kvifor endringane frå norrønt har gått føre seg. Her har eg valt to overordna perspektiv: morfologi og sosiolingvistikk. Innanfor morfologien bruker eg Wurzel (1984) sine teoriar om morfologisk naturlegdom som pådrivar for endring. Innanfor fagfeltet sosiolingvistikk har eg valt to teoretiske retningar: teoriar om språkkontakt og den meir generelle retninga historisk sosiolingvistikk. Femte kapittel tar føre seg metode, kjeldeinnsamling og metodiske utfordringar.

Til sist kjem analyse og drøfting. Her går eg gjennom språket i dei ulike diploma, før eg presenterer funn frå datamaterialet mitt og drøftar dei. I mange masteroppgåver ville analyse og drøfting fått eigne kapittel, men i mi oppgåve har mykje av drøftinga blitt plassert saman med funna. Derfor ville eit eige drøftingskapittel ville vore vel prega av gjentakning. Avslutningsvis forsøker eg å trekka nokre slutningar basert på analysen og drøftinga av kjeldematerialet.

1.3 Periodisering og historisk bakgrunn

Tradisjonelt har mellomnorsk tid vore periodisert til 1350–1536 (Mørck, 2018:295). At linja mellom gammalnorsk og mellomnorsk er teikna opp akkurat i 1350, har nok historiske, meir enn språklege, årsaker. Ottosson (2003:120), til dømes, reknar språket som gammalnorsk fram til rundt 1370, og set skiljet mellom dei to språkstega der. Den historiske årsaka til den tradisjonelle periodiseringa er Svartedauden, epidemien som, ifølge enkelte kjelder, kom til Noreg med eit skip til Bjørgvin i 1349. I språkhistoria har vi gjerne rekna med at den store mannedauden førte til færre skrivekyndige i Noreg, all den tid svært mange av dei geistlege døydde av sjukdommen (Mørck, 2018:304). Det måtte importerast geistlege frå Sverige og Danmark for å fylla rolla deira, og denne importen av skriveføre har blitt trekt fram som ein av grunnane til dei store endringane i språkssystemet i perioden. Dette synet har sidan blitt nyansert. Blant anna er det mykje som tyder på at dei utanlandske skrivarane fint kunne læra seg å skriva gammalnorsk (Mørck, 2018:306).

Perioden prosjektet mitt fell inn under, 1430–1465, var prega av skiftande alliansar og kongar. Noreg var på denne tida del av Kalmarunionen, ein union mellom Danmark, Noreg og, i delar av perioden, Sverige. Kong Erik (av Pommern) blei krona til konge over unionen i 1397 og sat på trona til 1439, då han blei avsett som konge i Danmark og Sverige. Han blei etterfølgt av Christoffer av Bayern, som regjerte i seks år frå 1442 til 1448 (Opsahl, 2022). Kong Christoffer sitt styre blei avløyst av strid mellom dei to mektigaste partane i unionen, Sverige og Danmark. Dei to landa valde sine egne kongar: Karl I i Sverige og Christian I i Danmark. Dei to landa kappast om Noreg, danskane for å oppretthalda ein Kalmarunion med tyngdepunkt i Danmark, svenskane for å gjenoppretta den svensk-norske unionen frå førre hundreår (ibid). Karl blei krona til norsk konge i Nidarosdomen november 1449, men måtte kort tid etter gi slepp på Noreg. Christian I blei krona i Nidarosdomen eit snautt år etter Karl, i august 1450, og Danmark og Noreg inngjekk ein personalunion der rika skulle vera fullstendig likestilte. Med andre ord var Noreg innom fire kongar, ingen av dei norske, berre i løpet av 35-årsperioden mitt prosjekt fell inn under.

1.3.1 Språkkontakt i mellomalderbyen Bergen

Heilt frå bydanninga mot slutten av 1000-talet var Bergen ein internasjonal handelsby. Midt på 1300-talet etablerte Hansaforbundet eit eige kontor på Bryggen. I dei om lag fire hundre åra kontoret heldt til i byen, fungerte det som ein eigen by i byen, eit åtskilt samfunn med eige språk og egne lovar og reglar (Nesse, 2002:111). Kontakten mellom dei to gruppene var for

det meste avgrensa til det vi i dag ville kalla fritida, til dømes gjennom møte på dei lokale skjenkestovene eller ved at dei feira høgtider saman (ibid:113–114).

Når tyskarane og nordmennene kommuniserte, brukte dei sine eigne språk, på den eine sida norsk og dansk, på den andre sida nedertysk og høgtysk, litt avhengig av når i perioden vi finn oss. Om dei ikkje var opptatte av forskjellane mellom høvesvis norsk og dansk på den eine sida og lågtysk og høgtysk på den andre, var i alle fall bergensarane og hanseatane i tida medvitne på at språket til desse to gruppene var forskjellige språk. Det ser ein blant anna ved at viktige eigedomsdokument i perioden blei skrivne i to eksemplar, eitt på norsk, etter kvart meir dansk, og eitt på nedertysk, etter kvart meir høgtysk. I meldingar til hanseatane skreiv bergensarane på sitt språk, og i meldingar til bergensarane skreiv hanseatane på sitt språk. Ikkje eingong noka nemneverdig kodeveksling mellom språka, som ein kunne venta å finna i ein slik intens språkkontaktsituasjon, finn vi i dokumenta frå perioden. Trass at dei nekta å «belite» seg og bruka den andre gruppa sitt språk, forstod dei kvarandre. Nesse (2002:137) bruker omgrepet passiv tospråklegheit om dette fenomenet. Andre forskarar har brukt andre omgrep, til dømes semikommunikasjon (Braunmüller, 1995) og resektiv tospråklegheit (Rambø, 2010).

Medan språkkontakten mellom norsk og tysk i Bergen kom til å ha stor innverknad på den lokale dialekta, er det ein annan type språkkontakt som gjer seg gjeldande i mine kjelder: den (skriftspråklege) kontakten mellom norsk og austnordisk, hovudsakleg svensk. I 1426 blei Munkeliv kloster vigd til den svenske birgittinarordenen, og språkforma i diploma mine tyder på at mange skrivarar i byen enten sjølv var svenske, hadde fått si skriveopplæring av svenske skrivarar eller pynta språket med lånte fjør frå aust. Hødnebø (1971:148) skriv om «det birgittinske blandingsmål», så det er tenkeleg at det nettopp er etableringa av Munkeliv som birgittinsk kloster som har hatt verka inn på språkforma i bergensdiploma mine. Uansett skortar det ikkje på svesismar i materialet mitt, som vi skal sjå i [6.2](#) og [6.5](#) nedanfor.

1.4 Plassering i fagfeltet

Mykje av forskinga på mellomnorsk har handla om å forklara vegen frå norrønt til moderne norsk. Mellomnorsk har på mange vis blitt behandla som det mellomstadiet sjølve namnet på perioden ymtar om. I den tradisjonelle nordiske språkvitskapsforskinga i Noreg var hovudoppgåva til faget å skildra forholdet mellom dialektane og den høgvyrde gammalnorsken (Jahr, 2008:171). Tanken om 400-årsnatta var nok frå tidleg av med på å forma både forståinga og interessa for mellomnorsk; Hødnebø (1971:146) trekker fram «uviljen mot å gi seg i kast med den lange fornedrelsens tid» som ein av grunnane til at mellomnorsken i hans tid var

relativt lite utforska. Ei slik tradisjonell forståing av dansketida som nedgangstid for norsk språk og samfunn ligg blant anna til grunn i Gustav Indrebø si *Norsk Målsoga* (1951). Som Indrebø (1951:158) sjølv skriv om perioden: «I den millomnorske bolken tok ein lang nedgang til for det norske målet.»

Som vi skal sjå i [kapittel 3](#) nedanfor, har fleire i nyare forskning fått augo opp for mellomnorsk som studieobjekt i seg sjølv, og tanken om at mellomnorsk er noko mindreverdige samanlikna med norrønt og moderne norsk har blitt utfordra. Likevel har mykje av forskinga halde fram med å vera hovudsakleg diakron og har vektlagt språkendingar over lenger tid. I mitt prosjekt har eg valt ei meir synkron tilnærming, sjølv om andre enn språkhistorikarar nok vil trekka litt på smilebandet av å kalla ein 30-årsperiode synkron. Eg vil med dette prosjektet danne eit augeblikksbilde av verbmorfologien i ein relativt kort periode i språkhistoria, på to avgrensa stader, i Bergen og på Voss. Med ei nærlesing av 20 enkeltdiplom, blir òg mi undersøking noko meir på den kvalitative sida enn den kvantitative.

Dei diakrone og kvantitative perspektiva er likevel ikkje utelatne. Dataa mine blir samanlikna med gammalnorsken, og til dels også den moderne norsken, og eg freistar bruka teorien til å forklara *ending*. Sjølv om det synkrona tar ei meir framstående rolle i denne undersøkinga enn i mykje av den tidlegare forskinga, er denne oppgåva eit produkt av samspelet mellom synkrona og diakrone perspektiv. I tillegg til nærlesing og inngåande analyse av enkeltdiploma, kjem eg òg til å sjå på reine tal og føra statistikk, så metodane mine er på ingen måte reint kvalitative. Vektlegginga av det synkrona perspektivet og den meir kvalitative nærlesinga bidrar likevel verdifull detaljkunnskap om språket i kjeldene eg har valt.

2. Språk og sjanger

I dette kapitlet tar eg først føre meg norrønt og gammalnorsk og presenterer det norrøne formverket i verbbøyinga, som òg fungerer som samanlikningsgrunnlag for verbformene i mitt materiale. Eg skisserer hovudtrekka av utviklinga i mellomnorsk og den samtidige utviklinga i dei danske og svenske språka. Deretter kjem eg inn på diplomsjangeren og kva som kjenneteiknar denne, i tillegg til relevante omgrep frå diplomatikken. Kapitlet blir avslutta med nokre refleksjonar rundt kven sitt språk diploma eigentleg inneheld.

2.1 Norrønt og gammalnorsk

Omgrepa norrønt og gammalnorsk blir i folkelingvistikken ofte brukte om kvarandre, sjølv om dei to omgrepa ikkje refererer til heilt det same. Norrønt blir gjerne brukt som fellesnemnar for språket i Noreg frå rundt år 700–1350 og etter kvart òg i norske busetnadsområde som Island og Færøyane (Nordbo mfl., 2023). Gammalnorsk er ei innsnevring av omgrepet, og refererer til det norrøne språket som blei snakka og skrive i Noreg i same periode. I løpet av perioden oppstod det likevel dialektskilnadar mellom språket i gamlelandet og i dei nye busetnadsområda. Julianne Tiemann viser i si ph.d.-avhandling frå 2023 at gammalnorsken hadde syntaktiske så vel som fonologiske og morfologiske sætrekk som skilde den frå gammalislandsken. Når 1800-talets filologientusiastar tok det på seg å skapa ei skriftnorm for norrønt, for å letta tilgangen til dette døde språket, tok dei i stor grad utgangspunkt i språket på Island rundt år 1200 (Berg, 2014:22). Ei undersøking som mi eiga kunne med fordel brukt gammalnorsk som samanlikningsgrunnlag, og det er ikkje uproblematisk å bruka normalisert norrønt. Det er ikkje til å stikka under stol at normalisert norrønt er ein langt meir tilgjengeleg ressurs enn gammalnorsk. Når eg i denne oppgåva vel å samanlikna treffa mine med normalisert norrønt, er det nettopp fordi dette språket er så tilgjengeleg og klart definert. Samanlikninga med normalisert norrønt gjer eg med atterhald om at ein del av dei tilsynelatande endringane eg finn i materialet ikkje er nye for mellomnorsk, men vil ha gått føre seg allereie i gammalnorsk tid (sjå [6.1](#) under for meir om korleis slike tilfelle blir behandla i sjølve analysen).

2.1.1 Det norrøne formverket

Det norrøne språket var som nemnt monaleg meir syntetisk enn moderne norsk. I adjektiv-, determinativ- og nominalbøyinga blei grammatisk meining blant anna uttrykt via kasusane nominativ, akkusativ, dativ og genitiv. Dei personlege pronomena for 1. og 2. person hadde tre moglege numeri: eintal (singularis), i nominativ *ek* og *þú*; total (dualis) i nominativ *vit* og *þit*;

fleirtal (pluralis) i nominativ *vér* og *þér*. I 3. person fanst berre eintal og fleirtal, men alle pronomen i alle numeri blei bøygde i dei fire kasusane.

Verba, som er det denne oppgåva dreier seg om, blei bøygde i tre ulike modi, indikativ, konjunktiv, og imperativ. I dei to førstnemnde modusane fanst meir eller mindre distinkte former for tre personar i eintal og tre personar i fleirtal, medan imperativ hadde tre distinkte former: 2. person eintal, 1. person fleirtal og 2. person fleirtal. Eitt sentralt skilje i den gammalnorske verbbøyinga er velkjent også i den notidige grammatikken vår, nemleg skiljet mellom svake og sterke verb. Dei svake verba danna preteritum med dentalsuffiks, medan dei sterke verba blei bøygde med ulike typar vokalskifte utvikla av avlydsrekkene i indoeuropeisk.

I tillegg til hovudskiljet mellom svake og sterke verb, er det vanleg å dela dei sterke verba inn i sju ulike klassar etter dei ulike rotvokalskifta. Dei svake verba har tradisjonelt blitt delte inn i klassar basert på endingane i urnordisk, men i si grunnbok i norrønt språk grupperer Odd Einar Haugen (2001:177–182) dei svake verba i tre klassar etter synkrone kriterium på det norrøne språksteget: kasta-klassen (urnordisk: *ō*-konjugasjon), telja-klassen (urnordisk: *ja*-konjugasjon) og dóma-klassen (urnordisk: *ija*- og *ē*-konjugasjon). Kasta-klassen er illustrert i tabell 1 nedanfor. Dei andre klassane har sine særtrekk: Telja-klassen sine formar i presens eintal indikativ liknar mest dei sterke verba, og klassen har stammeskifte, oftast *e*->*a* mellom presens- og preteritumsteget: *telr* > *taldi*. Dóma-klassen liknar kasta-klassen, men formene i presens eintal indikativ har suffiksa *-i* i 1. person og *-ir* i 2. og 3. person. Innanfor dóma-klassen fell òg ei rekke hyppige uregelrette verb, som *hafa* ‘ha’ og *segja* ‘seie’. I tillegg kjem dei preterito-presentiske verba, som dannar presens etter mønster frå dei sterke verba og preteritum etter mønster for dei svake verba. Når eg seinare i oppgåva samanliknar dei ulike verbklassane, er det Haugen sitt forenkla system eg bruker.

Tabell 1 under viser den finitte verbbøyinga i norrønt. Eg har valt å ta utgangspunkt i a-verba, den mest produktive klassen blant dei svake verba, og dei sterke verba. Her ser vi at dei svake a-verba hadde 15 distinkte former i gammalnorsk, medan dei sterke verba hadde 19. Allereie på dette språkstadiet var det likevel ein viss grad av samanfall i verbbøyinga, som vi til dømes ser i endinga *-r*, som var felles for 2. og 3. person i presens indikativ eintal. Imperativ er utelate frå framstillinga og opptreer uansett ikkje i mitt datatilfang.

	Svak kasta-klasse		Sterke verb	
Presens	Indikativ	Konjunktiv	Indikativ	Konjunktiv
1. person eintal	kalla	kalla	býð	bjóða
2. person eintal	kallar	kallir	býðr	bjóðir
3. person eintal	kallar	kalli	byðr	bjóði
1. person fleirtal	køllum	kallim	bjóðum	bjóðim
2. person fleirtal	kallið	kallið	bjóðið	bjóðið
3. person fleirtal	kalla	kalli	bjóða	bjóði
Preteritum	Indikativ	Konjunktiv	Indikativ	Konjunktiv
1. person eintal	kallaða	kallaða	bauð	byða
2. person eintal	kallaðir	kallaðir	bautt	byðir
3. person eintal	kallaði	kallaði	bauð	byði
1. person fleirtal	kølluðum	kallaðim	buðum	byðim
2. person fleirtal	kølluðuð	kallaðið	buðuð	byðið
3. person fleirtal	kølluðu	kallaði	buðu	byði

Tabell 1. Bøyingsystemet for verb i normalisert norrønt. Merk at /ø/ i yngre gammalnorsk oftast blir gjengitt med /o/ og at u-omlyd av trykklett /a/ er uvanleg i norske handskrifter. Normalisert norrønt *kølluðum* ville nok vore *kallaðom* i gammalnorsk, jamfør Ottosson (2003).

I tillegg til bøyingsmønsteret skissert i tabell 1 ovanfor, hadde verba i norrønt og gammalnorsk ei eiga mediopassiv form, danna ved enklise av pronomena *sik* 'seg' og *mik* 'meg'. I Haugen sin grammatikk er det mediopassive suffikset normert til *-mk* i 1. person og *-sk* i 2. og 3. person. Desse er formene vi finn i dei eldste handskriftene. Andre grammatikarar har derimot gått for *-st*, som er den «nye» forma som blei vanlegast frå andre halvdel av 1200-talet (Mørck, 2016:2). Døme a1 og a2 under viser korleis dei mediopassive verbformene ser ut med det eldre systemet, døme a3 og a4 korleis dei ser ut med systemet som blei vanlegare utover 1200-talet, eksemplifisert med verbet *kalla*.

(a)

1. *ek køllumk* 'eg kallast'
2. *hon kallask* 'ho kallast'
3. *ek kollumst* 'eg kallast'
4. *hon kallast* 'ho kallast'

Dersom eg skulle ha samanlikna dei mediopassive verba i mitt materiale med a1 og a2, ville eg ha enda opp med uforholdsmessig mange avvik i datasettet mitt. Alle dei mediopassive verba mine endar nemleg på *-st* eller *-s*. Sistnemnde den austnordiske varianten av suffikset; allereie i dei eldste austnordiske kjeldene er *-sk* og *-mk* redusert til *-s* (Frederiksen, 2016:45). I mitt materiale er det berre eitt døme på fleirtalsbøying i mediopassiv, *kendo*_{Spret./3.pers./flt.} ‘kjentest’, frå diplom [B6](#), men eintalsformene opptreer hyppigare.

2.1.2 Endringar i gammalnorsken

Ottosson (2003:120–134) trekker fram fleire tidlege endringar i verbformverket frå norrønt. Mange av desse endringane kategoriserer han som lån av former frå 3. person til 1. person. Først får presens 1. person eintal konjunktiv same ending som 3. person (*kalla* > *kalli*). 2. person held på den særskilte forma *si*, så presens eintal konjunktiv går altså frå å ha tre særskilte former til å ha to: *kalli* og *kallir*. I preteritum eintal konjunktiv skjer det same: Former med *-i* kjem inn i 1. person frå 3. person. Ei liknande utvikling skjer i preteritum eintal indikativ av dei svake verba, slik at både 1. person og 3. person endar med *-i*: *ek kallaða* > *ek kallaði*. I presens eintal indikativ kjem endinga *-r*, felles for 2. og 3. person, inn i 1. person: *ek kalla* > *ek kallar*, *ek býð* > *ek býð(e)r*.

Med dei nemnde endringane blir persondistinksjonen redusert i konjunktiv og fullstendig borte i presens eintal indikativ. I preteritum eintal indikativ av dei svake verba er det berre 2. person som har distinkte former igjen: *ek/hon/hann kallaði*, *thu kallaðir*. Vel å merka var ikkje dei nemnde utviklingane fullstendig gjennomførte ved utgangen av den gammalnorske perioden. Det skjedde først i mellomnorsk tid. Som vi skal sjå i [2.2](#) nedanfor, heldt dei særskilte endingane for 2. person seg overraskande lenge i visse samanhengar. I fleirtal heldt den tredelte persondistinksjonen seg fram til, og, som vi skal sjå, langt ut i mellomnorsk tid (ibid:134).

Når det gjeld mediopassiv, trekker Ottósson (1992:206) fram former som *kallast* i staden for *kollumst* i 1. person eintal på Island på 1300-talet, og han kategoriserer desse formene som norvagismar. Dei fell gradvis bort etter kvart som den norske innverknaden på Island blir svekt og kjem tilbake som, ifølge Ottósson, sjølvstendige utviklingar i islandsken på 1600-talet. Det er altså mykje som taler for at 1. person eintal mediopassiv fall saman med 2. og 3. person allereie tidleg i norsken. Sjå [6.1.1](#) nedanfor for ein gjennomgang av korleis eg behandlar dei nemnde tidlege samanfalla mellom personane i analysen min.

2.2 Endringar i mellomnorsk tid

Mange endringar går føre seg i mellomnorsk tid, og mange av dei blir ikkje nokolunde allment gjennomført før etter perioden. På den nominale sida kan blant anna nemnast oppløysinga av kasussystemet. Det at det framleis i dag finst arkaiske dialektar med levande dativ illustrerer kor sakte nokre av desse endringane går.

I den vidare framstillinga held eg meg til verbdomenet, som er temaet for denne oppgåva. Innanfor verbmorfologien held mange av endringsprosessane eg nemnde ovanfor fram, etter kvart med den følge at den norske verbmorfologien taper mykje samsvarbøying (kongruens). Ottosson (2003:138) beskriv ei sporadisk bevaring av det gamle formverket i 1. person eintal, men hovudtendensen er dei nye endingane som fell saman med 2. og 3. person. I 2. person forsvinn endinga *-r*, men berre i dei tilfella der den er særmerkt: *thu kallaðir > thu kallaði*. Der endinga var felles med 3. person, i presens indikativ av dei fleste verba, blir *-r* bevart: *ek/han/thu kallar*. Den særskilte endinga *-(s)t* i preteritum 2. person indikativ av dei sterke verba og presens 2. person indikativ av dei preterito-presentiske verba, blei derimot bevart lenger, til utpå 1500-talet (ibid:141). I gammalnorsk var endinga *-t* i dei fleste verb, men *-st* i verb med stammeutlyd på *-t*.

I mitt materiale, frå perioden 1430–1465, finst det for det meste framleis eit skilje mellom 1. og 3. person i fleirtal. 2. person har eg dessverre ingen døme på. Seinare blei det meir samanfall i bøyingskategoriane, og Ottosson (2003:136) skisserer eit system med fullstendig samanfall i personbøyinga, med unntak av sporadisk bevaring av *-(s)t* i 2. person, som er utelaten frå denne framstillinga.

	Svak kasta-klasse	Sterke verb
Presens eintal	kallar	byder
Presens fleirtal	kalla	bjoda
Preteritum eintal	kallade	baud
Preteritum fleirtal	kalladu	budu

Tabell 2. Tabellen er basert på Ottosson (2003:136) si framstillinga av samanfallet i personane i løpet av mellomnorsk tid, lett tilpassa ortografien i mitt tilfang. Eg har utelate markering av lang vokal, sidan det er sjeldsynt i mitt materiale, og grafemet *ð*, som tidleg gjekk ut av bruk.

Framstillinga i tabell 2 ovanfor er idealisert. Endringar i bøyingsystemet skjedde i ulikt tempo ulike stader, og framstillinga viser ikkje mangfaldet i språksamfunnet, men den er ei nyttig generalisering likevel. Det bør òg nemnast endevokalane *-a* og *-u* er reduserte til *-æ* eller *-e* i

store delar av kjeldetilfanget frå perioden, inkludert mine kjelder. Kombinert med at *e* ikkje reint sjeldan blei skriven som *æ*, vil dette seia at samanfallet mellom preteritum eintal og fleirtal av dei svake verba kunne vera fullstendig: *ek/their kalladæ* ‘eg/dei kalla’. I dei sterke verba sørger stammeskifte for mindre grad av samanfall. I denne idealiserte framstillinga ser vi noko som liknar systemet som har overlevd i nokre talemål, som i Hallingdal, Valdres, Setesdal og på Voss til og med våre dagar. Skjekkeland (2005:136) trekker fram formlikskap mellom infinitiv og presens fleirtal som ein av dei moglege grunnane til at fleirtalsbøyinga har overlevd i desse talemåla. I preteritum er det berre dei sterke verba som har fleirtalsformer, og det er stammeskiftet som blir trekt fram som den bevarande faktoren.

	Svak kasta-klasse	Sterke verb
Presens eintal	kasta	bit
Presens fleirtal	kaste	bite
Preteritum eintal	kasta	beit
Preteritum fleirtal	kasta	bito

Tabell 3. Framstilling av systemet i einskilde nolevande, arkaiske dialektar, som skissert av Skjekkeland (2005:136). Berre dei sterke verba har ei særskilt form for preteritum fleirtal; den svake forma fell saman med både preteritum og presens eintal.

Det er likevel ikkje berre reduksjon som pregar den mellomnorske perioden. I mellomnorsk tid oppstår òg nye bøyingsklassar, som nå-klassen til dei svake verba (Enger og Conzett, 2016:261). Dei trekker fram bortfall av *ð* som ein av faktorane bak denne nyskapinga: I gammalnorsk blei utlydande *ð* i verb som *klæða* ‘kle, dekkja’ til *d* i møtet med dentalsuffikset *-ði*: *klæð + -ði = klæddi*. Når så *ð* fell bort frå stamma i slike verb, men preteritumsforma held fram med å vera *klæddi*, blir *-ddi* reanalysert til eit eige suffiks, heller enn stammeutlyd + suffiks, og dette spreier seg analogisk til det som etter kvart blir den nye nå-klassen (ibid).

2.3 Utviklinga i austnordisk

Dialektskilnadane mellom austnordisk og vestnordisk tok til allereie før mellomalderen. Nokre av dialekttrekka som skilde austnordisk frå vestnordisk rundt starten av mellomalderen, var monoftongering av dei fellesnordiske diftongane *-ei*, *øy* og *-au*¹, mindre morfologisk u-omlyd,

¹ Sjå til dømes Felix Marklund si masteroppgåve frå 2018 for ein meir heilskapleg gjennomgang av monoftongeringsprosessane i austnordisk.

mindre grad av i-omlyd i verbbøyinga, endinga *-s* i staden for *-st* i mediopassive verbformer og andre skilnadar i einskilde bøyingsparadigme (Frederiksen, 2019). Til liks med norsken, gjekk også dansken og svensken gjennom store endringar i løpet av mellomalderen, og mykje av utviklinga har likskapstrekk med utviklinga i norsken. Alle språka gjekk frå å vera syntetiske til å bli meir analytiske. I den følgjande framstillinga vektlegg eg verbmorfologien, sidan den er mest relevant for denne oppgåva.

Ved inngangen til den gammaldanske perioden, som i *Dansk sproghistorie* er datert til om lag år 1100–1500, var bøyingsystema i dei tre søsterspråka såpass like at det gir meining å snakka om eit fellesnordisk bøyingsystem (Frederiksen, 2019:41). I løpet av mellomalderen endra språksystemet i dansken seg monaleg. Den særskilte endinga *-æ* (norrønt: *-a* og *-i*) i preteritum 1. person eintal indikativ av dei svake verba hadde gått ut tidlegare, slik at samanfallet i preteritum eintal av dei svake verba var eit faktum ved starten av perioden. Det heitte med andre ord *kastaði* (eller *kastaðe*) i alle personar. Vidare skjedde det same i presens indikativ eintal, slik at fellesforma frå 2. og 3. person frå rundt 1340 blei einerådande også her (ibid:46). Ein gjekk med andre ord frå å skriva *døpæ* ‘døyper’ (norrønt: *deypi*) i presens 1. person eintal til å skriva *døper* i alle personar i presens eintal.

Meir motstandsdyktig var endinga *-t*, som i *tw gafft* ‘du gav’ i preteritum 2. person eintal indikativ av dei sterke verba og presens 2. person eintal indikativ av dei preterito-presentiske verba. I det austnordiske området blei endinga *-st*, frå verba med stammeutlydande *t*, vanleg òg i verb som ikkje hadde *t* i stammeutlyden (Ottosson, 2003:141). Den særskilte endinga *-(s)t* heldt stand til ut på 1500-talet, men med konkurranse frå den felles forma til 1. og 3. person, utan ending, frå om lag år 1400 (Frederiksen, 2016:46). I fleirtal indikativ og konjunktiv blei endinga tidleg ein reduksjonsvokal, ein schwa [ə] som oftast blir gjengitt som *e*, som nok er utvikla av forma frå 3. person fleirtal. Vel å merka skil dei danske språkhistorikarane mellom dansk vest og aust for Øresund, altså dansk i notidas Danmark og dansk i Skåne. Aust for Øresund var det ikkje uvanleg å sjå *-a* heller enn *-e*, og dei særskilte endingane i 1. og 2. person fleirtal heldt seg lenger enn i det som i vår tid er Danmark. I ikkje-skånske kjelder fører reduksjonen i personbøyinga til at det i presens indikativ, preteritum indikativ av dei sterke verba og imperativ berre blir observert numerusbøying, ikkje særskilte personendingar (ibid:47).

Utviklinga i svensk har mykje til felles med utviklinga i den samtidige norsken og dansken. Allereie i fornsvensk var personbøyinga for det meste borte i eintal, med unntak av den nemnde endinga *-(s)t* i preteritum 2. person eintal indikativ av dei sterke verba og presens 2. person eintal indikativ av dei preterito-presentiske verba (Pettersen, 1996:157).

Trevegsdistinksjonen i personbøyinga var derimot framleis bevart i fleirtal, med bøyingane *-om*, *-en* og *-a* i presens og *-om*, *-en* og *-o* i preteritum (ibid). Etter kvart blir *o* svekt til *e* i dei svake verba, som fører til samanfall mellom preteritum 3. person eintal og fleirtal: *han kastadhe* og *dhe kastadho* > *han/dhe kastadhe*.

På 1400-talet reknar Petterson (1996:159) med at personbøyingssystemet, sjølv i fleirtal, allereie var svekt i talemåla, men det held seg overraskande lenge i skrift, om enn med nokre endringar. I 1. person fleirtal oppstår den nye endinga *-e*. Wessén (1951:169) forklarar nyskapinga med vokalreduksjon ved inversjon, som sidan har blitt generalisert til konstruksjonar utan inversjon: *bärom vi* > *bäro vi* > *bäre vi* > *vi bäre*. Etter kvart blir denne fortrent av endinga *-a* frå 3. person. Den særskilte forma for presens 2. person fleirtal *-en* får etter kvart òg konkurranse frå *-a*, og trass 1700-talets forsøk på å gjeninnføra den gamle forma, er det *-a* som blir allment brukt i presens 2. person fleirtal, og i alle andre personar, frå 1800-talet (ibid). I dei meir språkkonservative domena held *-en* seg lenge; den særskilte forma for presens 2. person fleirtal er brukt konsekvent i ein bibel frå 1917 (Petterson, 1996:158). Med andre ord heldt personbøyinga seg monaleg lenger i svensk enn i søsterspråka norsk og dansk, i alle fall i skrift. Numerusbøyinga held seg òg lenge i svensk skrift: På 1930-talet byrja fleire skjønnlitterære forfattarar å bruka eintalsformer for fleirtalssubjekt, på 40-talet byrja dei fleste avisene å gjera det same, og først i 1976 følgde Svenska Akademiens Ordbok etter og innførte eintalsformer i sine utgåver (ibid:162). I dialektane som skriftspråket i Sverige er bygd på, reknar Petterson med at desse formene hadde gått ut allereie på 1700-talet, men dei levde altså vidare i skrift i nesten 200 år til.

Også i svensken og dansken i tida oppstod, til liks med i norsken, ein ny, svak bøyingssklasse for verb med stammeutlyd, med det nye dentalsuffikset *-dd-* på preteritumssteget (Frederiksen, 2019:48; Enger og Conzett, 2016:261; Petterson, 1996:156). Verb med lang vokal i utlyd, som *ná* 'nå', gjekk frå å bli bøygd som andre verb i *dóma*-klassen, til å få kortformene *nár*_{pres.} og *nádde*_{pret.}, som vi kjenner frå dagens norske og svenske skriftspråk. I dansk har desse formene hovudsakleg blitt observert i austdanske kjelder (Frederiksen, 2016), og i moderne dansk skriftspråk er preteritumsforma av *nå* danna med same suffiks som verb frå *kasta*-klassen: *nåede*.

2.4 Svensk, dansk eller norsk?

Som sett ovanfor er det mykje likt og noko ulikt i den generelle utviklinga av norsk, dansk og svensk i mellomalderen. På mange måtar kunne det nok, i alle fall i det skriftspråklege domenet, argumenterast for at vi har å gjera med tre variantar av same språk, heller enn tre ulike språk.

Den diskusjonen tar vi ikkje her, men det er interessant å merka seg at vi i mellomalderdiploma, med si vidgjetne språkblanding, ser konturane av eit fellesnordisk skriftspråk. Som nemnt ovanfor i [1.3.1](#), ser det ut til at det fanst svenske (eller i det minste svenskprega) skrivarmiljø i Bergen i perioden, og det er derfor sannsynleg at vi finn meir svensk enn dansk påverknad i diploma frå Bergen og områda rundt. Sjølv om spørsmålet om graden av austnordisk påverknad ikkje er hovudpoenget i denne oppgåva, er det likevel både relevant og interessant å kunna peika på svesismar og danismar i materialet. Derfor trengst òg nokre kriterium for kva som kjenneteiknar svensk, dansk og norsk i tida.

Magnus Rindal (1997) sin artikkel om svensk og norsk i mellomalderdiplom frå Jämtland og Härjedalen er eit godt utgangspunkt for ei slik klargjering. Der peiker han på fleire trekk som er typisk svenske. Dette gjeld til dømes dativforma *thy* av *that* og preposisjonen *fore* (gammalnorsk *fyrir*). Nokre av kriteria til Rindal er likevel felles for austnordisk: 1. person eintalspronomen med brytning, som *jak* eller *iegh* og monoftongering av *ei*, *ey/øy* og *au* til *e* og *ø* er typisk for både dansk og svensk. Også 1. person fleirtalspronomena *vi(t)* og *ver* har vore rekna som svenske eller danske former. I norske handskrifter blei formene med *v* tidleg erstatta av *mit* og *mer*, på grunn av assimilering. Verbendinga *-um* i 1. person fleirtal møtte framlyds-*v* i *vit* og *ver* i setningskonstruksjonar med etterstilt pronomen, og den resulterande assimileringa spreidde seg så vidare til konstruksjonar utan etterstilt pronomen. Utviklinga kan skisserast slik: *erum vér* > *erum mér* > *mér erum* 'vi er'. Eit anna trekk å halda augo opne for er mediopassive verbformer med *-s* i staden for *-st*. Denne forma er felles for austnordisk (Frederiksen, 2016:45).

Verken monoftongering eller vokalreduksjon åleine er nok til å seia at språkføringa i eit diplom er austnordisk. Sørli (1950:8–14) hevdar at dialekta i Bergen var tidleg ute med både monoftongering av dei gammalnorske diftongane og vokalreduksjon av opphaveleg *-a*. Finn eg både *jak*, *køp*, *ventes* og *vi* i eit diplom frå Bergen, byrjar det derimot å teikna seg eit bilde av høg grad av austnordisk påverknad. Inneheld det same diplommet i tillegg a-infinitiv, er det mykje som talar for svensk, heller enn dansk, påverknad, om ikkje til og med ein svensk skrivar.

Eksplisitt dansk påverknad er noko vanskelegare å avgjera sikkert. Trekk som vokalreduksjon og monoftongering er noko å halda augo opne for, men som nemnt ovanfor er dette trekk som kan ha vore del av bergensdialekta frå tidleg av. Har eit diplom høg grad av vokalreduksjon, monoftongering, *vi* eller *ver* som pronomen i 1. person fleirtal og 1. person eintalspronomen med bryting, gjerne *jegh* heller enn *jak*, verkar dansk, heller enn svensk, påverknad meir sannsynleg. I diplom frå Voss vil det nok vera noko enklare å skilja ut eksplisitt dansk påverknad: Den lokale dialekta har a-mål framleis i dag, så eventuell vokalreduksjon i

diploma frå Voss, saman med andre austnordiske trekk, vil lettare kunna kategoriserast som danismar.

I [6.2](#) nedanfor bruker eg dei nemnde kriteria for å peika på austnordisk, og, som vi skal sjå, hovudsakleg svensk, påverknad på diplomspråket. Eit viktig atterhald å ha med, er at det fanst dialektskilnadar i både dansken, svensken og norsken i perioden. Wessén (1951:108) si behandling av *vi bäre*_{flt.} viser at vokalreduksjon kunne opptre visse kontekstar i svensk òg, og det finst svenske dialektar med e-infinitiv i moderne tid (Pamp, 1978:29–30). Likeleis skriv Frederiksen (2016:47) at austdanske (skånske) former med *-a*, som *wi hawa*_{flt.}, opptre i nokre av dei danskspråklege kjeldene.

Potensialet for dialektskilnadar innanfor det norske språkområdet kan som nemnt gjera det utfordrande å skilja dialektutvikling frå påverknad utanfrå, og ofte kan det nok vera snakk om begge delar (jamfør språkkontaktteoriane i [4.2](#) nedanfor). Å seia skråsikkert at noko er austnordisk eller norsk er altså utfordrande. Å peika på sannsynleg påverknad frå den eine eller andre kanten er derimot gjerande.

2.5 Formlar og struktur i diploma

Utforminga av diploma har blitt nøye skildra av forskarar innanfor diplomatikken. Diplomforskinga opererer med eit varierende sett omgrep for dei ulike delane av diplommet, avhengig av tida og staden diplommet er utferda i; omgrepsapparatet kan tilpassast ei rekke ulike slags diplom. Hamre (2004:26) presenterer følgjande skjema for formelverket i diplomatikken:

1. Protokoll
 - a. *Invocatio* (påkalling av gud)
 - b. *Intitulatio* eller *superscriptio* (namn på brevutferdaren)
 - c. Adresse, *inscriptio*
 - d. *Salutatio*, helsing
2. Tekst
 - a. *Arenga* (allmenn motivasjon for teksten)
 - b. *Promulgatio* (kunngjering)
 - c. *Narratio* (fortel om dei faktiske tilhøva som har ført til at diplommet blei utferda)
 - d. *Dispositio* (inneheld det avgjerande vedtaket)
 - e. *Sanctio* (påbod, forbod, trugsmål om straff, lovnad om lønn)
 - f. *Corroboratio* (stadfestingsformel)

3. Eskatoll

- a. Datering med opplysningar om tid og stad
- b. Subscriptiones (monogram)
- c. Appreciato

I kor stor grad diplommet følger skjemaet, er avhengig av tid, stad og sjanger. I det følgande presenterer eg ein tilpassa struktur som samsvarer betre med kjeldene mine. Diplom på latin, som det blei utferda mange av i Noreg gjennom heile mellomalderen, skil seg ofte strukturelt frå dei norskspråklege, og sidan denne oppgåva ikkje dreier seg om latinsk språk, er slike diplom haldne ute av denne framstillinga. Som følge skriv eg til dømes ikkje noko om invocatio, som er noko uvanleg i norskspråklege handskrifter, med unntak av testament (ibid).

Den vanlege innleiingsformelen i norske diplom i norsk språkdrakt, inkludert alle diploma i mitt kjeldetilfang, er sett saman av inscriptio, eit indirekte objekt i dativ, *ollum monnum theim sem thetta breff sea eda høyra* ‘alle menn som dette brev ser eller høyrer’, eller ein variasjon av denne frasen, etterfølgt av intitlatio, i form av eit subjekt i nominativ, til dømes *mith Brinywlfver Torstensson oc Erik Sigordzsson* ‘vi (to) Brynjulv Torsteinsson og Eirik Sigurdsson’ frå diplom B9 i mitt tilfang. Deretter følger salutatio, i form av eit direkte objekt i akkusativ, som i dei fleste norske mellomalderdiplom er *queðiu guds ok sina* ‘guds og si helsing’, ofte forkorta til *q. g. ok sina*.

Etter formlane i innleiinga kjem sjølve teksten i diplommet. Dei ulike typane arenga, som minneformlar, fyrsteformlar og testamentformlar, er generelt sjeldsynte i gammalnorske diplom, og det same gjeld i høgaste grad mine kjelder. Døma Hamre (2004:45) nemner på arenga i norskspråklege diplom er einskilde kongebrev og bispebrev, og slike finn vi ingen av i mitt tilfang. Kunngjeringsformelen promulgatio er i mine diplom partisippkonstruksjonen *kunnigt gerande*, som oftast fungerer som ein overgang mellom salutatio og dispositio, den rettsskipande handlinga. Typisk for seinmellomalderdiploma er at dispositio blir innleidd med ei at-setning som *at æk hafer saldh beskeden manne Knvt Thoraldson jærd myne* ‘at eg har seld den beskjedne mannen Knut Toraldsson mi jord’ i diplom V2. Dei fleste diploma i mitt kjeldetilfang manglar narratio, utgreiinga om bakgrunnen for brevutferdinga. Diplom som handlar om kjøp og sal av eigedom har ofte ein særskilt lang dispositio med oppramsing av delane og rettane som følger med den aktuelle eigedommen (Hamre, 2004:52). Diplom V5 inneheld likevel eit slikt ledd (narratio). I diplommet nektar Peter Håvardsson å stadfesta mora, Gjertrud Jakobsdotter, sitt sal av eit jordstykke på Voss, og diplommet refererer direkte til diplom V4, som omhandlar det opphævelege eigedomssalet. Det er få tilfelle av sanctio i mine kjelder,

og hovuddelen av diploma blir oftast avslutta med corroboratio, leddet der ein stadfestar rettshandlinga i diplommet. I seinmellomalderdiploma er det vanlegaste variasjonar av formelen *til sannenda herom* ‘til sanning om dette’, etterfølgt av at utferdarane set innseglet sitt på diplommet. Avslutninga, eskatollen, inneheld i alle mine kjelder berre datering, innleidd av (*thetta bref*) *sem giort var*.

2.6 Kven sitt språk finn ein i diploma?

Det er sjeldan at namnet på skrivaren er spesifisert i diploma. På grunn av at prestar og kyrkjetenestemenn utgjorde brorparten av den skriveføre folkesetnaden, har det vore vanleg å anta at dersom ein prest står blant utferdarane i eit diplom, er det òg han som har skrive det (Berg mfl., 2018:166). I andre tilfelle er det ikkje like lett å peika ut ein skrivar blant utferdarane. Utferdarar i alle samfunnslag kunne nemleg la andre skriva dokumenta for dei, og skrivarane tok med seg si eiga rettskriving uavhengig av kven dei skreiv for. Dette kan gjera det problematisk å skilja mellom sosiale stender, spesielt sidan det kunne vera prestar på skrivarsida uavhengig av standen til utferdaren.

Sosiale undersøkingar med basis i diploma er likevel moglege. Rindal (1989:137) skriv at det kan påvisast ein samanheng mellom språkleg variasjon og utferdarmiljø. Mørck (1999:271) anerkjenner dei potensielle problema, men viser til at mellomalderskrivarar ofte blei påverka av andre kjelder, både skriftlege og munnlege. Altså kan talemålet til hen som dikterte diplommet skina gjennom i teksten. I den same artikkelen viser Mørck at språktrekka han vel seg ut fordeler seg ulikt i ulike sosiale stender, noko som bygger opp under at norske mellomalderdiplom kan høva til sosiolingvistisk forskning. Om denne variasjonen er eit skriftfenomen eller om den viser til talemålet er ikkje lett å seia, men for mi undersøking er også sjølve skriftkulturen og praksisen rundt denne interessant.

3. Forskingsoversyn

I det følgende gir eg eit oversyn over forskinga på mellomnorsk, utviklinga av verbmorfologien etter det gammalnorske språksteget og på språkkontakten mellom tysk og norsk. Dette oversynet er på ingen måte komplett; det vil alltid vera nokon som ikkje er nemnd i eit slikt utval. Nokre forskarar blir nemnt kort i det generelle oversynet i 3.1 under, medan andre, som synest særskilt relevante for mitt prosjekt, får meir plass seinare i kapittelet.

3.1 Eit generelt oversyn

Blant dei som har skrive om bruk av diplom som kjelder er Finn Hødnebo. I ein artikkel frå 1971 tar han føre seg bruken av diplom som kjelder i norsk språkhistorie. Hødnebo er innom både særstillinga diplommaterialet har i norsk språkhistorie samanlikna med i dei austnordiske søsterspråka, utfordringar knytt til å finna ut kven som har skrive det enkelte diplom og innverknaden frå svensk og dansk i diplomspråket. Sistnemnde kallar han eit «forstyrrende element» for forskning på norsk språk i diploma.

Når det gjeld språket på Vestlandet i mellomnorsk tid, står Egil Pettersen i ei særstilling. Det fyldige verket hans, *Språkbryting i Vest-Norge 1450–1550*, kom ut i to bind, eitt i 1975, som tok føre seg språket i handskrifter frå regionen med særskilt fokus på fonologien, medan bind 2 frå 1991 vektlegg morfologien og dei syntaktiske tilhøva som verkar inn på den. Av forskingsarbeid som omhandlar forholdet mellom skrift og tale i den same perioden kan Per Nyquist Grøtvedt sine arbeid frå høvesvis 1954 og 1970 nemnast.

Nokre nyare forskingsprosjekt med mellomnorsk som studieobjekt er til dømes Åse Wetås si doktoravhandling *Kasusbortfallet i mellomnorsk : ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale* (2008), som undersøker diplom frå Vest-Telemark på 1400-talet, og Kari Kinn si masteroppgåve om formelle subjekt i eit diakront perspektiv frå 2010, der Kinn tar føre seg materiale frå Voss, Øvre Vest-Telemark, Toten og Bergen, frå 1450 til slutten av 1500-talet.

3.2 Samsvarsbøying av verb: Ottosson (2003) og Indrebø (1924)

To tidlegare forskingsarbeid ligg særleg nært mitt prosjekt, gjennom at det nettopp er utviklinga av samsvarsbøyinga i verbmorfologien dei dreier seg om, nemleg Gustav Indrebø (1924) og Kjartan Ottosson (2003). I *Litt um burtfallet av fleirtal i verbalbøygjingi i norsk* (1924) skisserer Indrebø utviklinga av numerusbøyinga i verba i sein gammalnorsk og i mellomnorsk tid. Han trekker fram ein del syntaktiske kontekstar som var særskilt utsette for eintalsbøying

av verb som stod til fleirtalsledd, og nokre fonologiske tilhøve som bidrog til samanfall mellom eintal og fleirtal. Nokre syntaktiske kontekstar som tidleg kunne føra til eintalsform for fleirtalsledd er nemnde i [6.1.2](#) nedanfor. Artikkelen er elles meir på den empiriske sida enn den teoretiske, og Indrebø bruker flust med døme frå perioden for å illustrera utviklinga.

Artikkelen *Utviklinga av person- og numerusbøyinga av verb i gammalnorsk og mellomnorsk* (Ottosson, 2003) bygger vidare på arbeida til blant andre Indrebø. Ottosson freistar setja endringane i verbbøyinga inn i eit teoretisk rammeverk frå den naturlege morfologien, spesifikt Wurzel (1984) sine teoriar om systemdefinerande struktureigenskapar. Ein styrke med undersøkinga til Ottosson er det store kjeldetilfanget han bruker, som strekker seg frå tidleg 1200-tal til 1525. Frå gammalnorsk tid bruker han både sogelitteratur og diplom, medan kjeldene frå mellomnorsk tid i all hovudsak er diplom, der dei mest svensk- og danskprega er utelatne. I tillegg til å basera seg på Grøtvedt (1970) sitt arbeid om diplom frå Vestfold, gjennomfører Ottosson ei eiga undersøking av alle bevarte diplom frå Voss, Toten og Øvre Vest-Telemark. Mykje av det Ottosson kjem fram til om utviklinga i verbmorfologien er dekt i [2.2](#) ovanfor.

3.3 Endre Mørck

Blant forskarane i dag, er nok Endre Mørck den som har forska mest på det mellomnorske språksteget. Spesielt syntaksen har stått sentralt i forskarkarrieren til Mørck, med verk som *Leddstillinga i mellomnorske heilsetningar* (2011). I tillegg står han bak kapitla om mellomnorsk i fleire større verk, blant andre *Norsk språkhistorie IV: Tidslinjer* (Nesse, 2018) og *Handbok i norrøn filologi* (Haugen, 2013).

Spesielt relevant for mi undersøking er artikkelen *Sociolinguistic studies on the basis of medieval Norwegian charters* (1999). For å undersøka om mellomalderdiploma, trass einssilde metodiske utfordringar, også høver til forskning innanfor sosiolingvistikken, gjennomførte Mørck sine eigne sosiolingvistiske undersøkingar. I ei undersøking av passiv i mellomnorsk bruker han eit stort korpus av diplom, 5569 stykk, frå perioden 1350–1524. Han opererer med ei åttedelt sosial stratifisering: kongelege, høgare geistlege, lågare geistlege, høgare funksjonærar, lågare funksjonærar, lagmenn, borgarar og bønder. Funna hans viser tydeleg sosial variasjon; breva og diploma frå høgare geistlege og kongelege har mest bruk av passiv, både perifrastisk passiv med hjelpeverb og fraseintern passiv med suffiks (Mørck, 1999:276).

Ei anna undersøking av 375 diplom frå 1375–1499 dreidde seg om ordstilling. Også her avdekte han sosial variasjon: Blant dei lågare samfunnslaga var ordstilling med verbet først (V1) vanlegare enn hos dei høgare samfunnslaga, som hadde større grad av V2, slik vi òg har i

moderne norsk (Mørck, 1999:278). Når variasjonen i diploma dannar mønster etter sosial stand, tyder det på at diploma er brukande for sosiolingvistisk forskning.

3.4 Språkkontakt mellom norsk og tysk

Doktoravhandlinga til Agnete Nesse (2002), *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*, er særleg relevant for mi undersøking. I tillegg til at språkkontaktsituasjonen i Bergen i mellomalderen er del av bakteppet òg for mi undersøking, er noko av det teoretiske grunnlaget felles: Historisk sosiolingvistikk er del av rammene i begge tilfelle. I avhandlinga analyserer Nesse fem dialekttrekk i Bergensk ut ifrå ein hypotese om at dei er utvikla gjennom språkkontakt mellom norsk og lågtysk. Språktrekka det gjeld er *sin*-genitiv, genussamanfall, etterhengt bestemt artikkel på eigennamn, endinga *-et* i preteritum av verb i kasta-klassen og infinitivsmerket *te*. Felles for alle desse dialekttrekka er at Nesse konkluderer med at språkkontakten mellom norsk og tysk har spelt ei vesentleg rolle i utviklinga av dei, sjølv om prosessane som har ført til det enkelte dialekttrekket ikkje alltid er heilt dei same.

Forsking på kontakten mellom norsk og tysk går likevel lenger tilbake enn avhandlinga til Nesse. Jahr (1995:10) peiker på at mykje av den tidlege forskinga på denne kontakten var avgrensa til kartlegging av lånord og at det junggrammatiske utgangspunktet til mange av desse tidlege forskarane kom i vegen for forsking på endringar, som følge av kontakt, i sjølve språkssystemet. I artikkelen beveger Jahr seg vidare frå denne forskingstradisjonen og trekker blant anna inn moderne teoriar om språkkontakt, som Trudgill (1986), og han tar opp spørsmålet om dialektkontakt versus språkkontakt. Også Braunmüller (1995) har forska på kontakten mellom lågtysk og dei skandinaviske språka, og han kom, til liks med Nesse, fram til at tyskarane og nordmennene hadde ei gjensidig forståing av kvarandre sine språk, det han kalla *semikommunikasjon* og Nesse kalla *passiv tospråklegheit*.

4. Teoretisk rammeverk

For å analysere variasjon og endring i verbmorfologien, har eg valt meg to overordna tilnærmingar: sociolingvistikk og morfologi. Når eg har valt dei teoriane eg har valt, er det fordi dei, til liks med forskingsspørsmåla mine i 1.1 ovanfor, svarer til to ulike perspektiv: det utanomspråklege og det indrespråklege. Tanken er at samhandlinga mellom desse ulike perspektiva og teoriane skal bidra til betre forståing av prosessane rundt variasjon og endring i bøyingsystemet, enn om eg berre hadde brukt eitt perspektiv eller teoretisk rammeverk. På den sociolingvistiske sida er det fagområdet historisk sociolingvistikk som dannar ramma for undersøkinga mi, i tillegg til teori om språkkontakt. Når det gjeld morfologisk teori, kjem eg hovudsakleg til å bruka Wurzel (1984) sin teori om morfologisk naturlegdom, for å undersøka om det nettopp er noko i sjølve bøyingsystemet som legg føringane for endring og variasjon.

4.1 Historisk sociolingvistikk

I skjæringspunkta mellom sociolingvistikk, språkhistorie, sosialhistorie og lingvistikk ligg den historiske sociolingvistikken. Medan sociolingvistikken ser på variasjon som kan føra til endringar i språkbruken, kan ein innanfor historisk sociolingvistikk sjå resultata av slike endringar (Nesse, 2020:2). Heller enn å studera endring i seg sjølv, set historiske sociolingvistar språkendringar i samanheng med språkleg variasjon i tidlegare tider. Sagt med Roberge (2006:2308): «Variation depends on the factors that obtain from the cultural and social setting, and change originates in variation.» Når eg i mi undersøking fordeler diploma mine ut ifrå sosial stratifisering, er det nettopp for å sjå om nokre grupper har høgare grad av avvik i samsvarsbøyinga av verba. I så fall kan desse innovatørane ha spelt ei viktig rolle i utviklinga som skulle gjera norsk til eit språk som, med unntak av nokre få arkaiske dialektar, ikkje har verken person- eller numerusbøying av verb.

4.1.1 Mellomalderkjelder: utfordringar og moglegheiter

Sociolingvistiske undersøkingar basert på mellomalderdiplom inneber einskilte utfordringar. Blant anna gjeld dette uvissa rundt *kven* sitt språk vi undersøker, som nemnt i [2.6](#) ovanfor. Er utferdarane, eventuelt ein av utferdarane, dersom det er fleire, også skrivaren bak diplommet? Har hen diktert diplommet til ein annan, oftast anonym, skrivar? Dette veit vi ikkje sikkert. Ideelt sett ville ein kunna utført nøye paleografiske og språkvitskaplege undersøkingar for å avdekka kven som har skrive kvart enkelt diplom, eller i det minste om fleire diplom med ulike

avsendarar er skrivne av same person. Paleografiske undersøkingar er dessverre utanfor rammene til denne oppgåva.

Språklege nyvinningar blir ofte sett i samanheng med munnleg språkbruk, og blir gjerne først seinare observerte i skrift. Skriftspråket på si side, er gjerne fjerna frå den sosiale konteksten som talespråksproduksjon går føre seg i. Dette har ført til at mange sosiolingvistar føretrekker talenære sjantrar over tradisjonelle skriftsjantrar (Vázquez og Marqués-Aguado, 2012:124). Når det gjeld språket i mellomalderen har vi likevel ikkje noko anna val enn å bruka dei kjeldene vi har, og dei er skriftlege. Kjeldesituasjonen representerer likevel ikkje berre utfordringar, men også moglegheiter, som Vázquez og Marqués-Aguado (2012:125) trekker fram her:

The surviving texts represent genuine communication at a certain stage of the language we are examining. They are as precious for historical linguists as small fossils preserved in amber for biologists, since they allow us to examine the language exactly as it was at a particular stage of its development.

Forsking på mellomalderkjelder unngår òg det velkjende *observatørparadokset* (ibid). Forskaren kan trass alt ikkje manipulera data som står svart på (meir eller mindre) kvitt og som har gjort det i hundrevis av år.

Når det gjeld norske forhold, er det vanleg å anta at geistlege har skrive dei fleste diploma (Berg mfl., 2018:166). Likevel har forskarar peikt på samanhengen mellom språkleg variasjon og ulike utferdarmiljø (Rindal, 1989:137) og at språk frå andre kjelder, både skriftlege og munnlege, kan påverka språkbrukssituasjonen (Mørck, 1999:271). Sidan Mørck finn sosial variasjon mellom utferdarar av ulike stender i si undersøking av passivbruk i mellomnorsk, er det mykje som tyder på at sosiolingvistiske undersøkingar med basis i norske mellomalderdiplom er moglege å utføra.

4.2 Språkkontakt

Når to eller fleire språk eller dialektar møtest, kan språkendingar oppstå. Slike språkendingar kan gå føre seg på personnivå, som når ein stril flyttar til Bergen og, bevisst eller ubevisst, legg om dialekta si, eller dei kan gå føre seg på større skala, som når storstilt tilflytting utanfrå etter kvart endar opp med å endra den opphavslege dialekta på ein stad. I perioden mi undersøking finn seg i er det vanleg å trekka fram språkkontakten mellom tysk og norsk i Bergen, slik eg òg

gjer i denne oppgåva. I tillegg, sidan eg opererer med skriftlege kjelder, er det relevant å trekka fram ein annan type språkkontakt: kontakten mellom norsk og andre (skriftspråks-)varietetar, som svensk og dansk.

4.1.2 Trudgill om språkkontakt

Trudgill (1986) sin modell for språkkontakt er hovudsakleg utforma med tanke på koinéar. Skiljet mellom dialektkontakt og språkkontakt er sentralt i denne tidlege modellen. I *'Norwegian as a normal language' and other studies in Scandinavian linguistics* (2018:53) har Trudgill endra synet sitt på språkkontakt versus dialektkontakt noko: Han skil ikkje lenger skarpt mellom språkkontakt og dialektkontakt, men opererer med eit meir flytande kontinuum med ulike grader av gjensidig forståing. Som nemnt i [1.3.1](#) ovanfor var bergensarane og tyskarane i Bergen i seinmellomalderen passivt tospråklege (Nesse, 2002:137). Tyskarane snakka lågtysk og bergensarane snakka norsk, men dei forstod kvarandre likevel. Det er velkjent at det lågtyske språket etter kvart hadde stor påverknad på den bergenske dialekta, noko funna frå avhandlinga til Nesse (2002) stadfestar. Med bakgrunn i denne langvarige språkkontaktsituasjonen verkar modellane til Trudgill (1986:95-100) om språkleg *utjamning* (engelsk: *levelling*) og *forenkling* (engelsk: *simplification*) brukbare for å beskriva språkutviklingane som gjekk føre seg i Bergen som følge av språkkontakten.

Språkleg *utjamning* handlar om at former som er mindre utbreidde blir erstatta av former som blir brukte av fleire. I utjammingsperspektivet er det det relative brukartalet som avgjer kva former som vinn fram i språkkontaktsituasjonen. Grammatisk forenkling inneber at språkkontakten gjer språktrekk enklare enn i tidlegare stadium av dei aktuelle varietetane. Trudgill (2018:28) beskriv tre fenomen som fell inn under omgrepet forenkling:

1. Uregelrette former blir meir regelrette
2. Ein auke i leksikalsk og morfologisk gjennomsynlegheit (Trudgill nemner at former som *augelege* blir meir utbreidde, på kostnad av former som *optikar*)
3. Tap av redundans (unødvendige grammatiske kategoriar og gjentakning av informasjon)

Sjølv om det høver seg å skilja mellom desse to omgrepa, kan også utjamning og forenkling verka saman. Neteland (2013:87) meiner at kontaktvarietetane i Odda og Mo i Rana er resultat av både utjamning mellom dialektane som kom i kontakt på desse to industristadene, i tillegg til ein forenklingsprosess. Utfallet av forenklinga kjem an på av kva dialektar som kom i

kontakt; både Odda og Mo i Rana fekk forenkla former som resultat av dialektkontakten, men det varierer frå stad til stad kva slags former som har vunne fram. Det er rett nok forskjellar mellom dialektkontakt mellom ulike norske varietetar på industristader i Noreg og språkkontakten mellom lågtysk og norsk i mellomalder-Bergen. Den gjensidige forståinga mellom tyskarane og bergensarane, i tillegg til det vi no veit om lågtysk påverknad på dialekta i Bergen, gjer likevel utjamning og forenkling til gode omgrep for å forklara kvifor språkendingar går fortare i Bergen enn på Voss – viss det er dette eg kjem fram til i min studie.

4.1.3 Språkpotten

Randi Neteland (2013:84) presenterer i sin artikkel om industritalemål og dialektending eit omgrep ho kallar *språkpotten*, ei omsetjing til norsk av Mufwene (2001) sitt *feature pool*-omgrep. Omgrepet er eit godt supplement til omgrepa *utjamning* og *forenkling* ovanfor. Språkpotten beskriv korleis nye varietetar som blir til via språkkontakt, blir danna med utgangspunkt i ein pott av språktrekka dei ulike individa på den aktuelle staden bruker. I botn ligg språkpotten til innbyggjarane som budde på staden før den store tilflyttinga tok til. Når det gjeld koinéforming på industristader, trekker Neteland fram at både språkpotten som fanst på staden før industrien kom og den nye språkpotten som blei danna med den seinare industrialiseringa og tilflyttinga, er nødvendige å undersøka når ein forskar på den aktuelle dialekta i dag.

Sjølv om Neteland bruker språkpottomgrepet for å beskriva korleis kontaktvarietetane på industristader har utvikla seg, meiner eg at språkpotten høver godt til å forklara nokre av formvala i mitt materiale. To språkkontaktsituasjonar gjekk føre seg på stadene eg undersøker innanfor den aktuelle perioden. Språkkontakten mellom tysk og norsk i Bergen er allereie nemnt ovanfor, men ein anna kontakt av meir skriftleg natur gjekk nok føre seg både i Bergen og på Voss: kontakten mellom norsk og dei austnordiske søsterspråka. Enten skivarane bak diploma mine sjølv var svenske eller danske, hadde fått si skriveopplæring i utlandet eller av andre grunnar var påverka av nabospråka, er det i alle fall klart at tilfanget mitt inneheld mange former som synest å vera av austnordisk opphav. Vi kan sjå føre oss at språkpotten mine mellomalderskrivarar hadde tilgjengeleg inneheldt både norske og austnordiske, kanskje også tyske, former. Viss dei mest brukte formene i potten er dei som vinn fram, vil vi kunna venta at former som er felles for austnordisk og den lokale varietetten, eller i alle fall varietetten til hen som dikterte diplomteksten til skrivaren, er dei formene som vinn fram i den endelege teksten. Slik sett kan språkpotten vera brukande for å tydeleggjera kva slags språkkontakt det er vi har med å gjera i dei ulike diploma.

4.2 Naturleg morfologi

Fagfeltet naturleg morfologi sprang opphaveleg ut av den naturlege fonologien, og utover 80-talet markerte teoretikarar som Wurzel, Mayerthaler, Dressler og Bybee seg innanfor denne retninga. Sentralt i den naturlege fonologien er tanken om at fonologiske prosessar må grunnjevast naturleg, til dømes i fysiologien. Tilhengarane av naturleg morfologi tenker på same måte om morfologi (Lie, 1986:7). Mayerthaler (1981, gjengitt av Lie (1986)) meiner at morfologiske prosessar eller system er naturlege viss dei:

- a) er utbreidde
- b) blir tileigna tidleg (hos barn)
- c) er forholdsvis motstandsdyktige mot språkendingar

I det følgjande presenterer eg først nokre sentrale omgrep, før eg presenterer eit naturleg morfologisk rammeverk som har blitt brukt for å analysere utviklinga av verbmorfologien både i mellomnorsk (Ottosson, 2003) og islandsk (Ottosson, 1992).

4.2.1 Paradigme, markertheit og naturlegdom

Ottosson (2003:113) trekker fram organiseringa av bøyingsparadigme som ein inngangsport til å fanga opp slektskapet til dei ulike bøyingsformene til eit verb. Til dømes står presensformene for seg og preteritumsformene for seg, medan kategorien numerus er overordna person (sjå tabell 1 i delkapittel [2.1.1](#) for fleire detaljar). Den paradigmatiske framstillinga er likevel ufullkommen, og Ottosson peiker blant anna på at ikkje berre semantisk slektskap, men også lydleg likskap, kan ha innverknad på korleis paradigma blir sette opp. Han trekker vidare fram konseptet *markertheit* som viktig for organiseringa av bøyingsparadigma. Den verdien som er minst informativ eller spesifikk, eller den som er mest brukt, blir gjerne rekna som den minst markerte. I personkategorien er dette, ifølge Ottosson, 3. person, medan det i numeruskategorien er eintal.

Relatert til *markertheit* er omgrepet *ikonisitet*, tanken om at det semantiske innhaldet blir avspegla i det morfologiske lydlege uttrykket (Ottosson, 2003:114). Bøyingsformene med nærast semantisk slektskap liknar mest på kvarandre; Ottosson trekker fram at alle fortidsformene liknar meir på kvarandre enn alle fleirtalsformene. I tillegg skal den semantisk umarkerte kategorien oftast ha den kortaste bøyingssekspONENTEN. I gammalnorsk er dette rett nok ikkje tilfellet i eintal, der det er 1. person som har den kortaste bøyingsforma (*ek kasta, hon*

kastar), men det ser ut til å gjelda for fleirtal, der det er den umarkerte 3. personen som har kortast form (*þeir kasta, mer kastom*).

Når det gjeld naturlegdomen til numerus versus person, peiker Ottosson på forholdet mellom eintal og fleirtal i dei ulike personane. Berre 3. person har eit enkelt forhold mellom dei to numeriane, i og med at eintal viser til ein som ikkje er deltakar i ytringssituasjonen, medan fleirtal viser til fleire som ikkje er deltakarar i ytringssituasjonen. Når det gjeld 1. person er forholdet noko skeivare, ettersom 1. person fleirtal ofte viser til ein som uttalar seg på vegner av fleire tilhøyrarar. 2. person fleirtal kan visa til fleire enn ein tilhøyrar, ein eller fleire tilhøyrarar eller ein eller fleire tilhøyrarar pluss ein eller fleire ikkje-deltakakarar (ibid:114). Berre 3. person viser alltid til nokon eller noko som ikkje er deltakar i ytringssituasjonen; 1. person kan ha innslag av 2. eller 3. person i fleirtal, medan 2. person kan ha innslag av 3. person. Denne asymmetrien tar Ottosson til inntekt for at eit system med numerusdistinksjon er meir naturleg enn eit system med berre persondistinksjon.

4.2.2 Systemdefinerande struktureigenskapar

I *Flexionsmorphologie und Natürlichkeit* (1984) presenterer Wolfgang Ulrich Wurzel sin modell for endringar i bøyingsystem. Hå Wurzel står ålmann språkleg naturlegdom noko mindre sentralt enn dei ulike tilhøva som gjeld for ulike språk; det som i størst grad påverkar eit gitt språk er ifølge Wurzel dei systemdefinerande struktureigenskapane i det aktuelle språket. Det som er naturleg for eitt språk, er ikkje nødvendigvis naturleg for eit anna. Ved naturleg språkending blir dei systemdefinerande struktureigenskapane meir gjennomførte, og avvik frå systemet forsvinn. Ottosson (2003:115) set opp dei følgjande systemdefinerande struktureigenskapane for den gammalnorske verbbøyinga:

1. Rekkefølga for bøyingssekspontar:

{stamme} ({tempus}) ({modus}){person/numerus} ({diatese})

kalla-ð-i-m-sk

2. Kumulering:

Person med numerus (t.d. at *m* står for både 1. person og fleirtal)

3. Ekspostenstypar for bøyingskategoriar:

• tempus: suffiks (stammemodifisering i sterke verb og ja-verb)

kalla-ði, bauð, tal-ði

• modus: suffiks (med stammemodifisering i preteritum)

kalla-ð-i-m, byð-i-m

- numerus: suffiks kumulativt med person
- person: suffiks kumulativt med numerus
- diatase: suffiks

4. Nulleksponentar for semantisk umarkert medlem:

- tempus, modus, diatase

5. Synkretisme:

- trevegsdistinksjon mellom personane i eintal konjunktiv og eintal indikativ preteritum av dei svake verba
- tovegsdistinksjon mellom personane i presens indikativ
- tovegsdistinksjon i preteritum indikativ av dei sterke verba

Med bakgrunn i Wurzel sine teoriar om språkleg naturlegdom og dei systemdefinerande struktureigenskapane i språket, ventar eg at systemendringane frå gammalnorsk til mellomnorsk er endringar som gjer desse eigenskapane meir gjennomførte og som fjernar avvik og gjer systemet meir regelmessig.

5. Metode og framgangsmåtar

5.1 Innleiing

Den norrøne litteraturen har i mykje av den tidlegare forskinga stått fram som ei litterær stordomstid, med rik lyrikk og epikk. Frå mellomnorsk tid har vi òg eit vell av skriftlege kjelder, men av ein ganske annan karakter enn dei tidlegare kjeldene. Diploma frå denne perioden blei lenge sett på som mindreverdige kjelder, men dette synet har sidan blitt nyansert, jamfør Hødnebo (1971). I dette kapittelet gjer eg først greie for kjeldetilfanget mitt. Deretter går eg vidare til avgrensing av datamaterialet og innsamling av data, før eg avslutningsvis beskriv metodiske framgangsmåtar og utfordringar.

5.2 Kjeldetilfang

Primærkjeldene våre til mellomnorsk språk er den store mengda bevarte diplom frå perioden. Andre kjelder frå denne tida inkluderer til dømes omsetjingar og kopiar av eldre tekstar. Diplom er eit samleomgrep for alt frå brev til ulike typar rettsdokument og dokument som gjeld handel, som er handskrivne på pergament eller papir. Diploma har ofte fast form og blir innleia og avslutta med faste formlar. På grunn av den faste forma blir den språklege variasjonen i diploma svært tydeleg. Om slike avvik dannar mønster, kan dei brukast til å syna språkleg variasjon på tvers av ulike variablar. I denne oppgåva opererer eg, som nemnt ovanfor i [1.1](#), med ein geografisk og ein sosial variabel, kvar med to variantar: Bergen/Voss og geistleg/ikkje-geistleg. I tillegg kjem den reint morfologiske undersøkinga, der eg ser på variasjon innanfor ulike bøyingskategoriar og bøyingsklassar.

5.2.1 Diplomatarium Norvegicum

Dei fleste av diploma som er relevante for studiet av mellomnorsk språk, er samla i *Diplomatarium Norvegicum* (DN), eit 23 binds verk som inneheld diplom frå perioden 1050-1590. Første bind kom ut i 1847, medan det hittil siste bindet kom ut i 2011 (Sandvik, 2023). Diplomatariet inneheld rundt 20 000 dokument. Diploma er skrivne på ulike språk: I tillegg til ulike stadium av norsk, svensk og dansk, førekjem også latin og ulike stadium av nedertysk og høgtysk i tilfanget. Med *Dokumentasjonsprosjektet* (www.dokpro.uio.no), eit digitaliseringsprosjekt i regi av Universitetet i Oslo som tok til på 90-talet, kom òg ein søkbar nettversjon av diplomatariet til, komplett med annotasjonar for årstal og stad for alle diploma. Eg har brukt den søkbare nettversjonen, som både oppslagsverk for å finna fram til relevante

diplom og som sjølvstendig kjelde til informasjonen om *Diplomatarium Norvegicum* ovanfor. Den kan finnast på lenka https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html.

5.2.2 Val av kjelder

Den opphavelige planen var å bruka DN som kjelde og henta dataa mine derfrå. Føresetnaden for å kunna gjera dette var at diploma var godt nok transkriberte. For mine føremål var det blant anna svært viktig at utfylling av forkortingar i primærkjeldene var tydeleg markert; denne oppgåva er ikkje eit studium av kva former moderne transkriptørar vel, men eit studium av mellomnorsk språk. Eg må kunna vita med visse om det som står i den transkriberte versjonen er det same som står i det opphavelige mellomalderdiplomet, og det blei tidleg i arbeidet tydeleg at brorparten av DN ikkje oppfylte mine krav til transkripsjon. I dei aller nyaste binda er utfylling markert med kursiv, men dette gjeld ikkje størstedelen av den store kjeldesamlinga. Dermed måtte eg gå annleis til verks.

Trass at transkriberinga av diploma viste seg å vera mangelfull, høvde diplomatariet godt som oppslagsverk. Søkemotoren i nettversjonen til *Dokumentasjonsprosjektet* var noko mangelfull når det gjaldt å søka på ulike stader, men fungerte godt til søk etter årstal. Eg søkte opp diplom frå tidsrommet 1440–1460 og brukte kommandoen «Ctrl + F», som gjer at du kan søka på heile sida, og fann fram til diploma frå Bergen og Voss. Eg skilde ut dei som av ulike grunnar ikkje var relevante for mitt kjeldetilfang, til dømes diplom på latin eller nedertysk, og sette saman ei liste over kjeldene mine. Lista enda opp med å bestå av 37 diplom, 25 frå Bergen og 12 frå Voss. Desse fargekoda eg: grønt for diplom som eg var sikker på at eg skulle bruka, gult for diplom eg av ulike grunnar var usikker på og raudt for diplom som eg var rimeleg sikker på at eg ikkje skulle bruka. I den gule kategorien hamna blant anna diplom som ligg i arkiv i andre land, og som eg ikkje visste om eg kunne få tilgang til, eller som eg var usikker på om det fanst bilde av på nett. Mange av diploma i den gule kategorien fann likevel vegen inn i mitt kjeldetilfang, takk vere at det finst digitaliserte fotografi av dei.

I den raude kategorien plasserte eg til dømes diplom som av ein eller annan grunn ikkje syntest å representera språksamfunna i Bergen og på Voss. Her enda blant anna brev frå kongen i Danmark, dokument frå biskopen i Nidaros som var skrivne i Bergen og diplom frå Munkeliv kloster. Klosteret var frå 1426 vigd til den svenske birgittinarordenen, og språkføringa til birgittinarane har av einkilde forskarar blitt beskriven som eit blandingspråk med mykje svensk påverknad (Hødnebo, 1971:148). Svensk påverknad i seg sjølv er ikkje grunn til å sortera vekk enkeltdiplom, men når nonneordenen i tillegg er av svensk opphav, og samtidig har høgare førekomst av svenske former, kan skrivarmiljøet på Munkeliv seiast å representera

ein svensk skriftkultur, eller i alle fall eit skrivarmiljø som er svenskare enn den generelle bergenske skriftkulturen i perioden. Graden av svensk i desse breva vil kunna skapa ein skeivskap i materialet mitt, så desse diploma er fjerna.

Etter å ha reinska ut diploma som var uønskte i mitt tilfang, sat eg igjen med 7 diplom frå Bergen og 5 diplom frå Voss, altså monaleg færre enn eg sette meg som mål å ha med i mi undersøking. For å sikra å ha nok kjelder å analysa, utvida eg først tidsrommet for undersøkinga frå 20 til 30 år, 1430–1460. Då fekk eg tilstrekkeleg med kjelder frå Bergen, men sidan eg framleis hadde for få diplom frå Voss, utvida eg perioden med ytterlegare fem år. No arbeidde eg med diplom frå perioden 1430–1465 og sat igjen med ti diplom frå kvar stad. Alle diploma mine dreier seg på eitt eller anna vis om eigedomstilhøve, og dette påverkar, som vi skal sjå seinare i oppgåva, kva formlar som blir brukte.

Sjå tabell 4 under for eit skjematisk oversyn av diploma, som har fått namn med førebokstavane B for Bergen og V for Voss. For å synleggjera den ortografiske variasjonen har eg valt å ta med namna på utferdarane slik dei står i diploma, med lett normaliserte versjonar i parentes på sida.

Diplom	Årstal	Utsteder	Diplomatarium Norvegicum	Tema
B1	1435	rådmann Þronder Osmundzson (Trond Åsmundsson)	DN IV nr. 858	sal av eigedom
B2	1454	Elef Hierne (Eilif Hjerne)	DN IV nr. 931	pantsetjing av eigedom
B3	1442	Eilif Sigurdsson	DN IV nr. 886	sal av eigedom
B4	1449	lagmann Jon Olafsson	DN IV nr. 911	eigedomssak
B5	1463	kannik i Bergen, Fin Sigmundarsson, (Finn Sigmundsson), og tidlegare fut i Sogn, Helghe Trulsson (Helge Trulsson)	DN IV nr. 953	eigedomskonflikt
B6	1440	seks rådmenn	DN IV nr. 879	eigedomssak, arv
B7	1444	seks rådmenn	DN X nr. 181	sal av eigedom

B8	1447	seks lagrettemenn	DN X nr. 192	eigedomskonflikt
B9	1446	Brinywlfver Torstensson (Brynjulf Torsteinsson) og Erik Sigordzsson (Erik Sigurdsson)	DN XV nr. 72	eigedomssak, gåve
B10	1463	åtte rådmenn	DN III nr. 862	eigedomssak, betaling av gjeld
V1	1430	seks lagrettemenn	DN IV nr. 845	fastsetjing av åbot
V2	1432	Elifer Amonderson (Eilif Åmundsson)	DN XV nr. 59	sal av eigedom
V3	1435	lagrettemennene Jon Byarnasson (Jon Bjarneson) og Gunnar Torleifsson (Gunnar Torleifsson)	DN IV nr. 859	sal av eigedom
V4	1449	sokneprest på Voss, Sone Eriksson (Sune Eiriksson), og seks lagrettemenn	DN IV nr. 906	sal av eigedom
V5	1461	lagrettemennene Orm Jwarsson (Orm Ivarsson) og Gvdbrandur Ketilsson (Gudbrand Ketilsson)	DN IV nr. 950	ekstra betaling for ein tidlegare seld eigedom
V6	1456	Sone Eriksson (Sune Eiriksson), tidlegare titulert som sokneprest på Voss, no korsbroder i Kristkirken i Bergen, og fire lagrettemenn	DN I nr. 835	eigedomssak
V7	1446	sokneprest på Voss, Sune Ericsson (Sune Eiriksson), og to lagrettemenn	DN III nr. 792	vitnesbyrd om eigedom og skifte av eigedommar
V8	1451	Alf Thorgardsson, prost ved Apostelkirken i Bergen	DN VI nr. 537	sal av eigedom
V9	1455	tre lagrettemenn	DN XXI nr. 476	sal av eigedom
V10	1462	Gard Rikolfson	DN IX nr. 341	pantsetjing av eigedom

Tabell 4. Eit skjematisk oversyn over diploma, med informasjon om årstal, utferdar(ar), kor i DN ein finn dei og kva diploma handlar om. Diploma har fått namn ut ifrå rekkefølga dei opptrer i analysekapittelet og staden dei er utferda, høvesvis med bokstavane B for Bergen og V for Voss.

5.3 Data

Etter å ha valt ut kva dokument eg skulle ha med i kjeldetilfanget, var det tid for å byrja å henta ut data. Eg kopierte DN-transkripsjonane inn i eit dokument, og las desse side om side med bilde av primærkjeldene. Desse bilda ligg tilgjengeleg på <https://sprogsamlinger.ku.dk/>, <https://marcus.uib.no> og <https://media.digitalarkivet.no/>, og eg fekk god hjelp av Marianne Paasche ved Spesialsamlingane på UiB til å finna fram til dei.

Eg retta opp i stavinga av dei verba eg meiner var feil transkriberte, og markerte samstundes forkortingar som hadde blitt oppløyste av transkribenten. Alle verba eg fann blei fargekoda: grønt for finitte verb, blått for infinitte verb og rosa for verb i den innleiande og avsluttande formelen. Sistnemnde kategori var av såpass avgrensa omfang at eg ikkje såg trongen for å skilja mellom markeringa av finitte og infinitte verb, som det òg var ganske få av i desse formlane. Verb frå formelen fekk sin eigen farge på grunn av den fastare forma ein finn i desse formlane; det synest rimeleg å anta at formelverba i større grad held fast ved konservative former. Verb som var viska ut og uleselege i sjølve diploma markerte eg med raudt. Desse tok eg ikkje med vidare i arbeidet, ettersom transkripsjonane ville vore reint gjettverk. Fargekodane blei i all hovudsak nytta til å gjera vidare arbeid med dataa enklare.

Dei finitte verba som kom med i datatilfanget, både frå formlane og hovuddelen av diploma, la eg inn i eit Excel-ark. Dei blei kategoriserte med følgande metadata: diplommet dei var henta frå, infinitivsforma i moderne nynorsk, ordforma frå diplommet, tempus, modus, person, numerus, diatase, verbklasse, form i normalisert norrønt og verbklasse. Tabell 5 nedanfor viser korleis dette ser ut i praksis, eksemplifisert med diplom [B1](#) frå Bergen, utferda av rådmann Trond Åsmundsson i 1435.

Dipl.	Inf.	Ordf.	Temp.	Mod.	Pers.	Num.	Diat.	Norrønt	Klasse
B1	sjá	seæ	pres.	ind.	3.	flt.	aktiv	sjá	st. 5
B1	senda	sender	pres.	ind.	1.	eint.	aktiv	sendi	dóma
B1	ha	hefwer	pres.	ind.	1.	eint.	aktiv	hefi	dóma
B1	ligga	liggher	pres.	ind.	3.	eint.	aktiv	liggr	st. 5
B1	ligga	liggher	pres.	ind.	3.	flt.	aktiv	liggja	st. 5
B1	ha	hefwir	pres.	ind.	3.	flt.	aktiv	hafa	dóma
B1	kjennast	kennes	pres.	ind.	1.	eint.	medio- passiv	kennumst	dóma
B1	komma	kom	pret.	ind.	3.	eint.	aktiv	kom	st. 4
B1	setja	sette	pret.	ind.	3.	flt.	aktiv	settu	telja
B1	vera	war	pret.	ind.	3.	eint.	aktiv	var	st. 5

Tabell 5. Verbførekomstane i diplom B1, med informasjon om moderne nynorsk infinitiv, ordforma i diplomet, tempus, modus, person, numerus, diatese, forma i normalisert norrønt og verbklasse. Oppløyst forkorting er markert med kursiv.

Under person og numerus valde eg å skriva det som hadde vore riktig om setninga var skriven på normalisert norrønt. Sjå til dømes setninga i (b) under. Setning 1 er teksten slik den ser ut i DN, medan setning 2 er mi nynorske omsetjing.

(b)

1. *till meira wisso oc sannenda sette Lafrens Magnusson oc Biorn Øiulf son siin jnsigle med mino jnsigle fyrir þetta bref*
2. *til meir visse og sanning sette Lafrens Magnusson og Bjørn Øyulfsson sitt innsegl med mitt innsegl føre dette brevet*

Verbet *sette* er i mitt Excel-dokument kategorisert som 3. person fleirtal, sjølv om eg ikkje meiner at verbet er morfologisk markert for 3. person fleirtal i teksten (sjå [6.1.2](#) nedanfor for ei meir detaljert drøfting av *sette*). Når eg likevel vel å kategorisera *sette* som 3. person fleirtal er det, som nemnt ovanfor, fordi det er denne forma subjektet [*Lafrens Magnusson oc Biorn Øiulf son*] ville ha kravd i norrønt. Også i tabellane seinare i denne oppgåva er verba oftast kategoriserte etter syntaktiske, heller enn morfologiske kjenneteikn. Når eg vidare analyserer dataa, samanliknar eg forma det enkelte verbet ville hatt i norrønt med ordforma som stod i diplomet.

5.4 Metodiske utfordringar

Å arbeida med gamle kjelder, som seinmellomalderdiploma i mitt materiale, medfører einsskilte særskilte utfordringar. Som nemnt i [2.6](#) ovanfor veit vi oftast ikkje sikkert kven som har skrivne dei aktuelle tekstane, og vi veit heller ikkje om staden diplommet er utferda på er den same skrivaren er fødd, oppvaksen eller har fått si skriveopplæring på. Dette gjer det utfordrande å driva med sosiolingvistisk forskning på mellomnorsk. Når Mørck (1999) likevel finn tydeleg sosial variasjon i bruken av mediopassiv, underbygger dette Rindal (1989:137) sin observasjon om tendensen til sosial variasjon med basis i utferdarmiljø. I den sosiale og geografiske delen av undersøkinga mi legg eg til grunn at sosiolingvistisk forskning på mellomnorske diplom både er mogleg og viktig å gjera, sjølv om kjeldesituasjonen ikkje er optimal. I tillegg til spørsmålet om sosiolingvistikk basert på mellomalderdiplom, som har blitt behandla både i [2.6](#) ovanfor og noko avkorta her, er det to andre metodiske utfordringar som er verd å nemna: avskrifter og oppløysing av forkortingar.

5.4.1 Avskrifter

Som nemnt har eg i mi undersøking lese transkripsjonane frå DN side om side med bilde av originaldokumenta, for å vera trygg på at verbformene eg analyserer samsvarer med det som står i sjølve diplommet. Det er eitt unntak: Diplom [V9](#) er ei avskrift frå 1820–1830-åra, utført av Major Niels Alstrup Dahl «efter Original Documentet, der oppbevares hos Oberstleutnant Holck». Originaldiplommet har sidan gått tapt, og vi sit igjen berre med avskrifta.

Når eg likevel har valt å ha med dette diplommet i mitt kjeldetilfang, er det rett og slett fordi eg sleit med å få fatt i nok diplom frå Voss og ikkje ville vera nøydd til å utvida tidsperioden for undersøkinga mi ytterlegare. At avskrifta skal vera gjort etter originaldokumentet gjer òg at den er brukbar for mine føremål. Hadde det til dømes vore ei avskrift av ei *vidisse*, ei seinare avskrift av dokumentet, hadde ikkje denne avskrifta høvd til å undersøka verbmorfologien i min periode; avskrifter frå perioden hadde ofte ein ganske annan ordlyd enn originaldokumentet (Salvesen, 2020). Bruken av forkortingar og nasalstrekar i avskrifta bygger opp under at dokumentet til Dahl er ei nøyaktig avskrift, og eg har valt å bruka det som om det var ei originalkjelde.

5.4.2 Oppløysing av forkortingar

Hovudproblemet med transkripsjonane frå DN var at dei fleste transkripsjonane ikkje markerte oppløyste forkortingar. Derav kom behovet for å kunna sjå på bilda av primærkjeldene og samanlikna med transkripsjonane. Det er ikkje dermed sagt at eg har utelukka alle verb med

forkorta endingar frå mitt materiale. Mange av verba eg analyserer i [kapittel 6](#) nedanfor har fått oppløyst endingane sine, og eg har, til liks med dei nyaste binda av DN, markert oppløyste forkortingar med kursivskrift. Dette kan blant anna sjåast i tabellane under gjennomgangen av enkeltdiploma i [6.2](#) nedanfor.

Når eg samla inn data, fastsette eg nokre prinsipp for oppløysing av forkortingar. Dei fleste forkortingane det er snakk om, er nasalstrekar i 1. person fleirtal i verbmorfologien. Då står det til dømes *wi waro* med ein strek over *o*-en. I slike tilfelle meiner eg det er uproblematisk å fylla ut med ein *m*, slik at det blir *wi warom*_{pret./1.pers./eint.} ‘vi var’. Subjektet tilseier 1. person fleirtal, *-o* markerer verbet for fleirtal, sjølv utan *m* og oftast finst fleire døme frå andre ordklassar med nasalstrek for *-m* i det same diplommet; det er lite anna som kan vera meint å stå på plassen til *m* i *warom*. I mange av diploma opptre i tillegg former med *-o* og nasalstrek side om side med former med *-om*.

Eit anna hyppig døme på forkorting, er svarabhaktivokalen i sterke verb. I diplom B10 står det til dømes skrive *liggr* med ein slags aksent over *r*. I diplomatariet har dei fylt inn fugevokalen *e*, og denne vokalen beholdt eg då eg la inn *ligger* i mitt datasett. Den utfylte *e*-en er ei god gjetting, sidan svarabhaktivokalen *e* er svært utbreidd allereie i tidlege norske kjelder, men sjølv i liknande tilfelle der eg er ueinig med transkriptøren, har eg halde på vokalutfyllinga frå DN, ettersom *r* åleine ber på den grammatiske meininga som er relevant for mi undersøking. Motsett har eg ikkje tatt med *han hauer* ‘han har’ frå diplom B2, fordi det grammatisk meiningsberande *-er* er forkorta. Her er nok *han hauer* den desidert mest sannsynlege tolkinga; ei formulering som *han haua* hadde vore ugrammatisk i norrønt, og fleirtal for eintal er fullstendig fråverande i mitt materiale. Likevel har eg valt å utelata forkortingar som den sistnemnde, slik at eg i størst mogleg grad baserer undersøkinga mi på verbformer eg faktisk er sikker på.

5.5 Metodeevaluering

Når eg no har gjort eit poeng av manglane ved transkripsjonen i DN og at desse fekk meg til å villa sjå på bilde av originalkjeldene, meiner eg det i etterkant er på sin plass med ei evaluering av denne metoden. Det å lesa originalkjeldene side om side med transkripsjonen i DN gjorde at eg kunne vera sikker på kva som faktisk stod skrive i dei ulike diploma, noko som kjem godt med i ei undersøking av relativt få diplom, som den eg har utført i denne oppgåva. Nokre verb har vore forkorta på ein slik måte at oppløysing av forkortingar er relativt uproblematisk for mine føremål, som nemnt i [5.4.2](#) ovanfor. Andre verb har vore forkorta på ein slik måte at ein

må gjetta seg fram til grammatisk informasjon som person og numerus, og nokre verb er òg heilt eller delvis utviska. Dei to sistnemnde typane verb er likevel relativt sjeldsynte i mitt materiale. Den potensielle feilkjelda slike tilfelle representerer, meiner eg er liten, og den kan omgåast ved å auka storleiken på materialet. Eg meiner med andre ord at den transkriberte versjonen av DN er brukande for undersøkingar som mi eiga, så lenge korpuset er av større omfang. Medan eg set pris på kunnskapen og innsikta bruken av originalkjeldene har gitt meg, ville eg nok ha gått for ei slik løysing dersom eg skulle gjort ein liknande studie igjen.

6. Analyse og drøfting

Til å byrja med i dette kapitlet presenterer eg ulike syntaktiske forhold som kan føra til avvikande bøyning, i tillegg til to verb som kan synast problematiske å analysera. Deretter går eg gjennom språket i kvart enkelt diplom og eventuell påverknad frå dei austnordiske søsterspråka. Eg ser så på korleis det gammalnorske verbformverket er varetatt i enkeltdiploma. Deretter analyserer eg verbmorfologien i diploma i ulike bøyingskategoriar og bøyingsklassar, i tillegg til dei geografiske og sosiale variablane. Teori frå kapittel 4 blir trekt inn der det er relevant. Drøftinga går som ein raud tråd gjennom heile kapitlet, og avslutningsvis nøstar eg saman dei tidlegare momenta til det som forhåpentlegvis blir ein spennande konklusjon.

6.1 Nokre moment til analysen

Den mellomnorske perioden var, jamfør [2.2](#) ovanfor, prega av endringar i språksystemet. Sjølv om det òg vaks fram nye bøyingsklassar i perioden, er det samanfallet i mange av dei gamle bøyingskategoriane og bøyingstrekka som står sentralt i mange framstillingar. I ei undersøking som mi, der det gamle bøyingsystemet er førande for analysen, vil slike samanfall kunna påverka resultatata i stor grad, og det er naudsynt å leggja nokre føringar for korleis eg behandlar slike samanfall før eg går vidare.

6.1.1 Kva endringar er relevante?

Det er mykje som skil verbformene i mitt materiale frå formene i normalisert norrønt, og det er ikkje alle endringar som er like relevante for mine føremål. I [2.1.2](#) ovanfor skisserte eg nokre tidlege endringar i språksystemet. Mange av desse er, som vi skal sjå i [6.2](#) og vidare nedanfor, fullstendig gjennomførte i mitt materiale, og dei er ikkje vidare interessante. Spesielt gjeld dette dei særskilte formene i 1. person eintal indikativ: Former som *ek sendi* eller *ek kasta* i presens og *ek kastadha* i preteritum glimrar med sitt fråvær i alle mine diplom; i mitt tilfang har presens eintal indikativ utlyd på *-r* og preteritum indikativ eintal utlyd på *-e* eller *-æ*. Den særskilte forma *em* av *vera* i presens 1. person eintal er òg fullstendig fråverande.

Heller ikkje i dei mediopassive verba finn eg eit skilje mellom 1. og 3. person, all den tid *-st* for lengst har tatt over for dei gamle endingane *-mk* i 1. person og *-sk* i 3. person. Samanfallet mellom 1. og 3. person i eintal byrja som nemnt tidleg, og det ser ut til å vera fullført i mitt materiale. Eg har ingen døme på 2. person i mitt materiale, så det er ikkje høve til å sjå om den særskilte endinga for 2. person i preteritum eintal av dei sterke verba og presens eintal av dei preteritopresentiske verba har halde seg like godt som litteraturen eg presenterte i [2.2](#) ovanfor seier.

I mi undersøking nøyer eg meg med å konstatere at samanfallet mellom 1. og 3. person eintal er gjennomført. Former som *hænger æk* frå diplom V2 og *bedist ek* i diplom B2 blir med andre ord ikkje markerte som avvik. Det er fleirtal som er interessant for mine føremål, både for å sjå i kva grad numerusdistinksjonen er oppretthalden i mine diplom, og på grunn av at det nettopp er i fleirtal eg finn personbøying i mitt materiale.

6.1.2 Utfordringar med å tolka person og numerus

Det er einskilde syntaktiske tilhøve som sjølv på det gammalnorske språksteget kunne påverka samsvarbøyinga slik at ein fekk eintalsbøying til fleirtalsledd. Indrebø (1924:107) trekker fram relativsetningar som eit område der eintal for fleirtal tidleg gjer seg gjeldande. Spesielt trekker han fram formelen *með ǫllum lutum ok lunnendum sem til liggja ok legit hafa*. Allereie i gammalnorsken kunne verba *liggja* og *hafa*, som her står i presens 3. person fleirtal, få eintalsformene *liggr* og *hefer*. Også konstruksjonar der det eine verbet blei bøygd i fleirtal og det andre i eintal førekom. I mellomnorsk tid blei eintalsbøying av eitt eller fleire av verba i formelen vanlegare. Indrebø meinte at *alle lutar og lunnende* kunne tolkast som eit samleomgrep, og at denne tolkinga har ført med seg eintalsbøyinga av verba.

Eit anna døme på eintal for fleirtal er komplekse etterstilte subjekt med *ok*, og Ottosson (2003:145) trekker fram døme på slike konstruksjonar heilt tilbake til slutten av 1200-talet. Eintal i slike konstruksjonar blei etter kvart vanlegare og vanlegare. I mitt materiale er spesielt *senda* i innleiingsformelen *Ollom monnom [...] senda [namn] ok [namn] queðiu Guds ok sina* relevant å trekka fram: Indrebø (1924:111) si undersøking av DN I viser at eintal for fleirtal blir brukt om lag halvparten av gongane i denne formelen i perioden 1360–1400. Etter 1450 blir eintal brukt mykje oftare enn fleirtal i denne formelen. Dette gjeld i høgste grad òg i mine diplom, der 3. person eintalsforma *sender* er monaleg meir brukt enn fleirtalsforma *senda*.

Verbforma *sette* frå eskatollen, av verbet *setja*, er potensielt problematisk å analysere. På grunn av språkutviklinga i sein gammalnorsk og i mellomnorsk, er det i perioden eg undersøker ikkje lenger eit gjennomført skilje mellom 1., 2. og 3. person i preteritum eintal, og forma *sette* er felles fortidsform for alle personar i eintal. Liknande samanfall kan i mellomnorske handskrifter førekomma i fleirtal.

Bruken av denne forma for fleirtalssubjekt har sine røter i ein fonologisk reduksjon i syntaktisk avgrensa kontekstar, som allereie tidleg gjorde seg gjeldande: Når eit verb står rett framfor eit personleg pronomen i 1. person fleirtal, kunne verbet nemleg òg på 1300-talet stå i eintal (ibid:109). Indrebø (1924:110) skisserer utviklinga i 1. person fleirtal slik: Veksling mellom former med *m* (*settum mér*) og utan *-m* (*settu mér*) fører til at verbet (*settu*) blir omtolka

til 3. person fleirtal, som har endinga *-u* i preteritum, som seinare fører til at forma til 3. person kan spreia seg også på presenssteget. Denne framstillinga minner om Wessén si framstilling av utviklinga i svensk, jamfør [2.3](#) ovanfor, og vi kan leggja til at med vokalreduksjon $u > e$ kan *settu(m)* bli *sette*. Med nokre unntak er det nettopp forma *sette* som dominerer i mitt materiale, uavhengig av person og numerus på leddet den står til.

Det er likevel ikkje gitt at *sette* er utvikla av preteritumsforma av verbet. Med j-bortfall (Pettersen, 1991:583) og vokalreduksjon kan *sette* like gjerne vera utvikla av *setja*_{pres./3.pers./flt.}. Ei anna forklaring er at det er snakk om forma *seter*, som har gått frå å vera endinga i presens 2. og 3. person eintal til å vera felles for alle personar i presens eintal, som har fått bortfall av den utlydande *r*-en (*seter* > *sette*). Sidan utlydande *r* er rimeleg gjennomført i presens eintal i mitt materiale, vel eg å sjå bort ifrå denne forklaringa. I mitt materiale blir *sette* oftast etterfølgt av *fore thetta bref som gjort war*_{pret.}, noko som kan tyda på preteritum, men nokre få gongar er det også etterfølgt av [...]*giort ær*_{pres.}. I det store og det heile er denne verbforma utfordrande å bestemma ikkje berre numerus og person på, men også tempus. På grunn av at resten av setninga oftast inneheld verb i preteritum, heller eg mot å analysera *sette* som ei preteritumsform. For å få betre forståing for utviklinga av denne forma, gjorde eg ei undersøking av eit utval diplom frå Bergen i perioden 1380–1387. Medan det også i desse diploma var noko variasjon, var det i hovudsak formene *settu*_{3.pers} og *settom*_{1.pers} som blei brukte for fleirtalssubjekt, og begge er markerte for preteritum. Sidan sjølve formelen ikkje har endra seg stort sidan den gongen, meiner eg at desse funna underbygger ein analyse *sette* som preteritumsform. Det kan elles nemnast at *sette* også i dette eldre materialet hadde fortrent den særskilte forma *set* i 1. person eintal.

Ovanfor presenterte eg ei rekke ulike forklaringar på korleis *sette* har oppstått, men uavhengig av kva forklaring ein landar på, er *sette* framleis ei form som er identisk i alle personar i preteritum eintal. Sidan særskilte endingar for både preteritum 1. person fleirtal og preteritum 3. person fleirtal førekjem i mitt materiale, og desse sjeldan endar på *-e*, vel eg òg å analysera *sette* som markert for eintal. Står forma til ledd i fleirtal, tel eg den med andre ord som avvikande numerus, samanlikna med det norrøne formverket.

Eit anna hyppig verb er *sjá*, som er med i kunngjeringsformelen *Ollom monnom theim sem thetta bref sjá eder høyra*. Verbet står etter gammalt i 3. person fleirtal, med former som endar på *-a*. Desse formene førekjem i mitt materiale, men det gjer òg *se*, *see* og *seæ*. Det er uvisst om endinga *-æ* speglar ein annleis uttale enn *-e*. Viss ikkje, ville uttalen av både *se*, *see* og *seæ* vore heilt lik *sé*, den norrøne forma i 1. person eintal. Dette potensielle samanfallet meiner eg at er hindra av at endingar med *-r* gjennomgåande har tatt over i 1. person eintal i

mitt materiale. Eg vel derfor å telja formene med *e* og *æ* som morfologisk markerte for fleirtal, og sidan endinga *-um* for 1. person fleirtal framleis er rimeleg gjennomført i materialet mitt, både i presens og preteritum, vel eg òg å telja *seæ* som markert for 3. person.

Med bakgrunn i dei syntaktiske tilhøva, som allereie i gammalnorsk tid kunne føra til eintal for fleirtal, og dei to potensielle problemverba *setja* og *sjá*, er det nødvendig å tilpassa den kommande analysen noko. I tillegg til den heilskaplege framstillinga av den finitte verbbøyinga i diploma, kjem eg til å presentera ei framstilling der protokollen fram til og med *senda* og eskatollen frå og med *sette* er kutta ut, i tillegg til formelen *með ǫllum lutum ok lunnendum sem til liggja ok legit hafa*. Dei nemnde formlane er nemleg alle døme på tilhøve der det i norrønt ville vore fleirtalsbøying, men der eintal for fleirtal gjer seg stadig meir gjeldande. Dei er med andre ord interessante å skilja ut frå resten av tilfanget, og eg kjem til å analysera desse formlane for seg og finna ut om person- og numerusbøyinga her skil seg nemneverdig frå resten av diploma.

6.2 Dei enkelte diploma

I det følgjande går eg gjennom kjeldene mine diplom for diplom. Merk at førebokstavane B og V framfor tala i namna eg har gitt diploma står for Bergen og Voss. Eg skriv litt om kva diplommet handlar om, og kven som har utferda det (sjå tabell 4 i [5.2.2](#) ovanfor for eit skjematisk oversyn). Deretter ser eg på språket i det enkelte diplommet som heilskap: Er det til dømes mykje påverknad frå svensk og/eller dansk? Til sist i undersøkinga av kvart enkelt diplom, kjem ein gjennomgang av den finitte verbmorfologien, med fokus på person og numerus.

6.2.1 Diplom B1, 1. april 1435. DN IV 858

Dette diplommet dreier seg om sal av eigeidom. Seljaren er rådmann i Bergen, Trond Åsmundsson. Språket i diplommet er konservativt på fleire område. Blant anna inneheld diplommet eitt av få døme på morfologisk u-omlyd utanfor innleiingsformelen, *orfwom*_{dat.ft.} ‘arvingar’, og det einaste dømet i heile kjeldetilfanget mitt på i-omlyd i presens eintal av verbet *hafa* ‘ha’: *hefwer*. Språkforma i brevet er norsk, med både *ek* som personleg pronomen i 1. person eintal og bruk av diftongane *ei* og *au* som i gammalnorsk. Bruken av grafemet *þ* samsvarer med normert norrønt. Elles er det mykje *æ* for gammalnorsk trykklett *a*. Skrivaren bruker *fyrir*, ikkje *fore*. Mediopassiv *kennes* endar på *-s*, som i austnordisk (Frederiksen, 2016:48).

Diplomet inneheld 10 finitte verb som er leselege² i sjølve handskrifa. Av desse er seks verb bøygde i eintal som står til eit ledd i eintal, medan fire står til ledd i fleirtal. Tre av verba som står til eintalsledd, høyrer til dóma-klassen og tre av dei er sterke verb. I eintal er samanfallet mellom 1. og 3. person fullstendig. Som nemnt står fire av verba til fleirtalsledd, og av desse er det tre som har tydeleg eintalsmorfologi: *liggher* og *hefwir*, i eigedomsskifteformelen nemnt i 6.1 ovanfor og *sette*. Eitt verb, *seæ* (norrønt: *sjá*), er bøygd i presens 3. person fleirtal. Tel vi med protokollen, eskatollen og eigedomsskifteformelen, samsvarer numerusbøyinga til sju av ti verb med norrønt. Det er få døme på verb som faktisk er bøygde i fleirtal, og ingen i 1. person fleirtal, så det er ikkje råd å seia om persondistinksjonen er oppretthalden i fleirtal i dette dokumentet. Sjå tabell 6 under for eit skjematisk oversyn over verba.

	Presens	Preteritum
1. person eintal	sender, hefwir, kennes	
3. person eintal	liggher	kom, war
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	seæ, <u>liggher</u> , <u>hefwir</u>	<u>sette</u>

Tabell 6. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Verba markert med understrek har numerus som avvik frå normalisert norrønt. Oppløyste forkortingar er merkte med kursiv.

6.2.2 Diplom B2, 1. februar 1454. DN IV 931

Ein mann, Eilif Hjerne, pantsset ein gard på Ryfylke til ein prost i Bergen. Diplomet har noko påverknad frå austnordisk. Norrøn *ei* er monoftongert til *e* i *hethir* og *Elif*. Presens partisipp endar med *-s* i *liggiandis* og *gørandis*. Dette er mogleg innverknad frå austnordisk; ifølgje Pettersen (1991:566) blir konsonantutlyd vanleg i dansk ved slutten av gammaldansk tid, medan denne endinga i svensk opptre allereie i dei eldste handskriftene. Pettersen reknar med at det er påverknad frå presens partisippet i mediopassivformene av verba som står bak. Mediopassiv endar elles med *-st* i *bedist ek*. Det er gjennomført a-infinitiv i diplommet. Sidan diplommet er utferda i Bergen, ein stad som tidleg fekk mykje vokalreduksjon av gammalnorsk utlydande *a*, og sidan det er fleire døme på austnordiske former i diplommet, kan denne infinitiven vera teikn på svensk påverknad, heller enn eit teikn på at dialektane utanfor Bergen viser att i skrift.

² To verbformer i diplom B1 hadde utviska eller overmåte forkorta endingar, og er ikkje tatt med i analysen: *høyra* og *hefuir*. Forkortingane er utfylte i DN.

18 finitte verb har funne vegen frå dette diplommet og inn i mitt materiale³. 17 av desse står i presens, eitt i preteritum. Tre verb står i fleirtal – *sea*, *høira* og *ero*, alle i presens 3. person – og 15 i eintal. Alle verba har numerus som samsvarer med norrønt, og i eintal er samanfallet mellom 1. og 3. person komplett. Fjernar vi dei fem verba i eskatollen og protokollen sit vi igjen med 13 verb, og berre eitt, *ero* står i fleirtal.

	Presens	Preteritum
1. person eintal	er, vndrbinder, bedist	
3. person eintal	sender, hethir, skall, er, kan, kan, ma, star, er, star, er	atte
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	sea, høira, ero	

Tabell 7. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form.

6.2.3 Diplom B3, 18. juli 1442. DN IV 886

Ein mann, Eilif Sigurdsson, sel eignedomen sin i Sogn til Jon Ivarsson. Brevet har ein del påverknad frå svensk, blant anna veksling mellom *ek* og *jak*. Samtidig er det ein del heilnorske former som *kaup* (fornsvensk *köp*). Diplomet inneheld den i-omlydte forma *genger* i presens 1. person eintal av det sterke verbet *ganga* ‘gå’, men har ikkje halde på i-omlyden i presens eintal av *hafa* ‘ha’. Preteritum partisipp *leigit* (for gammalnorsk *legit*) tyder på diftongering av rotvokalen og moglegvis også palatalisering av /g/⁴.

Av dei ti leselege⁵ finitte verba i diplommet står tre, *sette*, *kom* og *war* i preteritum, medan resten står i presens. To verb er bøygde i fleirtal, *se* og *høra*, begge i protokollen, medan åtte står i eintal. Samanfallet mellom 1. og 3. person i eintal er gjennomført. Ni av ti verb har altså numerus som samsvarer med norrønt. Fjernar ein protokollen og eskatollen sit ein igjen med fem verb, og av desse har fire numerus som samsvarer med norrønt.

³ To førekomstar av *hauer* er ikkje tatt med.

⁴ I den graden palatalisering viser att i skrift, er det ofte med innskoten *i* (Mørck, 2018:316). I *leigit* finn vi *i* både framfor og etter *g*, så det synest sannsynleg at denne skrivemåten reflekterer ein uttale som /lejɪt/ eller /leijit/.

⁵ Tre førekomstar av *hafuer* i diplom B3 er utelatne.

	Presens	Preteritum
1. person eintal	sender, genger, aa, kennes	sette
3. person eintal		kom, war
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	se, høra, <u>ligger</u>	

Tabell 8. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Avvik numerusbøyinga er markerte med understrek. Oppløyste forkortingar er markerte med kursiv

6.2.4 Diplom B4, 20. oktober 1449. DN IV 911

Lagmann Jon Olavsson stadfester ei kvinne, Margreta Håvardsdotter, sin rett til ein gard på Varaldsøy i Kvinnherad. Til liks med i diplom B2 er det gjennomført a-infinitiv, og kombinert med endinga *-s* i mediopassiv *ventes*, kan det også her vera tale om svensk påverknad. Dette diplomet skil seg likevel ut ved at desse eventuelle svesismane blir akkompagnerte av mange heilnorske former: *log* for svensk *lag* ‘lov’, diftongen *au* i *lausa* ‘lause’, *øy* i stadnamnet *Varalzøy* og *ei* i *eiter* ‘heiter’. Sistnemnde har òg fått bortfall av *h* i framlyd. Elles er det veksling mellom bøying med stammeskifte i preteritum og utan i presens i verbet *eiga*, og former som *agher* og *atte* opptre side om side.

Diplomet inneheld 25 leselege finitte verb⁶. 14 står i preteritum og elleve i presens. Eitt verb, *nadhe*, frå setninga *gud hans saal nadhe* ‘gud nåde hans sjel’, står i konjunktiv. Dei resterande 24 verba står i indikativ. Tre verb er bøygde i fleirtal, alle i 3. person og eitt i preteritum. Av desse er det berre *satho* ‘sat’ som ikkje er frå kunngjeringsformelen i protokollen. 22 av verba står i eintal, og av desse er det tre som står til fleirtalsledd: *ventes* (norrønt: *væntusk*), *hafde* (norrønt: *høfðu*) og *sætte* (norrønt: *settu*). 22 av dei 25 verba har altså numerus som samsvarer med norrønt. Fjernar vi protokollen fram til *sender* og eskatollen frå og med *sætte*, er det to av 17 verb som har avvikande numerus. Sjå tabell 9 nedanfor for ei skjematisk oversikt over verba i diplommet.

⁶ Frå diplom B4 er det to verb som er utelatne: *ligger*, som var utviska, og *hafuer*, som var forkorta.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	sender, eiter, wattar, nadhe, agher, hafuer, skal, sæghir	kom, talade, var, var, skulde, hafde, atte, atte, var, var, var
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	sea, høra, <u>ventes</u>	satho, <u>sætte</u> , <u>hafde</u>

Tabell 9. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Oppløyste forkortingar er markerte med kursiv. Verba med eintalsform for fleirtalsledd er understreka. Forma nadhe er konjunktiv av verbet nåda (norrønt: náða).

6.2.5 Diplom B5, 8. oktober 1463. DN IV 953

Finn Sigmundsson, kannik i Bergen, og Helge Trulsson, tidlegare fut i Sogn, kunngjer at Jon Holfastsson avstår frå kravet sitt på garden Sand i Sogn. Diplomet har nokre få trekk som kan tyda på austnordisk innverknad: Pronomenet i 1. person fleirtal (eigentleg total) er *wi* og *vi* ikkje *mit* eller *mer*, gammalnorsk *ei* er monoftongert i *them* ‘dei’ og gammalnorsk *øy* er monoftongert i *hørdhom*_{pret/1.pers/flt} ‘hørde’. Språkforma er likevel for det meste norsk. Diftongen *øy* er varetatt i *høyra*_{pres/3.pers/flt}, *au* i *laupsbool* og *ei* i både *einne*, *theirra* og *heiderligha*. Mediopassiv endar på *-st* i alle tilfelle, og den u-omlydde forma *ollom*_{dat./flt} opptre både i kunngjeringsformelen og seinare i diplommet, før stadfestingsformelen. Infinitiven endar gjennomgåande på *-a*.

Dette diplommet inneheld 25 leselege⁷ finitte verbførekomstar. Av desse er 21 former i preteritum og fire presens. Sju verb står i fleirtal: Av desse er to i presens 3. person fleirtal, *see* og *høyra*, eitt i preteritum 3. person fleirtal, *waro*, eitt i presens 1. person fleirtal, *bidiom*, og dei resterande tre, *warom*, *hørdhom* og *lystom* i preteritum 1. person fleirtal. Skiljet mellom 1. og 3. person er altså høgst oppretthalde i fleirtal. Eitt verb står til eit tredjepersonsledd i fleirtal, men har form som i eintal, og det er ikkje overraskande at det er snakk om *sete*. Med andre ord har 24 av 25 verb i diplommet numerus som samsvarer med norrønt. Utan eskatollen er det snakk om 25 av 25, men her kan ein merka seg at *sender* i protokollen, som var for uleseleg til å ha med, kan ha vore eintal for fleirtal. Delen fleirtalsverb i diplommet endrar seg frå sju av 25 til fem av 21 viss vi fjernar protokollen og eskatollen.

⁷ Eitt verb frå protokollen, *sender*, var for utviska til å ha med i tilfanget. Verbet står til eit fleirtalssubjekt i 3. person, så om tolkinga frå DN er riktig, er verbet eit døme på eintal for fleirtal.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	kan	war(x4), sagde, tottest, fylgde, hafde, tyktest, matte, gaf, anamadhe, lofwadhe, skulde(x3)
1. person fleirtal	bidiom	warom, hørdhom, lystom
3. person fleirtal	see, høyra	waro, <u>sete</u>

Tabell 10. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Verbforma sete er markert med understrek for å visa at det ikkje er bøygd i numerus som samsvarer med normert norrønt. Oppløyst forkorting er vist med kursiv i *bidiom*.

6.2.6 Diplom B6, 27. oktober 1440 DN4 879

Seks rådmenn i Bergen anerkjenner Ragnhild Halsdotter sin rett til garden Gjerdaker. Diplomet inneheld, som dei fleste andre diploma, både norske og tilsynelatande svenske former. I innleiingsformelen er *øy* monoftongert i *høra*. *Ei* er monoftongert fleire stader, som *enne* ‘eine’ og *flera* ‘fleire’. I tillegg er det gjennomført a-infinitiv i diplommet. Infinitiven *wara*, med utjamna vokal, er òg kjent frå svensk, i tillegg til einskilde norske målføre. 1. person fleirtalspronomenet i stadfestingsformelen er *wj*. Det skortar med andre ord på den eine sida ikkje på moglege svesismar, men på den andre sida er det òg flust med norske former i diplommet: *Ei* er varetatt i *heitir* ‘heiter’ og namnet *Gudheleikir*, forma *log* for svensk *lag* ‘lov’ opptre fleire stader i teksten, og pronomenet *mer* i 1. person fleirtal opptre éin gong i teksten. Mediopassiv endar med *-s* i *kendos* ‘kjentest’. Elles er det generelt meir fleirtalsbøying av svake verb i dette diplommet enn i dei andre i kjeldetilfanget mitt.

Av dei 26 leselege⁸ finitte verba i diplommet står åtte i presens og 18 i preteritum. Åtte verb er bøygd i fleirtal, fem av dei i 3. person og tre av dei i 1. person. Tre av fleirtalsverba er i presens, alle frå protokollen, og resten er i preteritum. Alle verba har person og numerus som samsvarer med norrønt. Sjølv *senda* i kunngjeringsformelen og *settom* i avslutningsformelen er bøygd i samsvar med det gamle formverket, høvesvis i 3. person og 1. person fleirtal. Sidan det ikkje finst døme på 1. person eintal i diplommet, er det umogleg å seia om persondistinksjonen her er oppretthalden i eintal. Eitt av verba i 3. person eintal, *sware*, av *svara*, står i konjunktiv. Alle verba i 1. person fleirtal står i preteritum, og to av desse, *skoddom* ‘skoda’ og *ranzakadhom*

⁸ Tre verb frå diplom B6 er utelatne: *kan*, som var forkorta, *tedhe* og konjunktiven *hafue*, som var for utviska.

‘ransaka’ er a-verb, som er nokså sjeldsynte i fleirtal i mitt materiale, sjølv om *skoddom* her ser ut til å bli bøygd etter eit anna mønster enn a-verba, moglegvis ved analog innføring av *-dde* frå den nye kortverbklassen som vaks fram i den mellomnorske perioden (sjå [2.2](#) ovanfor). Tre av dei fem verba i 3. person fleirtal står i presens, to i preteritum. Fire av verba i 3. person fleirtal høyrer til dóma-klassen, medan det siste, *sia*, høyrer til klasse 5 av dei sterke verba. Eitt av verba i preteritum 3. person fleirtal, *kendos* ‘kjentest’ (norrønt: *kenduska*), frå dóma-klassen, merker seg ut som det einaste dømet på fleirtalsbøying av mediopassiv verb i mitt materiale. Med døme på fleirtalsbøying i både presens og preteritum og over fleire bøyingsklassar, skil dette diplommet seg tydeleg ut frå dei andre i mitt materiale. I mitt kjeldetilfang finst rett nok diplom der alle verba har numerus og person som i norrønt, men spreinga av fleirtalsformer over fleire verbklassar, i tillegg til fleirtalsbøying i mediopassiv, set diplom B6 i ei særstilling i mitt materiale.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	heitir, skal, ryfwir, sware, seghir	kom, kerdhe, hafde, sagdhe, war (x5), læth, hafde, kom, var
1. person fleirtal		skoddom, ranzakadhóm, settóm
3. person fleirtal	sia, hōra, senda	kendos, hafdo

Tabell 11. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Førekomstane av *war* og *var* er talde for seg, sjølv om det er same verbform, for å syna den ortografiske variasjonen. *Sware* er konjunktiv av verbet *svara*. Oppløyste forkortingar er markerte med kursiv.

6.2.7 Diplom B7, 22. februar 1444. DN X 181

Seks rådmenn kunngjer at Herman Sosth har selt ei tomt bak Bryggen til Henrik Sosth. Språkforma i diplommet er i stor grad svensk, med norske innslag. Døme på svenske former er *thöm* for gammalnorsk *þeim*_{dat} ‘dei’, monoftongering av gammalnorsk *au* i *köp*, *höra* og *akeralösa* ‘upåklageleg’ og monoftonering av *ei* i *thera* ‘deira’ og *hether*. Mediopassiv endar på *-s* i *kendhis* ‘kjendest’. Dativforma *thy* av *that* ‘det’ og preposisjonen *fore* (gammalnorsk *fyrir*) er òg blant formene Rindal (1997:156) trekker fram som meir vanlege i svenske handskrifter. Norske former er til dømes *meer*_{1.pers./flt.} og varetatt *ei* i *heilan* ‘heile’ og

samei<gare> ‘sameigarar’. Også det innlånte suffikset *-heit/-het* har form med diftong i *retthighheith*, medan svensk berre har allomorfen med monoftong. Den einaste infinitiven i diplommet endar på *-a*.

Diplomet inneheld 15 finitte verb som er leselege⁹, åtte i presens og sju i preteritum. Av alle verba er fire bøygde i fleirtal, to i presens 3. person, eitt i preteritum 3. person og eitt i preteritum 1. person. Tre av verba i fleirtal, *se*, *varom* og *varo*, høyrer til klasse fem av dei sterke verba, og eitt, *höra* høyrer til *dóma*-klassen. Teksten inneheld sannsynlegvis to verb til i preteritum 1. person fleirtal, men dei var dessverre for utviska til å ta med i materialet. Dei resterande elleve verba har eintalsformer, og av desse er det to, *sender* og *liggher*, som står til ledd i fleirtal. Førstnemnde, frå kunngjeringsformelen, står til eit komplekst fleirtalssubjekt beståande av ei rekke mannsnamn i eintal bundne saman av konjunksjonen *ok*, medan sistnemnde er del av ei leddsetning med *som*, i eigedomsskifteformelen med *lutum ok lunnendom* som er nemnt tidlegare.

13 av 15 verb har altså numerus som samsvarer med norrønt. Fjernar ein protokollen og eigedomsskifteformelen har elleve av elleve verb rett numerus, men då fjernar ein samtidig halvparten av verba som er bøygde i fleirtal, sidan *se* og *höra* står i protokollen. Å fjerna eskatollen har lite å seia, sidan *sether* står i person og numerus som samsvarer med det subjektet ville ha kravd i norrønt. Ingen av verba i diplommet har avvikande person.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	hether, liggher, atnöghir, sether	kendhis, hafdhe, kendhis, kom, var
1. person fleirtal		varom
3. person fleirtal	se, höra, <u>sender</u> , <u>liggher</u>	varo

Tabell 12. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. To av verba i 3. person fleirtal-cella, sender og liggher, er døme på eintal for fleirtal og er såleis markerte med understreking. Oppløyst forkorting er markert med kursiv.

⁹ Frå diplom B7 har eg utelate verbformene *saghom* og *hördhom* og to førekomstar av hafuer, den eine førekomsten frå eigedomsskifteformelen som i norrønt ville kravd fleirtalsbøying.

6.2.8 Diplom B8, 21. juni 1447. DN X 192

Seks lagrettemenn i Bergen dømmer i ein arvesak mellom Gyda Øysteinsdotter og Jusse Jonsson. Diplomet inneheld både norske og potensielt svenske trekk. Pronomenet i 1. person fleirtal er *mer*, og gammalnorske diftongar er varetatte i *thau* og *eigin*. I kunngjeringsformelen blir *gerande* brukt framfor *gørande*¹⁰. I dette diplommet blir både *log* og *lag* brukt om kvarandre, til og med i same ord, som *logliga/lagliga*. Monoftongering av *ei* finn vi i *thera*, og preposisjonen *fore* blir brukt framfor *fyrir/firir*. Mediopassiv endar på *-s* i *sagdes* og *fins*. Det er éin infinitiv i diplommet, og den har både *a*-ending og utjamna rotvokal: *vara*.

Diplomet inneheld 19 leselege¹¹ finitte verb, 13 i preteritum og seks i presens. Åtte av verba er bøygde i fleirtal, sju i preteritum 1. person og eitt, *se*, i presens 3. person fleirtal. Av dei 11 verba som er bøygde i eintal, er det tre, *sender*, *sagdes* og *sette*, som står til ledd i fleirtal. Det er altså tre av 19 verb som har numerus som avvik frå norrønt. Verbforma *sette* kunne i tillegg vore tolka som avvikande person, men samanfallet mellom 1. og 3. person i eintal gjer at eg nøyer meg med å kategorisera den som eintal for fleirtal, eit avvik i numerusbøyinga. Sjå tabell 13 under for eit meir skjematisk oversyn over verba.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	er, watter, fins, seigir	kom, kerde, bar, war
1. person fleirtal		warom (x2), gengom, skodom, ransakadom, ofuerlasom, dømndom, <u>sette</u>
3. person fleirtal	se, <u>sender</u>	<u>sagdes</u>

Tabell 13. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Tre verb, *sender*, *sagdes* og *sette*, er understreka, sidan dei bryt med systemet frå norrønt. Oppløyse forkortingar er merka med kursiv.

6.2.9 Diplom B9, 9. mai 1446. DN XV 72

To menn i Bergen ber vitne om at Torbjørg Reidarsdotter erkjenner at mannen hennar, Arne Toreson, gav sonen sin eit stykke eigedom i Hedmark. Innleiingsformelen i dette diplommet skil seg frå resten av materialet mitt, ved at den bruker ei formulering med konjunktiv og annleis

¹⁰ I norrønt kunne verbet ha både *e* og *ø* som rotvokal. Dagens geografiske fordeling av former med *e* og *ø* kan tyda på at det allereie i mellomalderen var eit visst skilje mellom austnordisk og vestnordisk når det gjeld *gera* versus *gøra*. Her trengst ei undersøking av eit stort korpus med vestnordiske og austnordiske kjelder; eg nøyer meg med å nemna fordelinga av *gerande* og *gørande* i mine diplom.

¹¹ I diplom B8 manglar høyre ending, og verbet er såleis utelate. Endinga *-e* kjem frå transkripsjonen i DN.

setningsstruktur: *Thet se_{pres./3.pers./eint./konj.} allom godom mannom kunnokt* ‘det vere alle gode menn kunnig’. Nokre søk med ulike stavemåtar, viste fleire døme på denne formelen, dei fleste frå 1300-talet, men formelen synest monaleg mindre vanleg enn den som førekjem i dei andre diploma i mitt tilfang. Det finst døme på monoftongering, til dømes i *ene*, men òg på varetaking av dei gammalnorske diftongane, til dømes i *akeralause* og stadsnamnet *Heidmarkenne_{dat./eint.}*. Ein stad finn vi ikkje monoftongering, men ein annan diftong enn i gammalnorsk: *aura booll* av gammalnorsk *eyrisból*, ei måleining for jordstykke. Forma *aura* for *øyra* er ikkje ukjent i norske dialektar, så det er ikkje utenkeleg at denne forma kjem frå talemålet til skrivaren, vitna eller ein annan part i saka. Ei mogleg forklaring er at dette er ei hyperkorrekt form frå ein svensk skrivar, men meir omfattande undersøkingar er nødvendige for å få klarleik i det. Mediopassiv endar med *-s* i *viderkendis* ‘vedkjennest’. Elles bruker dei to utferdarane den norske forma *mith* i 1. person dualis.

Diplomet inneheld åtte finitte verb, seks sterke verb frå klasse 5 og to frå dóma-klassen. Fem av verba i diplommet står i preteritum, fire i presens. Fire av verba er bøygd i fleirtal, fem i eintal. Tre av verba i fleirtal står i 1. person fleirtal, eitt i 3. person fleirtal. Alle verba i eintal står i 3. person, og blant desse er den tidlegare nemnde forma *se*, som er konjunktiv 3. person eintal av *vera*.

Eitt av eintalsverba står til eit ledd i dativ fleirtal, stadnamnet *Hæriostadom*. Trass fleirtalsforma, har nok dette stadnamnet like mykje eintalsreferanse som den moderne forma *Herjulfstad*. Eintalsforma av verbet her er altså naturleg, jamfør andre døme på stadnamn i fleirtal som Indrebø (1924:108) nemner, og eg vel å ikkje telja den som brot med bøyingssystemet frå norrønt. Resten av eintalsverba står til eintydige eintalsledd. Alle verba i diplommet har med andre ord person og numerus som samsvarer med norrønt.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	<i>se, ligger</i>	<i>viderkendis, var</i>
1. person fleirtal	<i>henggiom</i>	<i>varom, sagom</i>
3. person fleirtal		<i>gawo</i>

Tabell 14. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Verbforma *se* er ei konjunktivform av verbet *vera*. Forkortingar er markerte med kursiv.

6.2.10 Diplom B10, 7. juni 1463. DN III 862

Åtte menn kunngjer at Morten Jensson overlet ei tomt til fru Philippa, dotter av grev Hans av Eberstein. Diplomet synest for det meste norsk i språkform. Det er einsskilte dømme på monoftongering, som *eens* ‘eins’, men for det meste er dei gammalnorske diftongane varetatte betre enn i dei andre diploma frå Bergen. Det er ein del *æ* i diplomet, både for gammalnorsk trykklett *a*, som i *heiderlighæ*_{adj./sv./f.}, og for *e*, som i *sænda* og *Pæder*, i tillegg til der ein også i gammalnorsk ville venta *æ*, som i *akæralausa*. Kunngjeringsformelen inneheld *gerande*, ikkje *gørande*. Litt overraskande for staden og tida er varetakinga av trykklett *u* i *skulduge* ‘skyldige’. Teksten inneheld det tyske lånordet *antwortade*_{pret./eint.} ‘svarte’ og den litt uventa stavemåten *schuld* ‘skyld’. Eit søk på <sch*> i *Diplomatarium Norvegicum* viser likevel at *sch* for *sk* ikkje var uvanleg i diplom frå ulike stader så tidleg som 1300-talet, så ein kan ikkje utan vidare ta skrivemåten til inntekt for direkte tysk påverknad, sjølv om fru Philippa var tyskætta.

Alle dei 15 finitte verba i diplomet står i 3. person, fem i fleirtal og ti i eintal. Av verba i eintal er det eitt som står til eit ledd i fleirtal, *kom*, eit sterkt verb av klasse 4. Verbet står i syntaktiske omgivingar som ikkje sjeldan fører til eintal for fleirtal: Subjektet er etterstilt, og det er sju ord mellom verbet og subjektet. Trass at eintal for kunne førekomma i slike omgivingar frå tidleg av, tel eg dette som eit brot med systemet frå norrønt. Blant eintalsverba er det eitt, *nade* ‘nåde’ (norrønt: *náði*), som står i konjunktiv. 14 av 15 verb har numerus og person som i norrønt.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	nade, heiter, ligger (x2), henger, er, sigheter	wpleth, antwordade
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	see, høyra, sænda	<u>kom</u> , wordho, waro

Tabell 15. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Oppløyse forkortingar er markerte med kursiv. Eitt verb, *kom*, har eintalsform for fleirtalsledd, og er såleis markert med understrek.

6.2.11 Oppsummering av materialet frå Bergen

Diploma frå Bergen har generelt ei språkform med både norske og austnordiske, med stort sannsyn svenske, trekk. Både monoftongering og bevaring av dei gammalnorske diftongane førekjem, og det er mindre vokalreduksjon av norrøn *-a* og *-u* enn forventa. Pronomenet i 1.

person eintal opptrer både med og utan bryting. Det er veksling mellom *log* og *lag* og mellom *fore* og *firir*. Infinitiven er gjennomgåande med *-a*. Det er tre førekomstar av *gerande* og fem av *gørande(s)* i materialet frå Bergen. Medan numerusbøying som avvik frå systemet i norrønt førekjem, er numerusdistinksjonen i dei fleste tilfelle bevart. 1. og 3. person har falle fullstendig saman i eintal, men persondistinksjonen lever vidare i fleirtal.

6.2.12 Diplom V1, 1430. DN IV 845

Seks lagrettemenn på Voss fastset ein åbot, eit gammalt rettsomgrep som blant anna omhandlar leiglendingar sine plikter overfor jordeigaren, for Rogne på Voss. Både norske og potensielt austnordiske former opptrer i diplommet. På den eine sida er det fleire døme på bevarte diftongar enn på monoftongering, men på den andre sida blir *æ* brukt svært hyppig, både for gammalnorsk *a*, som i *høiræ*, gammalnorsk *i*, som i *sagdhæ*, og gammalnorsk *e*, som i *sæm* ‘som’. I infinitiv er *æ* gjennomført i heile diplommet. Grafemet *þ* blir brukt mykje i framlyd, men det førekjem òg hyperkorrekte former med *þ* der det etter gammalt skulle ha vore ein *t*, som i *þil sannindæ*. Mediopassiv endar med *-st* i *fæst* og *skilst*. Utferdarane blir omtalte som *logrettæ mæn*, den heilnorske varianten av tittelen, ikkje *lagrettomenn*, som på svensk. Kunngjeringsformelen gjer bruk av forma *gørændæ*. Både *wi* og *wer* blir brukt som pronomen i 1. person fleirtal. Dei potensielt austnordiske formene er likevel ikkje eintydig austnordiske; vokalreduksjon og monoftongering kan nok dels vera eit resultat av språkkontakt, men er åleine ikkje nok til å seia at dette diplommet er påverka av det eine eller det andre språket. Formvala er uansett noko uventa på Voss, der mange konservative trekk har overlevd i dialekta til våre dagar. Kan henda kjem skrivaren frå, eller har fått si skriveopplæring på, ein annan stad? Ein skal ikkje lenger enn til Bergen for å finna eit norsk språksamfunn som tidleg var prega av vokalreduksjon, ifølge enkelte forskarar (Sørli, 1950:8). Det er òg sannsynleg at dette er skriftlege konvensjonar som ikkje speglar talemålet til verken skrivaren eller utferdarane.

Diplomet inneheld 19 leselege¹² finitte verb. Sju av verba er bøygde i fleirtal, fire i 1. person og tre i 3. person, deriblant *mato* ‘måtte’ (norrønt: *máttu*), eitt av få døme på fleirtalsbøying av preterito-presentiske verb i mitt tilfang. Av dei elleve verba som er bøygde i eintal, er det fem som står til fleirtalsledd. Blant desse verba er det både førestilte og etterstilte subjekt. Det er snakk om tre verb i *dóma*-klassen, eitt i *telja*-klassen og eitt preterito-presentisk verb. Det eine er *sendher*, som vi kjenner frå andre diplom. Dei andre verba med feil numerus har det til felles er at dei i norrønt ville blitt bøygde i preteritum 3. person fleirtal, og alle ville

¹² Tre verb frå diplom V1 er utelatne på grunn av utviska endingar: *hafdæ*, *synæs* og *a byrges* (moderne, om enn arkaisk, nynorsk: *åbyrgjast* ‘vera ansvarleg for, gå god for’).

fått endinga *-u*, men i diplommet har dei i staden endinga *-æ*. Det er utfordrande å avgjera med visse om vi her har å gjera med vokalreduisert *-u* frå fleirtalsforma, eller om det er eintalsforma med *-e* (norrønt: *-i*) vi har å gjera med. Eg vel av to grunnar å tolka dei som eintal for fleirtal: For det første er det fleire døme med *-o* og *-om* i diplommet, altså er det ikkje automatikk i at *-o/-u* blir reduserte til *æ*. For det andre er det fleire døme på substantiv med endevokalen *æ* for *-e/-i* i diplommet. Derfor kan ein, sjølv om det ikkje er døme på svake og preterito-presentiske verb som står til ledd i 3. person eintal, tenka seg at også eintalsforma ville ha enda på *-æ* i dette diplommet, så *-æ* er i alle fall ikkje særskilt markert for fleirtal. Slike samanfall har nok spelt ei viktig rolle i den seinare forvitringa av numerusmorfologien.

Tre av verba i diplommet står i konjunktiv: *skolæ*, *skulæ* og *hafwe*. Dei to første, av verbet *skulu*, kunne òg vore tolka som preteritum 3. person fleirtal indikativ (norrønt: *skyldu*) eller presens 3. person fleirtal indikativ (norrønt: *skulu*), men dei syntaktiske omgivnadane, kombinert med mengda *-æ* for *-i* i diplommet, gjer at eg heller mot at det er presens 3. person fleirtal konjunktiv *skuli* (eller *skyli*) vi har å gjera med. Skrivemåten med enkel *l* bygger opp om dette; i preteritum ville eg ha venta *ld* eller assimilering med dobbel konsonant *ll*. Skrivemåten med *ld* opptre i tillegg i forma *skuldæ* tidlegare i diplommet. Dermed meiner eg at vi med rimeleg tryggleik kan konstatera at *skolæ* og *skulæ* er markerte for 3. person fleirtal konjunktiv. Forma *hafwe* kjem nok òg av 3. person fleirtal konjunktiv *hafi*. Trass reduksjonen av utlydande *-i*, er desse verba altså framleis markerte for numerus og person på ein måte som kan seiast å samsvara med det norrøne formverket, og eg tel dei derfor ikkje som brot med det norrøne formverket. Sidan forma i presens 3. person konjunktiv fleirtal allereie i norrønt var lik forma i eintal, avslører desse verba lite om utviklinga av person og numerus i konjunktiv i mellomnorsk.

Ti av 19 verb er altså bøygde i fleirtal, derav fem i presens 3. person, eitt i preteritum 3. person, eitt i presens 1. person og tre i preteritum 1. person. På grunn av samanfallet mellom eintal og fleirtal i konjunktiv, kunne det høvd seg å halda konjunktivane fullstendig utanfor rekninga. I så fall er det snakk om sju av 16 verb som står i fleirtal, og berre to av dei i presens 3. person.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	fæst, skilst	war (x2)
1. person fleirtal	settiom	warom, saghom, høirdom
3. person fleirtal	se, høyræ, <u>sender</u> , skolæ, hafwe, skolæ	<u>wildæ</u> , <u>sagdhæ</u> , <u>hafdhæ</u> , <u>skuldæ</u> , mato

Tabell 16. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Oppløyste forkortingar er markerte med kursiv. Eintal for fleirtal er markert med understrek.

6.2.13 Diplom V2, 21. oktober 1432. DN XV 59

Eilif Ásmundsson kunngjer at han har selt eigeedom på Tveite på Voss til Knut Thorvaldsson. Diplomet inneheld både vestnordiske og austnordiske former. Pronomenet i 1. person eintal er konsekvent utan bryting, *æk*. Preposisjonen *firir*, som Rindal (1997) trekker fram som norsk, blir brukt konsekvent. Elles er det mykje austnordisk påverknad, som eg vil argumentera for at er dansk heller enn svensk. Endevokalen i fleirtal i verbbøyinga er, med unntak av *seya* ‘sjå’ i kunngjeringsformelen, gjennomgåande *-e*, både i svake verb som *hafue*_{3.pers./flt.} (norrønt: *hafa*) og sterke verb som *ære*_{3.pers./flt.} (norrønt: *eru*). Det er gjennomført e-infinitiv i heile diplommet. Alle fleirtalsformene i diplommet står i 3. person. Formeluleringa *mællom fæls oc fiære* er svært lik *nær by ok fiærre*, ein formel Hødnebo (1971:147) trekker fram som eit lån frå dei austnordiske nabospråka.

Det er mykje *-e* og *-æ* for gammalnorsk (og fornsvensk) trykklett *-a*, som i *thætte bref* ‘dette brevet’ (gammalnorsk: *þetta bréf*) og *arvinge* (gammalnorsk: *erfingjar*). Også norrøn *-u/-o* har blitt redusert til *-e/-æ* fleire stader, som i substantivet i *eghæ*_{gen./ein.} ‘eige’ (norrønt: *eigu*). Pronomenet *hanom*_{m./3.pers./dat.}, som opptre i diplommet, var vanleg i både gammaldansk og fornsvensk. I fornsvensk førekom likevel òg *honom* (Wessén, 1951:83), den same forma som i gammalnorsk, eldre nynorsk skriftspråk og moderne svensk. Gammalnorsk *hlutum*_{dat./ubest./flt.} ‘lutar’ har i diplommet blitt til *lode*. Både leniseringa *t > d* og vokalreduksjonen *u > e* tyder på dansk påverknad; den moderne danske forma av *hlutr* er *lod*. Kombinasjonen av e-infinitiv, *-e* i fleirtalsbøying av verb, graden av vokalreduksjon og dømet på lenisering, gjer at eg heller mot at vi her har å gjera med dansk, heller enn svensk påverknad.

Diplomet inneheld ni finitte verb som var leselege nok til å ha med i tilfanget; to verb var for utviska til å inkludera¹³. Alle verba i diplommet står i presens. Fem av verba er bøygde i fleirtal, alle i 3. person. Av dei ni verba i diplommet er det tre som står til førstepersonssubjektet *æk*, og bøyingsendingane i *kænnis* og *hængær* viser at samanfallet mellom 1. og 3. person eintal er gjennomført også her. Ingen av verba i diplommet har avvikande numerus.

	Presens	Preteritum
1. person eintal	kænnis, skal, hængær	
3. person eintal	sender	
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	seyra, hoyre, ligge, hafue, ære	

Tabell 17. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Fire av fem verb i presens 3. person fleirtal endar på *-e*, heller enn norrøn og gammalnorsk *-a*, men dei er framleis markerte for 3. person fleirtal.

6.2.14 Diplom V3, 1435 (utan dato). DN IV 859

To lagrettemenn på Voss kunngjer at Torstein Toresson og hustrua Gyda Øysteinsdotter har selt jord til Peter Arnesson. Språkforma er hovudsakleg norsk, med einskilde trekk som nok kjem av austnordisk påverknad. Nokre austnordiske trekk er til dømes monoftongering av *ey/øy* i *høra*_{pres./3.pers./flt.}, *hørdom*_{pret./1.pers./flt.} og *Østinsdotter* og monoftongering av *ei* i *Torsten*, *Torlefsson* og *Sæleem* (Selheim, namnet på garden). Pronomenet *wi* i 1. person dualis og endinga *-s* i mediopassiv *kændis* kan òg vera teikn på austnordisk innverknad. Dativforma *thy* av *that*, som Rindal meiner er typisk for svenske diplom, opptre éin gong i løpet av diplommet, og det blir veksla mellom *fore* (typisk svensk) og *firir* (typisk norsk). U-omlyden er òg borte i *allom*_{dat./flt.}, men om dette er austnordisk innverknad eller berre ei generell utvikling i norsken, som trass alt har fått monaleg mindre u-omlyd sidan det gammalnorske språksteget, er vanskeleg å seia sikkert. Det er ikkje mangel på heilnorske former i diplommet: *Ei* er varetatt fleire stader, som i *hæim* ‘dei’, *høyra* ‘deira’ og *æyghin* ‘eigen’, medan *au* er varetatt i *kaup* ‘kjøp’ og *akærolaust*. Alt i alt ser det ut til at monoftongeringa i teksten er avgrensa til verbet *høyra*, i tillegg til personnamn og stadnamn. Utferdarane blir omtalte med den u-omlydde forma

¹³ I diplom V2 var endingane i *hafer* og *lather* for utviska til å ha med. Rota er likevel synleg nok til å visa at i-omlyden i presens er borte.

logrættes mæn, heller enn med den ikkje-omlydde forma *lag*. Diplomet inneheld éin infinitiv, *hafwa*, med *-a*. Trass fleire døme på potensiell austnordisk påverknad, er det overvekt av norske former, så denne infinitiven kan like gjerne vera av heimleg som svensk opphav.

Av dei 13 verba som ikkje var for utviska¹⁴ til å ha med, står seks i presens og sju i preteritum. Åtte av verba er bøygde i fleirtal: tre i presens 3. person fleirtal, eitt i preteritum 3. person fleirtal og fire i preteritum 1. person fleirtal. I stadfestingsformelen er *sættom*_{pret./1.pers/flt.} brukt heller enn den ganske vanlege eintalsforma, og i eigedomsskifteformelen er *liggya*_{pres./3.pers/flt.} brukt i samsvar med bøyingsystemet i norrønt, framfor den stadig meir brukte eintalsforma *ligger*. Det andre verbet i eigedomsskifteformelen, *hafa*, er for utviska til å seia om det er fleirtal eller eintal, og er såleis ikkje tatt med i tilfanget.

Blant dei fem verba med eintalsform er det to, *sændir*, frå protokollen, og *war*, som står til fleirtalsledd, førstnemnde før eit komplekst subjekt bunde saman med *ok*, sistnemnde skilt frå det førestilte subjektet via ei *som*-leddsetning. Elleve av 13 verb har altså numerus som samsvarer med normalisert norrønt. Fjernar ein protokollen og eskatollen går ein frå at åtte av 13 verb er bøygde i fleirtal, til at fem av åtte verb er bøygde i fleirtal. I tillegg går ein frå at to av 13 verb har avvikande numerus, til at eitt av åtte verb har avvikande numerus.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	kænnis, ær	kom
1. person fleirtal		warom, saghom, hørdom, sættom
3. person fleirtal	sea, høra, <u>sændir</u> , liggya	sældho, <u>war</u>

Tabell 18. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Verbformene sændir og war er døme på eintal for fleirtal og er derfor understreka.

6.2.15 Diplom V4, 16. mars 1449. DN IV 906

Sokneprest på Voss, Sone Erikson, og seks lagrettemenn kunngjer at Gjertrud Jakobsdotter har selt eigedomar på Tvilde på Voss. Språkforma i diplommet kan kategoriserast som svensk med norske trekk. Monoftongeringa av både *au*, *ey/øy* og *ei* er fullstendig gjennomført, med unntak av to etternamn: *Thorstæinson* og *Einarsson*. Fornamnet til sistnemnde lagrettemann, *Ænar*, er

¹⁴ Verba frå diplom V3 som er utelatne er (i transkripsjonen i DN): *ligger*, som står til eit eintalssubjekt, *hafwer*, som står til «alllom lunnindum» og *sægir*, frå dateringsformelen på slutten.

derimot monoftongert, og han og kollegaane er *lagretto mæn*, ikkje *logrettumenn*. Det einaste dømet på u-omlyd er inscriptio *Ollom monnum*. Kunngjeringsformelen inneheld *gørande*, ikkje *gerande*. Mediopassiv endar på *-s* i *kændis*. Det er lenisering i *thogo*_{3.pers./flt.} ‘tok’ (gammalnorsk: *tóku*), men ikkje i konjunksjonen *ok* ‘og’. Diplomet inneheld *fore*, men ikkje *firir/fyrir*. Corroboratio inneheld *til [...] stadfæstælsæ* i staden for *sannende*. Suffikset *-else* kan ikkje sikkert kallast eit svensk innlån, ifølgje Nynorskordboka skal dette opphaveleg gammalengelske suffikset ha komme inn via dansk, men det er i alle fall teikn på språkleg påverknad utanfrå. Ei norsk form, potensielt dialektinnverknad frå ein eller fleire av utferdarane, er *mær*_{pron./1.pers./flt.} i dispositio. I corroboratio er det derimot *vi*, som i mange svenske diplom. Det er éin infinitiv i diplom, og denne er med *-a*: *ægha* ‘eiga’. På grunn av den store graden av svensk påverknad, i tillegg til monoftongeringa av rotvokalen i det aktuelle verbet, heller eg meir mot at denne infinitiven kjem frå svensk, enn at den er eit teikn på at vossamålet skin gjennom, men det er vanskeleg å fullstendig utelukka den potensielle dialektpåverknaden. Uansett kan nok valet av infinitiv vera ein konsekvens av samhandling mellom svensk og den lokale dialekta; a-infinitiven er trass alt felles for både svensk og vossamål.

Diplomet inneheld 18 leselege¹⁵ finitte verb, sju i presens og elleve i preteritum. Sju av verba er bøygde i fleirtal: tre i presens 3. person fleirtal, eitt i preteritum 3. person fleirtal, to i preteritum 1. person fleirtal og eitt i presens 1. person eintal. Det er eitt døme på eintal for fleirtal, verbforma *waar*, som står til fleirtalssubjektet *thessa peninga* ‘desse pengane’. Det er altså eitt av 18 verb som har numerusbøyning som avvik frå norrønt, men ingen døme på avvikande person.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	liggir, hafwir, sægir	skulle, kændis, seldhæ, hafdhe, kom, nøgdhe, waar
1. person fleirtal	sæthyum	saghum, hørdhum
3. person fleirtal	se, høra, sændha	<u>waar</u> , thogo

Tabell 19. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Eitt av verba, *waar*, er understreka, ettersom det har eintalsform for fleirtalsledd. Oppløyte forkortingar er markerte med kursiv.

¹⁵ I diplom V4 var endinga i *warum* såpass utviska at eg valde å utelata verbet.

6.2.16 Diplom V5, 15. august 1461. DN IV 950

To lagrettemenn gjer kjent at Peter Håvardsson ikkje stadfestar mora sitt sal av eigedomar på Tville (i diplom V4 ovanfor). Det er både svenske og norske trekk i diplommet. I inscriptio finn vi pronomenet *tøm*, som nok er svensk, og endinga *-a*, felles for norsk og svensk, i 3. person fleirtal av verba *sea* og *høra*. U-omlyden er gjennomgåande borte, blant anna i inscriptio *Allom mannom* og i intitlatio *lagrettas mæn*. Medan *høra* er monoftongert, har *høyrrum* seinare i diplommet varetatt diftongen frå gammalnorsk. Diftongane er òg varetatte i *eignnar*_{gen./best./eint.} ‘eige’ (gammalnorsk: *eigunnar*) og *kavp* ‘kjøp’. Pronomenet i 1. person dualis i avslutningsformelen er *vi*.

Diplomet skil seg elles monaleg frå mange av dei andre, blant anna ved at *a* opptre uventa i bøyingssuffiksa til verba, både i 1. person fleirtal, som i *waram* ‘var’ (gammalnorsk *vorum*) og i 3. person eintal, som i *ligar* ‘ligg’ (gammalnorsk: *ligg(e)r*) og *lyydar* ‘lyder’ (gammalnorsk: *hlýðir*). I mange av diploma liknar *a* og *o* på kvarandre, men i mine gjentatte gjennomgangar av dette diplommet har *a* stått fram som den mest sannsynlege tolkinga av grafemet i bøyingssuffiksa til dei aktuelle verba.

Elles er det mykje apokope, og noko synkope, i verbbøyinga i diplommet, som i formene *hafd*_{pret./3.pers./eint.} ‘hadde’ (norrønt: *hafði*), *giorrd*_{pret./3.pers./flt.} ‘gjorde’ (norrønt: *gerðu*). Også i infinitiv er det gjennomført apokope, som sett i *stannð* ‘stå’ (norrønt: *standa*) og *fyligh* ‘følga’ (gammalnorsk: *fylgja*). Det same finn vi i partisippa *gørinnd* ‘gjerande’ og *sæinnd* ‘sannande’. Sjå [6.10.2](#) nedanfor for ein meir utdjupande drøfting av vokalismen i dette diplommet.

Diplomet inneheld 22 finitte verb, tolv i preteritum og elleve i presens. På grunn av den litt avvikande endevokalismen som er nemnd ovanfor, er det nødvendig å rettferdiggjera den vidare analysen noko. Verba med *-ar* eller *-am* avvik frå norrønt ortografisk og, om skrivemåten speglar talen, fonetisk, men takk vere den utlydande konsonanten er dei framleis uproblematisk å bestemma morfologisk. Det er ytterlegare sju verb med avvikande endingar, fem aktive verb med apokoperte endingar og to mediopassiv verb med synkope mellom stamma og bøyingsaffikset *-st*. Seks av desse verba har det til felles at dei står til subjekt som tilseier at dei skulle vore bøygd i preteritum 3. person eintal. 3. person eintal blir rekna som umarkert (Ottosson, 2003:113). I både den gammalnorske og den mellomnorske perioden er tendensen, med einskilde unntak, at endingane i 3. person spreier seg på kostnad av særskilte endingar for dei andre personane, jamfør [2.1.2](#) og [2.2](#) ovanfor. Det finst ikkje døme på førstepersonsendingar i 3. person i mitt materiale, men det finst flust av døme på det omvendte. Det er lite som taler for at akkurat desse verba skulle vera unntaket, så eg vel å telja dei som preteritum 3. person eintal.

Med den avklaringa ute av vegen kan vi gå vidare. Det er fire verb som er bøyde i fleirtal: to i presens 3. person fleirtal, eitt i preteritum 1. person fleirtal og eitt i presens 1. person fleirtal. Det er tre verb med avvikande numerus, *sændher*, *giord* og *seet*. Dei to førstnemnde står til subjekt som i norrønt ville kravd 3. person fleirtal, og i begge tilfelle er subjekta både etterstilte og komplekse. Forma *seet* står til pronomenet *vi* og kan tolkast på ulike vis. Det er mogleg at dette er ein apokopert versjon av *sette*, men forma kan like gjerne vera utvikla frå 1. person eintal (norrønt: *set*). Uansett er nok *seet* eit døme på eintal for fleirtal. Med andre ord har 19 av 22 verb numerus som samsvarer med norrønt.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	ligar, lyddar, ær, skal (x2)	kravd, hafd, var (x3), segdst, gaf, afhænnd, førd, skyldst
1. person fleirtal	høyrrum, <u>seet</u>	waram
3. person fleirtal	sea, høra, <u>sændher</u>	<u>giord</u>

Tabell 20. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Verba sændher, seet og giord er markert med understrek fordi det har numerus som avvik frå norrønt.

6.2.17 Diplom V6, 14. februar 1456. DN I 835

Sone Eriksson er kjent for oss frå [V4](#) ovanfor, men denne gongen gjer han seg til kjenne som korsbroder ved Kristkirken i Bergen og ikkje sokneprest på Voss. Sidan han er eller har vore sokneprest på Voss, diplommet er utferda på Voss og Eriksson har med seg fire lagrettemenn på same stad som utferdarar, er diplommet inkludert i tilfanget mitt frå Voss, trass presten si tilknytning til Bergen. Dokumentet gjeld eigedomstilhøve på garden Gjerde på Voss. Språkforma er blanda. I inscriptio har *theim* varetatt diftongen etter gammalt, medan *høra* har fått monoftong. Både *kaup*_{subs.} ‘kjøp’ og *keypt*_{pret.part.} ‘kjøpt’ har fått former med monoftong, høvesvis *kop* og *kopt*. Begge former samsvarer med former i lågtysk. Diftongar finn ein i *aura*_{akk./flt.} ‘øre’, *meira* ‘meir’ og *baudh*_{pret./3.pers.eint.}. U-omlyd er varetatt både i *Ollom monnom* og *logretto men*, og det blir veksla mellom pronomenet *mer* i midtdelen av diplommet og *ver* i *corroboratio*.

Diplomet inneheld 21 leselege¹⁶ finitte verb. Fem av dei står i presens, 16 i preteritum. Fire av verba er bøygde i fleirtal, to i presens 3. person fleirtal, eitt i preteritum 3. person fleirtal og eitt i preteritum 1. person fleirtal. Det er eitt døme på eintal for fleirtal i diplommet, det svake dōma-verbet *sendher*, frå protokollen. Ingen av verba har avvikande person.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal	ær, star	var (x2), sagde, stodh, haffde (x3), atte (x2), stod, vaar, skulle, baudh, bordhe
1. person fleirtal		saghom
3. person fleirtal	sea, hōra, <u>sendher</u>	stodho

Tabell 21. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Avvikande numerus er markert med understrek. Former som *var/vaar* og *stodh/stod* er nemnd kvar for seg for å syna den ortografiske variasjonen. Oppløyste forkortingar er markerte med kursiv.

6.2.18 Diplom V7, 19. desember 1446. DN III 792

Seks menn, deriblant Sune Ericxson, sokneprest på Voss, her med noko annleis skrivemåte av namnet sitt, kunngjer at Gjertrud Jakobsdotter vitna om at Sigurd Arnbjørnsson har eigd ymse fiskeri i Vangen og Evanger sokn. Språkforma er i det store og det heile norsk. Fem av utferdarane er *logreto men*, og inscriptio er til *Ollom monnom*, men u-omlyden er borte i *warom*_{1.pers./flt.} ‘var’. Dei tre diftongane blir brukte som i gammalnorsk, med nokre få unntak, som personnamnet *Torsten* og adjektivet *hederligo* ‘heiderleg’. Kunngjeringsformelen inneheld *gerande*, ikkje *gørande*. Pronomenet i 1. person fleirtal er konsekvent *mer*, og 1. person eintalspronomenet er *ek* utan bryting. Skrivaren bruker både *firir* og *fore*.

Av dei 31 leselege¹⁷ finitte verba i diplommet står tolv i presens og 19 i preteritum. Det er fire verb med fleirtalsbøying: *se*, som står i presens 3. person fleirtal; *warom*, som står i preteritum 1. person fleirtal; *hafua*, i presens 3. person fleirtal; *insigle*¹⁸, i presens 3. person fleirtal. Presens 3. person fleirtal vekslar altså mellom former med *-e* og *-a* i dette diplommet.

¹⁶ Verba som i DN er gjengitte som *varom*, *hōrdum* og *hengiom* var for utviska til å ha med i tilfanget frå diplom V6.

¹⁷ Verbet *hōyra* i diplom V7 er utelate grunna utviska ending.

¹⁸ Innsegle førekjem som både substantiv og verb. Her har vi å gjera med verbet. Dette er setninga: «en tenne vitnesburd tha insigle fyrnempde Helge Asbiernesson oc Kalf Berthorsson[...]

Det er fleire døme på eintal for fleirtal: I kunngjeringsformelen står *sender* til eit komplekst fleirtalssubjekt. Verbet *heita* opptrer tre gongar i diplommet, alle gongane med bortfall av *h* og med eintalsbøying for fleirtalssubjekt, rett nok i leddsetningar etter subjunksjonen *som*. Verbet opptrer ein gong med ei form som er eintydig eintal for fleirtal, *æithir*, og to gongar med ei form som krev noko meir tolking. Forma *æithe* kunne potensielt vore tolka som presens 3. person fleirtal (norrønt: *heita*), spesielt sidan *-e* òg opptrer som suffiks for 3. person fleirtal i andre verb i diplommet, som til dømes førnemnde *insigle*. Det at verbet òg opptrer med forma *æithir* i fleirtal svekker denne tolkinga. Eg meiner det er meir sannsynleg at vi har å gjera med svak fortidsbøying av *heita*, jamfør forma *heitte* i moderne nynorsk. I så fall er *æithe* eintal for fleirtal. Den svake forma har moglegvis spreidd seg frå presens; allereie i norrønt kunne *heita* ha svak bøying på presenssteget, avhengig av kva tyding av verbet ein ville uttrykka (Haugen, 2001:192).

Det sterke verbet *liggja* opptrer fire gongar i diplommet, to av desse med eintalsbøying for fleirtalsledd, ein gong som del av ei *som*-setning, og ein gong med etterstilt subjekt. Verbet *vera* får eintalsform *er* for 3. person fleirtal (norrønt: *eru*) to gongar, ein gong med etterstilt subjekt og ein gong som del av ei leddsetning innleia av *som*. Også verbet *sitja* får ved eitt høve preteritum 3. person eintalsforma *sath*, sjølv om subjektet *ther* ‘dei’ etter gammalt krev fleirtal. Dóma-verbet *heyra* blir òg bøygd i preteritum eintal, sjølv om det står til eit fleirtalssubjekt. Frå stadfestingsformelen har vi *sette* som står til 1. person fleirtalssubjektet *mer* og såleis har avvikande numerus. Tolv av 31 verb har altså avvikande numerus samanlikna med systemet i norrønt.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		høyre
3. person eintal	ligger (x2), ber	kom, leidde, swor, atte (x2), ærfde, war (x2), selde, fek (x2)
1. person fleirtal		warom, <u>sette</u>
3. person fleirtal	se, <u>sender</u> , <u>ligger (x2)</u> , <u>er (x2)</u> , <u>æitir</u> , hafua, insigle	<u>æithe (x2)</u> , <u>sath</u> , <u>høyre</u> , <u>skipte</u>

Tabell 22. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Oppløyse forkortingar er markerte med kursiv. Avvik i person- og numerusbøyinga er understreka.

6.2.19 Diplom V8, 6. mars 1451. DN VI 537

Alf Torgardsson, prost ved Apostelkirken i Bergen, sel eiedom på Voss til Sigurd Ketilsson. Sidan diplommet er utferda på Voss og handlar om eiedomsforhold på staden, er det inkludert i tilfanget frå Voss. Språkforma liknar mest austnordisk, med einskilde norske trekk. Inscriptio blandar mellom gammalnorske former, som *Ollom monnom*, og sannsynlege austnordiske former, som pronomenet *thøm*. U-omlyden er elles borte i både *mannum*_{subs./m./dat./flt.} seinare i diplommet og *lagretto men*. I kunngjeringsformelen blir det brukt *gørande*, ikkje *gerande*. Pronomenet i 1. person eintal er *jegh*. Diftongane er i det store og det heile monoftongerte, som i *kop* ‘kjøp’, *hetha*_{pres./3.pers./flt.} ‘heiter’ og *høræ*_{pres./3.pers./flt.} ‘høyrrer’, men dei er bevarte i *eigin* ‘eigen’ og *louk*_{pret./3.pers./eint.} (norrønt: *lauk*). Sistnemnde kjem av verbet *loka* ‘lukka’, her med den biletlege tydinga ‘å lukka eit kjøp’. Diplommet inneheld både preposisjonen *fore*, og dativforma *thy* av *that*, former Rindal (1997) trekker fram som typisk svenske.

Diplomet inneheld 13 finitte verb, ni i presens og fire i preteritum. Fire verb er bøygde i fleirtal: *see*, i presens 3. person fleirtal, *høræ*, i presens 3. person fleirtal, *setia*, i presens 3. person fleirtal, og *hetha*, i presens 3. person fleirtal. Det er to døme på eintal for fleirtal: *liggir* og *hafvir*, begge i 3. person. Verbet *liggir* viser tilbake til tre kyrlag (ei verdieining) og er del av ein relativsetning med *er* ‘som’. Når det gjeld *hafvir*, blir verbet følgt av eit komplekst etterstilt subjekt. Her, som i tidlegare diplom, ser vi at slike syntaktiske forhold kan fremja samanfall mellom eintal og fleirtal.

	Presens	Preteritum
1. person eintal	haffwer, heilsar	
3. person eintal	liggir	louk, kom, nøgdhe, war
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	see, høræ, <u>liggir</u> , <u>hafvir</u> , setia, hetha	

Tabell 23. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Avvik i person- og numerusbøyinga er understreka.

6.2.20 Diplom V9, 9. april 1455. DN XXI 476

Tre lagrettemenn på Voss kunngjer at Brynjulf Aslaksson selde Arne Peterson delar av ein eiedom på Takle på Voss. Med unntak av *Ollom monnom* i inscriptio og eit *meer*_{pron./1.pers./flt.} seinare i teksten, synest språkforma i diplommet austnordisk. Det same pronomenet er *wi* i

corroboratio. Alle tre diftongar er gjennomgåande monoftongerte. Utferdarane er *lagrettomenn*, ikkje *logrettumenn*. Det er brukt *for* for *firir* og dativforma *thy* av *that* er òg brukt.

Av dei 12 leselege¹⁹ finitte verba i dette diplommet, står fem i presens og sju i preteritum. Fem av verba er bøygde i fleirtal: *se*, presens 3. person fleirtal; *høra*, presens 3. person fleirtal; *senda*, presens 3. person fleirtal; *saghum*, preteritum 1. person fleirtal; *hørdhum*, preteritum 1. person fleirtal. Det er to døme på eintal for fleirtal i diplommet, *liggir* og *hafuir*, begge i 3. person og begge frå eigedomsskifteformelen. Ti av tolv verb, derav fem som er bøygde i fleirtal, har altså numerus som samsvarer med norrønt. Fjernar vi berre protokollen, sit vi igjen med ni verb, der sju har riktig numerus, fjernar vi eskatollen har vi att elleve verb, ni av dei med riktig numerus, og fjernar vi berre eigedomsskifteformelen har ti av dei ti verba vi sit igjen med riktig numerus. Ingen av verba har avvikande person.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		
3. person eintal		seldhe, nøgde, hafdhe, kom, war
1. person eintal		saghum, hørdhum
3. person fleirtal	se, høra, senda, <u>liggir</u> , <u>hafuir</u>	

Tabell 24. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. To av verba, *liggir* og *hafuir*, er døme på eintal for fleirtal og er såleis markerte med understreking.

6.2.21 Diplom V10, 25. august 1462. DN IX 341

Gard Rikolfsson pantset eigedom i Geslen med tilhøyrande fiskerettar til Alf Knutsson. Språkforma er blanda. Vi finn to døme på u-omlyd i diplommet: *Ollom monnom* i inscriptio og *logrettismen* i corroboratio, når vitna blir bedne om å innsegla dokumentet. Diftongane er varetatte i *them* i inscriptio, i *heita*_{pres./3.pers./flt} seinare i diplommet og i etternamnet *Sweinsson*. Monoftongering finn vi òg døme på i inscriptio, i forma *høra*. I kunngjeringsformelen står det *gørande*. Pronomenet i 1. person eintal er *iek*. Infinitivane endar konsekvent på *-a*, og i den eine, *tagha* ‘ta’, finn vi òg lenisering av *k*. Forma samsvarer med forma *taga* i konservativt nysvensk skriftspråk. Corroboratio inneheld preposisjonen *fore*, ikkje *firir*.

¹⁹ To verb var for utviska til å ha med. Dei er gjengitt i DN som *warum* og *setinm*. Sistnemnde er ei bøyging av verbet setja frå eskatollen.

Diplomet har åtte leselege²⁰ finitte verb, to i preteritum og seks i presens. Det er ingen døme på avvikande numerus i diplomet. Verbet *atte* har etter systemet frå norrønt fått forma frå 3. person, men som nemnt i [6.1.1](#) ovanfor er ikkje samanfall mellom 1. og 3. person eintal interessant for mi undersøking.

	Presens	Preteritum
1. person eintal		atte
3. person eintal	sender, skal	war
1. person fleirtal		
3. person fleirtal	see, høra, ero, heita	

Tabell 25. Eg tel førekomstar, så den same verbforma kan opptre fleire gongar i tabellen. Verba er plasserte i tabellen ut ifrå syntaktiske tilhøve, ikkje morfologisk form. Oppløyst forkorting er markert med kursiv.

6.2.22 Oppsummering av materialet frå Voss

Til liks med i bergensmaterialet, er det også her ein del veksling mellom norske og austnordiske former. Både diftongar og monoftongar er å finna i vossamaterialet, og det blir brukt både *log* og *lag* og *firir* og *fore*. Det er sju førekomstar av *gørande*, to av *gerande* og to av *gærande*. Dei to sistnemnde representerer nok same uttale. Noko som skil språkføringa i diploma frå Voss frå dei i Bergen er infinitivane: Medan Bergen har gjennomført a-infinitiv, har Voss meir veksling. I tillegg har Voss fleire fleirtalsformer med *-e*, og dette tar eg til inntekt for at den austnordiske innverknaden på diploma på Voss er dansk heller enn svensk. 1. og 3. person har også i desse diploma falle saman i eintal, men persondistinksjonen lever vidare i fleirtal.

6.3 Dei utvalde formlane

Innleiingsformelen, stadfestingsformelen frå og eigedomsskifteformelen er alle formlar som opptre hyppig i mitt materiale. Til felles har dei at dei står for mange av brota med verbbøyinga i norrønt, når det gjeld person og numerus. I innleiingsformelen *Ollom monnom them sem thetta bref sjá eða høyra senda [namn] ok [namn] queðiu Guds og sina kunnikt gerande [...]* er det verbet *senda* som står for avvika. Verba *sjá* og *høyra* kjem i mange ulike former, men dei er alltid bøygde i 3. person fleirtal. Når det gjeld *senda* er det mange døme på eintalsforma *sender* til fleirtalssubjekt. Når det gjeld avslutningsformelen *til sannende herom settom mer vár insigle fyrir thetta bref er gort var [...]*, er det *settom*, oftast i den mykje omtalte forma *sette*,

²⁰ Verba haffuer og bedis var for utviska til å ta med.

som står for brota. I oppramsingsformelen *með ollum lutum ok lunnendum sem til liggja ok legit hafa*, er det verba *liggja* og *hafa* som ofte byr på eintal for fleirtal.

Når eg ser på protokollen til og med *senda* i alle diploma mine, er det snakk om 53 verb, som står til ledd både i eintal og fleirtal, fordelt på 19 diplom; diplom [B9](#) blir halde ute på grunn av den særskilte formelen i det diplommet. Verbet *sjá* opptrer 19 gongar, sju gongar med *-a*, éin gong med *-æ* og elleve gongar med *-e* eller *-ee*. Verbet er alltid bøygd i presens 3. person fleirtal. Verbet *høyra* opptrer 16 gongar, tretten med *-a*, to med *-æ* og éin med *-e*, alltid i presens 3. person fleirtal. Det er 17 førekomstar av *senda* i materialet mitt; verbet er utviska i eitt diplom, og i eit anna diplom er det *heilsar* som fyller rolla til *senda*. Sidan *heilsar* står på same plass og fyller same rolle, vel eg å telja det med. Av desse 18 verbførekomstane, står fire i presens 3. person fleirtal og endar med *-a*. 14 har eintalsform med utlydande *-r*, og halvparten av desse står til subjekt som i norrønt ville kravd fleirtal. Fleirtalsformene står altså for 22,2 prosent av *senda/heilsa*-førekomstane, medan eintalsformene står for 77,8 prosent. 38,9 prosent av *senda/heilsa*-tilfanget har altså eintalsform der det i norrønt ville vore fleirtal.

Dei ulike variantane av verbet *setja* opptrer tretten gongar i eskatollane i mitt materiale. Seks av tretten førekomstar, nesten halvparten, har numerus som avvik frå norrønt, to har eintalsform før eintalssubjekt og fem er bøygde i fleirtal. Av fleirtalsformene er fire 1. person fleirtal med *-om/-um*, to i presens og to i preteritum, medan éin av førekomstane står i presens 3. person fleirtal med *-a*. I nokre diplom fyller *hengja* same rolle som *setja*. Verbet opptrer éin gong i presens 1. person fleirtal og to gongar med form frå presens eintal. Viss vi ser på *setja* og *hengja* under eitt, er det snakk om 16 førekomstar: Seks av dei, 37,5 prosent, er bøygde i fleirtal, fire av dei, 25 prosent, har eintalsformer i tråd med norrønt, medan seks, 37,5 prosent, har numerus som avvik frå norrønt.

Ved nokre høve var *setja* eller *hengja* for utviska til å ta med i tilfanget, og nokre høve der formuleringa er annleis, til dømes *bedist ek* + infinitiv av *setja* eller *hengja*. Dei alternative formuleringane er såpass få at dei ikkje er interessante å kvantifisera. Siste del av eskatollen er lite interessant for min analyse, sidan verba ikkje står i omgivningar som tilseier fleirtalsbøying, men det kan nemnast at *var* opptrer 16 gongar, *er* tre gongar, og det er eitt diplom som ikkje har noka form av *vera* i eskatollen. Det er fire leselege førekomstar av verbet *segja* i dateringsformelen *á degi ok ári sem fyrr segir*, alle i presens eintal.

6.4 Diploma under eitt

Samla sett er det 338 finitte verbførekomstar i materialet mitt, 172 frå Bergen og 166 frå Voss. Av det samla tilfanget, står 142 verb til ledd som i norrønt ville kravd fleirtal, medan 196 står til ledd i eintal. Ingen av verba som står til ledd i eintal er bøygde i fleirtal, medan det motsette, eintalsform for fleirtalsledd, førekjem. I eintal er samanfallet mellom 1. og 3. person fullstendig gjennomført i mitt materiale. I den grad ein finn former som samsvarer med 1. person eintal i normalisert norrønt, er det i verb der det allereie i norrønt var samannfall mellom 1. og 3. person, som i presens av preteritopresentiske verb (*ek/hon á* 'eg/ho eig'). På grunn av at samanfallet mellom 1. og 3. person i eintal er fullstendig gjennomført er denne numerusen mindre interessant for mine føremål, og eg har valt å setja dei 196 eintalsverba til sides i den vidare analysen.

Vi sit igjen med dei 142 verba som står til fleirtalsledd, 42,01 % av heile materialet. Av desse verbførekomstane er 42 (29,58%) eintal for fleirtal. Av dei 142 verba som står til ledd i fleirtal, er 60 (42,25%) verb frå protokollen eller eskatollen. 14 (23,33%) av desse 60 formelverba er eintal for fleirtal: seks førekomstar av *sette* og åtte førekomstar av *sender*. Fjernar vi protokollen og eskatollen sit vi igjen med 82 verb som står til fleirtalsledd, og 27 (32,93%) av desse har eintalsform til fleirtalsledd. Eigedomsskifteformelen med verba *liggja* og *hafa* står for elleve av dei 142 verba som står til fleirtalsledd i mitt tilfang. Åtte av desse er bøygde i eintal. Viss vi fjernar denne formelen i tillegg til innleiingsformelen og stadfestingsformelen, sit vi igjen med 71 verb som står til fleirtalsledd, med 19 (26,76%) tilfelle av eintal for fleirtal. Å sjå vekk i frå dei tre formlane har med andre ord ikkje veldig mykje å seia for statistikken, og eg gjer vidare i dette kapittelet ikkje eit poeng av å analysera dei tre formlane og dei andre delane av diploma kvar for seg.

	Eintal for eintal	Eintal for fleirtal	Fleirtal for fleirtal
Innleiing t.o.m. <i>senda</i>	7	7	39
Avslutning f.o.m. <i>setja</i>	25	6	5
Hovudtekst	164	29	56
Sum	196	42	100

Tabell 26. Dei 338 verba i mitt tilfang, sortert etter kor i teksten dei førekjem og om dei har eintalsform for eintalsledd, eintalsform for fleirtalsledd eller fleirtalsform for fleirtalsledd. Fleirtalsform for eintalsledd førekjem ikkje i mitt materiale.

Det er eitt diplom, diplom V7, som utmerker seg med ein særskilt høg del eintal for fleirtal: Heile elleve av 15 verb som står til ledd i fleirtal i dette diplommet er bøygde i eintal. Ser vi vekk ifrå diplom V7, inneheld materialet mitt 126 verb som står til fleirtalsledd, og 30 (23,81%) av desse er eintal for fleirtal. Diplom V7 blir analysert i meir detalj i [6.10.1](#) nedanfor. Vidare i dette kapittelet ser eg på korleis fordelinga av avvik varierer i dei ulike sosiale og morfologiske kategoriane.

6.5 Potensiell austnordisk innverknad

Denne oppgåva var aldri tenkt som ei undersøking av svensk og dansk påverknad på diplomspråket i Noreg, men eg ønskte likevel å kunna kategorisera språkforma i diploma som norsk, svensk, dansk eller noko i mellom desse. Derfor la eg i [2.5](#) ovanfor nokre føringar for kva eg reknar som austnordisk innverknad og korleis eg går fram for å skilja dansk og svensk påverknad frå kvarandre. I tillegg presenterte eg nokre potensielle feilkjelder, i form av heimlege språkendingar som òg kan tolkast som austnordisk. Gjennomgangen av enkeltdiploma i [6.2](#) ovanfor viser at desse føringane kom godt med, for det ser ut til å vera visse skilnadar mellom Bergen og Voss når det gjeld dei ulike austnordiske trekka. I det følgjande presenterer eg ulike trekk som kan vera av austnordisk opphav, og eg forsøker å finna ut om det er mest austnordisk innverknad i diploma frå Bergen eller i dei frå Voss.

6.5.1 Infinitivar

Blant dei ti diploma frå Bergen er det fire som ikkje inneheld infinitivar. Resten av diploma har gjennomgåande a-infinitiv. Også i materialet frå Voss er det fire diplom som manglar infinitivar, men i dei seks diploma som inneheld infinitivar er variasjonen til gjengjeld større enn i Bergen. Tre diplom har a-infinitiv, eitt har e-infinitiv, eitt har æ-infinitiv og eitt har infinitivar med apokope. Infinitivar er meir sjeldsynte enn finite verb, så det er for få av dei i mitt materiale til å kunna seia noko sikkert om skriftkulturane i Bergen og på Voss, men det er likevel interessant at berre halvparten av diploma på Voss har a-infinitiv.

I Bergen, som allereie frå tidleg av hadde høg grad av vokalreduksjon (Sørli, 1950:8), hadde eg venta å finna fleire infinitivar på *-e* eller *-æ* enn på Voss, i alle fall fleire enn null. At bergensdiploma berre har a-infinitiv tyder på svensk påverknad på skriftspråket, men kva betyr det at diploma på Voss har mindre a-infinitiv enn Bergen? Vossamålet har a-infinitiv framleis i dag, og denne infinitiven går nok tilbake til gammalnorsk tid. Det er lite som taler for at vossamålet skulle hatt ein periode med e-infinitiv i seinmellomalderen, for så å gå tilbake til den gamle infinitiven. I møte mellom ein skriftvarietet, svensk, som hovudsakleg inneheld a-

infinitiv, og ein talt varietet med same infinitivsending, dialekta på Voss, vil ei sannsynleg utkomme vera diplom med a-infinitiv. Når dette ikkje er tilfellet, ser dette ut til å underbygga at påverknaden frå svensk var svakare i diplom frå Voss enn i dei frå Bergen og at dei austnordiske trekka vi finn i materialet frå Voss heller var av dansk opphav. Ei anna mogleg forklaring på a-infinitivane i bergensmaterialet er ein jamn straum av tilflytting frå a-målsområda rundt byen. Slik argumenterer Larsen og Stoltz (1911:85) når det gjeld palatalisering av velarane [k] og [g] i innlyd. Denne tilflyttinga kan ha bidratt til å forseinka språkendingane som oppstod som følge av språkkontakten i Bergen.

6.5.2 Mediopassivsuffikset

Det mediopassive suffikset førekjem i to variantar i mitt materiale: *-st* og *-s*. Medan *-st* er typisk for vestnordisk og byrja å ta over for dei gamle endingane *-sk* og *-mk* på 1200-talet (Mørck, 2016:2), har austnordisk hatt *-s* i alle fall sidan tidleg i mellomalderen (Frederiksen, 2016:45). Pettersen (1991:549) skriv om bruken av mediopassiv at den høyrer til tida då «fremmed innflytelse gjør seg mer gjeldende». Den argumentasjonen følger eg ikkje heilt, all den tid eit kjapt søk i DN fekk opp fleire treff med mediopassiv på *-st* frå tilbake på 1200-talet, men kjeldetilgjenget er, til Pettersens forsvar, betre no enn på 70-talet. Om bruken av mediopassivformer i seg sjølv ikkje er teikn på austnordisk innverknad, kan spreinga av *-s* på kostnad av *-st* vera det. I mitt materiale fordeler dei to ulike variantane seg ulikt i diploma frå Bergen og dei frå Voss.

Det er totalt 18 førekomstar av mediopassiv i mine diplom, tolv frå Bergen og seks frå Voss. I Bergen er ni av tolv førekomstar med *-s*, medan tre av førekomstane er med *-st*. På Voss er fordelinga mykje jamnare: tre med *-s* og tre med *-st*. At fordelinga av *-st* og *-s* er heilt jamn i diploma frå Voss, kan tyda på svakare austnordisk påverknad her enn i Bergen. Også forskjellen i bruksfrekvens er interessant: Det er berre 1,037 gongar så mange verb frå Bergen som frå Voss i materialet mitt, men det er dobbelt så mange mediopassive verb i diploma frå Bergen som i dei frå Voss. Det kan vitna om ein markant forskjell i skriftkulturen på dei to stadene. Sosiale tilhøve og det lokale talemålet har nok òg spelt ei rolle for bruken av mediopassiv. Standssamfunnet på Voss såg annleis ut enn standssamfunnet i Bergen, og dette kan visa igjen i språkvala i diploma, jamfør Mørck (1999) si undersøking av passivbruk i ulike sosiale stender.

6.5.3 Monoftongering

Når det gjeld monoftongering, er stoda mykje den same i diploma frå Voss som i dei frå Bergen. Begge stader er det enkeltdiplom med høgare grad av monoftongering, diplom med svært lite monoftongering og diplom som finn seg ein plass i midten, som utgjer brorparten av diploma begge stader. Det ser ut som om det er noko mindre monoftongering på Voss, med unntak av diplom [V2](#). Likevel er det såpass jamt mellom diploma frå Bergen og dei frå Voss når det gjeld monoftongering, at dette språktrekket ikkje høver for å illustrera kor det er mest austnordisk påverknad.

6.5.4 Vokalreduksjon

Til liks med monoftongering er vokalreduksjon eit trekk som ikkje er eintydig austnordisk, men også typisk for bergenske kjelder allereie frå den gammalnorske perioden. Det bør òg nemnast at moderne svensk har bevart dei tre trykklette endevokalane *-a*, *-e* og *-o*, sjølv om det finst svenske dialektar med meir vokalreduksjon, til dømes nokre av måla i Östergötland (Pamp, 1978:29–30). Når det gjeld austnordisk påverknad på kjeldene mine, bruker eg vokalreduksjon for å peika på mogleg dansk påverknad på Voss, medan låg grad av vokalreduksjon i Bergen blir tatt til inntekt for hypotesen om svensk påverknad i diploma frå Bergen, der ein trass alt ville venta å finna meir vokalreduksjon enn på Voss.

Ei teljing av former viser at det ikkje er den heilt store forskjellen mellom Bergen og Voss når det gjeld vokalreduksjon. Eitt av dei bergenske diploma har høg grad av vokalreduksjon av norrøn trykklett *a* og *u*, medan dei resterande ni diploma har låg grad av det same språktrekket. I materialet frå Voss er det to diplom med høg grad av vokalreduksjon, sju med lite vokalreduksjon og eitt diplom som hamnar ein stad i mellom. Med atterhald om at det, på grunn av storleiken på materialet, er snakk om små marginar, ser det ut til at det er noko meir vokalreduksjon i tekstar frå Voss enn frå Bergen. Dette bygger i så fall opp under at det er sterkare påverknad frå svensk i materialet frå Bergen enn på Voss. Kan henda har birgittinarane hatt ei normgivande rolle i skriftspråket i Bergen i perioden? Materialet er for lite til å konkludera eintydig til eller frå.

6.6 Den geografiske variabelen

Som nemnt i [6.4](#) ovanfor, inneheld materialet mitt totalt 142 verbførekomstar som står til fleirtalsledd, 59 (41,55%) av dei frå Bergen og 83 (58,45%) frå Voss. 42 av verba som står til fleirtalsledd har numerus som avveik frå norrønt. 14 (23,73%) av verba frå Bergen som står til fleirtalsledd har eintalsmorfologi, medan det same gjeld 28 (33,73%) av verba frå Voss som

står til fleirtalsledd. I mitt materiale har altså fjellbygda Voss i skrift bevart mindre av det gamle verbformverket i skrift enn den internasjonale handelsbyen Bergen, sjølv om mitt materiale er for lite til å komma med særleg hardtslåande konklusjonar. I undersøkingar av små korpus, som mitt eige, kan enkelttekstar ha sterk innverknad på resultatet, og, som vi no skal sjå, gjelder det også denne undersøkinga.

Diplom V7, utferda av Sune Eriksson, soknepresten på Voss, saman med fem lagrettemenn, har svært høg del numerusbrot. Tolv (75%) av 16 verb som står til ledd i fleirtal er eintal for fleirtal. Fjernar vi dette diplommet, sit vi igjen med totalt 67 verb frå Voss som står til fleirtalsledd. 15 (22,39%) av desse har avvikande numerus. Dette er noko lågare enn prosenten for Bergen (23,73%), så det er tydeleg at dette eine diplommet utgjer ein stor del av førekomstane av eintal for fleirtal i materialet frå Voss. Diplommet blir analysert nærmare i [6.10.1](#) nedanfor.

Eitt diplom har altså mykje å seia for kor stor skilnad det er mellom Bergen og Voss i mitt materiale, og om det er Bergen eller Voss som har høgast del avvik frå norrønt. Men sjølv viss vi fjernar diplom V7 frå tilfanget, er fordelinga av avvik mellom Bergen og Voss mykje jamnare enn eg hadde trudd. Eg venta at det ville vera fleire avvik frå det gamle formverket diploma frå Bergen enn i dei frå Voss, som jo er blant stadene der numerusbøying av verb har halde seg ved lag nesten til våre dagar (Skjekkeland, 2005:136). Språkkontakten mellom norsk og tysk i Bergen i seinmellomalderen har sannsynlegvis ført til ein del av dei grammatiske forenklingane i bergensmålet (Nesse, 2002), og teoriar om språkleg utjamning og forenkling (Trudgill 1986; 2018) høver nok til å forklara ein del av desse forenklingane.

Med bakgrunn i det Sørli (1950:8) hevda om tidlege språkendingar i Bergen, språkkontaktsituasjonen i Bergen i mellomalderen, slik den er skildra av Nesse (2002) og det vi veit om dei notidige dialektane i Bergen og på Voss, hadde eg venta å finna fleire avvik i verbmorfologien i Bergen enn på Voss. Rett nok undersøkte verken Sørli eller Nesse person- og fleirtalsbøying av verb, men viss vokalreduksjonen verkeleg var så tidleg ute som Sørli hevda, er det overraskande om dette ikkje har hatt nokon innverknad på suffiksa *-a*, *-o* og *-om* i fleirtalsbøyinga av verba.

Kan henda har endringane i vokalsystemet i Bergen gått noko treigare enn det Sørli hevda. Ei anna forklaring er at den tidlege vokalreduksjonen av ein eller annan grunn ikkje påverka fleirtalsendingane i verba før seinare. Både språkkontaktsituasjonen og den tidlege utviklinga i Bergen skulle likevel tilseia at Bergen var meir sårbar for tidlege endringar i verbmorfologien enn det Voss var. Eg meiner at dette med stort sannsyn stemmer for *talemåla* i tida, som vi dessverre ikkje har gode kjelder til, om enn ikkje nødvendigvis skriftspråket. Men

kvifor viser ikkje ei slik eventuell utvikling att i skrift? Som potensiell forklaring vil eg trekka fram ein annan språkkontaktsituasjon enn den tidlegare nemnde kontakten mellom norsk og tysk. I perioden gjekk det gjekk det nemleg òg føre seg eit språkmøte som nok var meir skriftleg i sin natur: møtet mellom svensk og norsk.

Svensk skriftspråk heldt, som nemnt i [2.3](#) ovanfor, på både personbøying og numerusbøying av verb lenger enn norsken, sjølv om begge delar nok var ute av dei dialektane som skriftspråket er bygd på allereie på 1700-talet – i underkant av 200 år før talbøyinga formelt gjekk ut av skrift. Tidlegare i kapittel 6 har vi etablert at språket i dei bergenske diploma ser ut til å vera meir svenskprega enn diploma frå Voss. Det er tenkeleg at påverknaden frå svensk har spelt ei bevarande rolle for person- og numerusbøyinga i skrift i Bergen, sjølv om det er fleire tilhøve som talar for at desse bøyingskategoriane ville gått ut av talemålet i Bergen tidlegare enn på Voss.

Vokalreduksjonen, som ifølgje Sørliie var svært tidleg ute i bergenske kjelder, vil nok ha bidratt til oppløysinga av gamle skilje i verbmorfologien, der mange av bøyingsstrekka er skilde frå kvarandre ved hjelp av fullvokalane *-i/-e*, *-a* og *-u/-o*. Det er nok ikkje tilfeldig at svensk, som framleis i dag har tre moglege vokalar i trykklett stilling, heldt på tal- og personbøyinga lenger enn både norsk og dansk. Også språkkontakten med lågtysk skulle tilseia at det bergenske språket var tidlegare ute med innovasjonar og forenklingar enn vossamålet. Ser vi på bergensdialekta i dag, ser vi det som kan vera spor etter både språkleg *utjamning* og *forenkling* (Trudgill, 1986; 2018). Utjamninga har nok gått føre seg slik at former som liknar i tysken og norsken har vunne fram; det er nok ikkje tilfeldig at former med *-en*, eit suffiks som finst i både tysk og norsk, har fått så stor utbreiing i bergensk (Nesse, 2002:231). Forenklinga ser vi blant anna gjennom at bergensdialekta har ein enklare grammatikk enn mange andre dialektar; tokjønnsmodellen i bergensmålet er eit godt døme på tap av morfologisk redundans.

Grunnen til at det ikkje viser att i skrift, meiner eg er den sterke påverknaden frå svensk. Kanskje er det ein auke i birgittinsk innverknad på kulturen i Bergen vi ser i mine diplom? Det einaste bergensdiplomet med nokolunde gjennomført vokalreduksjon er diplom [B1](#), frå 1435, berre ni år etter at Munkeliv kloster blei vigd til den svenske birgittinarordenen. I resten av diploma er det mindre grad av dette språktrekket, som allereie frå 1200-talet skal ha byrja å prega bergenske kjelder. Det er ikkje råd å seia sikkert at dette er ein direkte konsekvens av etableringa av Munkeliv som birgittinarkloster, men vi kan likevel konstatera at fråværet av særbergenske trekk i mine kjelder med stort sannsyn kjem av sterk svensk påverknad på skriftspråket.

6.7 Sosiale stender

Opphoveleg var planen min å halda den sosiolingvistiske delen av undersøkinga mi høvesvis ryddig og berre operera med eit skilje mellom geistlege og ikkje-geistlege. Etter kvart som eg fekk tak i nok diplom frå kvar stad, opna det seg ei moglegheit for ytterlegare sosial stratifisering av diploma mine. I det følgjande undersøker eg distinksjonen eg opphoveleg hadde planlagt, geistlege og ikkje-geistlege, i tillegg til diplom utferda av lagrettemenn, rådmenn og lagmannen Jon Olavsson.

6.7.1 Geistlege

Fire av diploma mine har geistlege på utferdarsida: Diplom [B5](#) er utferda av kannik Finn Sigmundsson, og ein ikkje-geistleg, Helge Trulsson, som pleidde å vera fut i Sogn. Diplom [V8](#) er utferda av Alf Thorgardson, prost ved Apostelkirken i Bergen. Diplom [V4](#), [V6](#) og [V7](#) er utferda av prest Sune Eriksson, som to gongar er titulert som sokneprest på Voss, ein gong som korsbroder ved Kristkirken i Bergen. Med seg på utferdarsida av desse diploma har Eriksson ulike konstellasjonar av lagrettemenn på Voss.

Frå desse fire diploma har 108 verbførekomstar funne vegen til mitt materiale. 65 av verba står til eintalsledd, medan 43 verb står til ledd i fleirtal. Av desse 43 verba er det heile 17 (39,53%) verb som har eintalsform og dermed avvik frå systemet i norrønt. Denne prosentdelen er høgare enn prosentdelane eintal for fleirtal for både Bergen, som har 27,73% numerusbrot blant verba som står til fleirtalsledd, og Voss, som har 33,73% avvikande numerus. Det ser kanskje dramatisk ut, men statistikken frå Bergen og Voss er trass alt basert på 20 diplom, statistikken for geistlege på berre fire diplom. Med eit så lite materiale skal det lite til for at enkeltdiplom påverkar statistikken, og det ser ut til at dette har skjedd også i dette tilfellet.

16 av verba som står til fleirtalsledd i dei geistlege diploma kjem frå diplom [V7](#), og heile tolv av desse har avvikande numerus. Diplom [V7](#) står altså for tolv av dei 16 numerusbrota i dei geistlege diploma. Dei resterande fire avvika er fordelt slik på dei ulike diploma: [B5](#), eitt brot; [V4](#), eitt brot; [V8](#), to brot. Diplom [V7](#) står med andre ord for tre gongar så mange avvik som dei andre tre diploma til saman. Fjernar vi dette diplommet frå det geistlege tilfanget, sit vi igjen med 27 verb som står til fleirtalsledd, og fem (18,52%) av desse avvik frå systemet i norrønt. Dette er monaleg mindre enn avviksprosentane både i Bergen og på Voss.

Det er 16 diplom som ikkje har geistlege blant utferdarane, og i desse finn vi totalt 99 verbførekomstar som står til fleirtalsledd. 25 (25,25%) av desse verba kategoriserte eg som eintal for fleirtal. Det er ein del mindre enn delen avvik i det geistlege tilfanget inkludert diplom [V7](#) (39,53%), og noko meir enn i det geistlege tilfanget utan diplom [V7](#) (18,52%). Kva då om

vi skil dei ikkje-geistlege diploma utferda på Voss frå dei som er uferda i Bergen? 48 av dei ikkje-geistlege verba som står til fleirtalsledd kjem frå Voss, mot 51 frå Bergen. Av dei ikkje-geistlege verbførekomstane frå Voss er 12 (25%) av 48 verb med eintalsform for fleirtalsledd. I materialet frå Bergen er det snakk om 13 (25,49%) av 51. Det er altså ikkje dei heilt store skilnadane mellom dei ikkje-geistlege på Bergen og på Voss.

Sjølv om vi utelet diplom V7, som utmerker seg med særskilt høg grad av avvik, skil den geistlege og den ikkje-geistlege gruppa seg noko frå kvarandre, med høvesvis 18,52 % og 25,25 % avvik. Det er godt mogleg eit større utval tekstar ville vist ein endå tydelegare tendens den eine eller den andre vegen.

6.7.2 Lagrettemenn

Åtte av diploma i mitt materiale har lagrettemenn på utferdarsida, sju frå Voss og eitt frå Bergen. Sidan lagrettemenn eigentleg berre er menn som blir svorne i eid av lagmannen, er dei ikkje nødvendigvis for ein einskapleg sosial stand å rekna, men det er likevel verdt å sjå om denne variabelen har noko å seia for språket i diploma. Om eg finn ein betydeleg variasjon her, kan det vitna om at einskilde språkpraksisar var assosierte med, kanskje òg forventa av, lagrettemenn. Tre av diploma frå Voss (V4, V6 og V7) har, i tillegg til lagrettemennene, presten Sune Eriksson blant utferdarane. Eg kjem derfor både til å presentera statistikk for lagrettemannsdiploma som heilskap, dela diploma opp etter kor dei er utferda og til sist å presentera statistikk for diploma som er utferda av lagrettemenn åleine. Slik unngår eg òg at diplom V7, som har uvanleg høg grad av avvik, skaper skeivskap i statistikken.

Det er 78 verb frå lagrettemannsdiploma som står til ledd i fleirtal, elleve frå Bergen og 67 frå Voss. Det er totalt 28 (35,9%) verb som har eintal for fleirtal. Tre (27,27%) av dei elleve verba i diplom B8 frå Bergen er døme på eintal for fleirtal. Det at det berre er eitt diplom frå Bergen i mitt materiale som har lagrettemenn som nemnde utferdarar, gjer det utfordrande å generalisera resultatane. Av dei 67 lagrettemannsverba frå Voss som står til ledd i fleirtal, er det 25 (37,31%) som er bøygde i eintal. Dette er noko meir enn prosentdelen for geistlege, sjølv medrekna diplom V7 (33,73%). Rett nok er nettopp diplom V7, særmerkt med svært høg del numerusbrot, òg ein del av dette tilfanget.

Kva så om vi utelet dei tre diploma som, i tillegg til lagrettemennene, har presten Sune Eriksson med på utferdarsida? Då sit vi igjen med 60 verb som står til fleirtalsledd i diploma utferda av lagrettemenn, og 14 (23,33%) av desse har eintalsform. Ser vi berre på tilfanget frå Voss, igjen minus dei tre nemnde diploma, er det snakk om 49 verbførekomstar til fleirtalsledd i lagrettemannsdiploma frå Voss, derav 11 (22,45%) med eintalsform til fleirtalsledd. Diploma

som berre har lagrettemenn på utferdarsida har med andre ord ein del mindre numerusbrot enn det geistlege tilfanget som heilskap, men noko meir enn det geistlege tilfanget utanom diplom V7. Igjen viser dette at enkeltdiplom kan gi store utslag i statistikken, og det ser ikkje ut til at lagrettemennene skil seg mykje frå dei geistlege når det gjeld person- og numerusbøying.

6.7.3 Rådmenn

Fire av diploma frå Bergen, B1, B6, B7 og B10 er utferda av rådmenn. Etter å ha sortert verbførekomstane frå desse diploma slik at eg berre sat igjen med verba som står til fleirtalsledd, enda eg opp med til saman 24 verb frå rådmansdiploma. Seks av desse (25%) har avvikande numerus. Tre avvik kjem frå eigedomsskifteformelen, eitt frå avslutningsformelen og eitt frå innleiingsformelen. Det siste avviket er eit verb med etterstilt subjekt, med fleire ord mellom verbet og subjektet. Det ser altså ut til at numerusavvika til rådmennene i Bergen i all hovudsak gjeld språklege kontekstar der eintal for fleirtal tidleg florerer.

Med 25% numerusbrot, har rådmennene noko mindre avvik enn materialet som heilskap. Rådmennene har altså monaleg færre avvik enn heile lagrettemannstilfanget (35,9%), men noko meir avvik enn lagrettemansdiploma som *berre* er utferda av lagrettemenn (23,33%). Prosenten brot er òg lågare enn dei geistlege diploma medrekna V7 (33,73%), men høgare enn dei geistlege diploma utanom V7 (18,52%). Dei bergenske rådmennene har i tillegg noko meir avvik enn det vi finn i bergenstilfanget generelt (23,73%), men forskjellen er marginal.

6.7.4 Lagmann Jon Olavsson

Berre eitt diplom i tilfanget mitt er utferda av ein lagmann; diplom B4 er utferda av lagmann i Bergen, Jon Olavsson. Eitt diplom er på ingen måte tilstrekkeleg for ein sosiolingvistisk analyse som freistar å seia noko generelt om gruppa, men sidan vi først har sett på geistlege, lagrettemenn og rådmenn, er det interessant å sjå korleis det einaste lagmannsdiplomet i tilfanget mitt ser ut i forhold til diploma frå andre grupper.

Av 25 finitte verb i diplommet er det berre seks som står til ledd i fleirtal, og tre av desse (50%) har eintalsform. Avviksprosenten verkar ved første augekast dramatisk, men det er trass alt berre snakk om tre verb med avvikande numerus, eller fire, dersom verbet *hafuer*, som er utviska i originaldiplommet, er tolka riktig av transkribenten. Dei tre aktuelle avvika opptre i tillegg i kontekstar der eintal for fleirtal tidleg gjorde seg gjeldande: Verbet *sette* står til eit etterstilt subjekt i 3. person fleirtal, medan *hafde* og *ventes* har eitt ledd, eit direkte objekt,

mellom seg og subjektet. Verbet *ventes* er i tillegg mediopassivt. Indrebø (1924:111) kunne visa til fleire døme på eintal for fleirtal i denne kategorien allereie frå midten av 1300-talet.

Verken den sparsame mengda verb til fleirtalsledd i diplommet eller dei språklege kontekstane numerusavvika hans opptrer i, bygger opp under at dette er eit diplom eller ein utferdar med uvanleg mange numerusbrot, trass den høge avviksprosenten. Det er altså liten grunn til å tru at lagmann Jon Olavsson var meir innovativ i verbbøyinga enn dei andre utferdarane i mitt materiale. Hadde diplommet innehalde fleire verb som stod til fleirtalsledd, meiner eg det er mykje som talar for at avviksprosenten ville gått ned.

6.8 Morfologi

I dette delkapittelet kjem eg til å undersøka stoda for person- og numerusbøyinga innanfor ulike bøyingsklassar, bøyingskategoriar og bøyingstrekk. Eg vil forsøka å samanlikna dei ulike verbklassane og personane, i tillegg til å undersøka stoda i den mediopassive forma av verba. Deretter seg eg nærmare på bøyingstrekket konjunktiv.

6.8.1 Verbklasse

At endringane i numerusmorfologien kunne skje i ulikt tempo i dei svake versus dei sterke verba er ei kjent sak. Både Ottosson (2003) og Enger og Conzett (2018:262) kjem inn på det i sine gjennomgangar av utviklinga i verbmorfologien i mellomnorsk tid. Skjekkeland (2005:136) peiker på at også notidige dialektar med talbøying av verb har eit skilje mellom sterke verb, som kan bøyast i to numeri både i presens og preteritum, og svake verb, som berre blir talbøyge i presens. Korleis ser variasjonen mellom dei ulike sterke og svake verbklassane i mitt materiale ut? Tabell 27 nedanfor syner fordelinga av verbførekomstane i dei ulike klassane og ut ifrå kva numerus subjektet dei står til ville kravd i norrønt.

	dóma	kasta	telja	preterito- presentisk	sterk 1	sterk 2	sterk 3	sterk 4	sterk 5	sterk 6	sterk 7
Eintal	58	11	6	28	1	3	2	12	58	7	10
Fleirtal	52	4	13	4			1	1	59	2	6
Totalt	110	15	19	32	1	3	3	13	117	9	16

Tabell 27. Dei 338 verbførekomstane i materialet mitt, fordelt på verbklasse og kva numerus subjektet dei står til ville kravd i norrønt.

Blant dei 52 dma-verba som stod til ledd i fleirtal, var det 18 (34,62%) som hadde numerusbying som avveik fr norrnt. Dma-klassen er den desidert mest hgfrekvente verbklassen blant dei svake verba i mitt materiale, s det var ikkje uventa å sj ein viss grad av numerusbrot i denne verbklassen. Mange av dei 52 aktuelle verba er frekomstar av *hyra* og *senda* fr innleiingsformelen. Fjernar vi desse 27 frekomstane, str vi igjen med 25 dma-verb til fleirtalsledd, og 10 (40%) av desse er bygde i eintal. Det er ein strre del enn viss vi har med verba bde fr og utanfr formelen. Det kan likevel hva seg å skilja mellom *hyra* og *senda*. Medan *hyra* alltid str til det same impliserte fleirtalssubjektet, str *senda* til ulike subjekt med ulik numerus i dei forskjellige diploma. Blant dma-verba som str til fleirtalsledd er det elleve frekomstar av *senda*, fire med form fr 3. person fleirtal og sju med eintalsform. Det at det er variasjon, meiner eg taler for å skilja mellom *senda* og *hyra*. Ser vi p dma-verba utanom *hyra*, men inkludert *senda*, har vi å gjera med 44 verb som str til fleirtalsledd, og 19 av desse (40,91%) er bygde i eintal. Formelverba, og d spesielt *hyra*, har med andre ord mykje å seia for delen brot i denne verbklassen.

I kasta-klassen var det ingen av dei fire verba som stod til ledd i fleirtal som hadde avvikande numerus. P den eine sida kunne ein venta å finna ein hgare grad av avvik i denne verbklassen, som jo var og er den mest produktive i norsk, men p den andre sida er det berre snakk om totalt fire verb. Produktivitet er ikkje det same som hg bruksfrekvens, godt eksemplifisert av at det faktisk er dma-klassen som er den svake verbklassen som opptre oftast. I tillegg er dei fire frekomstane av kasta-verb, fr diplom B6 og B8, i rynda berre to ulike verb: *skodom* og *ransakadom*. I begge diploma ser dei ut til å vera del av ei fast formulering der utferdarane seier at *mer skodom ok ransakadom begghios þeira bref*, altså at dei undersker papira til begge partar i ei sak. At verba er del av ein nokolunde fast formel kan nok bidra til å bevare byinga i numerus og person, men fire verbfrekomstar er, formel eller ei, for lite til å kunna seia noko srleg om verbklassen generelt.

Den siste svake verbklassen, telja-klassen, er eit litt spesielt tilfelle, sidan langt dei fleste verbfrekomstane i denne klassen er ulike former av verbet *setja*. Av dei 13 telja-verba som str til ledd i fleirtal er det berre to, *wildæ* ‘ville’ og *sældho* ‘selde’ som ikkje er former av *setja*. Sju (53,85%) av telja-verba som str til fleirtalsledd er bygde i eintal. Alle utanom ovannemde *wildæ* er variantar av verbforma *sette*. Etersom ein s stor del av telja-verba mine er former av *setja*, som i [6.1 2](#) ovanfor har blitt etablert som eit potensielt problemverb, hver ikkje mine resultat til å seia noko generelt om utviklinga av person og numerus i denne verbklassen.

Dei to første klassane av dei sterke verba har ingen førekomstar til fleirtalsledd i mitt materiale. Klasse 3, derimot, har éin, *wordho* (norrønt: *urðu*), og denne er tydeleg markert for 3. person eintal. Det er også ein verbførekomst frå klasse 4 som står til fleirtalsledd, og denne er tydeleg eintal for fleirtal: *kom*. I norrønt ville leddet dette verbet står til kravd forma for preteritum 3. person fleirtal, *kómu* eller *kvámu*. Det er for få førekomstar frå desse to klassane til å kunna seia noko generelt om utviklinga.

Klasse 5 av dei sterke verba er den verbklassen som opptrer hyppigast i mitt materiale. Av dei 59 verbførekomstane som står til ledd i fleirtal er 13 (22,03%) eintal for fleirtal. 18 (30,51%), av førekomstane frå klasse 5, som står til fleirtalsledd, er variantar av *sjá*, presens 3. person fleirtal av *sjá*, frå den innleiande formelen i diploma. Fjernar vi desse, sit vi igjen med 41 verb som står til ledd i fleirtal, og det er framleis dei same 13 verba (31,71%) som har eintalsform for fleirtalsledd.

Dei to verba frå klasse 6, *stodho* og *thogo* er begge tydeleg markerte for preteritum 3. person fleirtal. Frå klasse 7 er tre (50%) av seks verb som står til fleirtalsledd døme på eintal for fleirtal. Alle dei tre førekomstane med eintalsform er former for verbet (*h*)*eita*, frå diplom V7, som tidlegare i oppgåva har blitt trekt fram som eit diplom med høg grad av numerusbrot.

Sidan dóma-klassen og klasse 5 av dei sterke verba står for brorparten av verbførekomstane i mitt materiale, er det også desse verbklassane som høver best for ei eventuell samanlikning mellom sterke og svake verb. Viss vi fjernar dei to verba som står til same subjekt, og er bøygde i same tal og person, i så godt som alle diploma mine, *sjá* og *høyra*, kan vi sjå ein tydeleg skilnad, med høvesvis 40,91% avvikande numerus i dóma-klassen og 31,71% i klasse 5 av ei sterke verba.

6.8.2 Tempus

Enger og Conzett (2018:262) nemner at preteritum av svake verb er særskilt utsette for å mista dei distinkte fleirtalsformene sine. Korleis ser det så ut i mitt materiale? Av dei 42 verba med avvikande numerus, står 22 (52,38%) i presens og 20 (47,62%) i preteritum. I presens er 12 (54,55%) av 22 verb svake. Sjølv viss vi ser bort frå *set* i avslutningsformelen er det over halvparten (52,38%) svake verb blant dei i presens med avvikande numerus. Av 20 verb i preteritum er 13 (65%) svake verb. Ser vi bort ifrå dei fem førekomstane av *sette* som dette inkluderer, er det i staden snakk om 8 (53,33%) svake av totalt 15 verb.

Dei svake verba i preteritum i mitt materiale har noko meir avvikande numerus enn dei sterke, sjølv om ein ser vekk ifrå det høgfrekvente og ofte reduserte verbet *setja*. I presens er

fordelinga jamn, med noko høgare grad avvik i dei svake enn sterke verba, uavhengig av om vi inkluderer *setja* eller ikkje.

6.8.3 Samsvarsbøying i mediopassiv

I mitt materiale har eg totalt 18 mediopassiv verb, 15 som står til ledd i eintal og tre som står til ledd i fleirtal. Av verba som står til fleirtalsledd er det berre eitt som er markert for fleirtal, *kendos* 'kjentest' frå diplom B6. To tredelar (66,66%) av dei mediopassiv verba som står til fleirtalsledd har med andre ord avvikande numerus. Tre verb er i minste laget for å kunna seia noko generelt om denne kategorien av verb, men Indrebø (1924:111) skriv at eintalsform for fleirtalsledd i mediopassiv byrja å bli meir utbreidd allereie tidleg i mellomnorsk tid. Eg mistenker at denne utviklinga var kommen lenger i perioden mi undersøking er sett i enn det vi kan lesa ut ifrå materialet, men undersøkingar av eit større korpus er nødvendige for å konkludera nokolunde sikkert.

6.8.4 Skilnadar mellom 1. og 3. person

38 (26,76%) av dei 142 verbførekomstane som står til ledd i fleirtal, høyrer til ledd i 1. person. Dei resterande 104 (73,24%) verba står til ledd i 3. person. At 1. person utgjør ein mindre del av materialet enn 3. person er ikkje overraskande. Diploma beskriv oftast ei rettshandling, og i slike dokument opptrer 1. person berre når utferdarane beskriv si eiga rolle i sakshandsaminga, til dømes at dei ser og høyrer på vitnesbyrd eller at dei set innseglet sitt på dokumentet. Medan utferdarane nokre gongar er aktive partar i sakene diploma mine handlar om, er dette oftast ikkje tilfellet. Derfor er det naturleg at 3. person opptrer oftast.

Tre (7,89%) av 38 verb som står til ledd i 1. person fleirtal, har form frå eintal. Det gjeld tre førekomstar av verbet *setja*: *sette* (x2) og *seet*. Medan førstnemnde er heilt lik forma for 3. person eintal, liknar *seet* mest på den norrøne forma *set*, for 1. person eintal, men det er ikkje godt å seia om det faktisk er den gamle særskilte forma for 1. person som er brukt her. Diplomet *seet* opptrer, V5, i er nemleg karakterisert av særreigen vokalisme (meir om dette i [6.10.2](#) nedanfor). Uansett kan vi konstatera at ein svært låg del av verba som står til ledd i 1. person fleirtal har avvikande numerus, og dei få avvika i denne kategorien i materialet mitt kjem frå éi formulering i avslutningsformelen: *sette mer/wi*. Endinga *-om* ser altså ut til å vera sårbar for reduksjon til *-e* ved inversjon av subjektet. Dette liknar vokalreduksjonen *bärom wi > bäre wi* som Wessén (1951:169) peiker på i sin gjennomgang av person- og numerusbøyinga i fornsvensk. I mitt materiale observerer eg likevel berre denne reduksjonen i *sette*, og til

motsetnad frå i fornsvensken, spreier den seg ikkje til kontekstar utan inversjon. Dette, i kombinasjon med formlikskapen med eintal, gjer at eg reknar *sette* som eintal for fleirtal, jamfør gjennomgangen i [6.1.2](#) ovanfor.

Kva så med 3. person? 40 (38,46%) av dei 104 verba som står til ledd i 3. person fleirtal, er bøygde i eintal. Det er ein monaleg større del avvik enn i 1. person. Kvifor er skilnaden så stor mellom personane? Det er tenkeleg at sjølve bøyingssuffiksa har noko å seia: Når vi ikkje ser spor av lån frå 3. person fleirtal til 1. person fleirtal i mine kjelder, i og med at former med *-om* framleis er dei einaste gangbare i 1. person fleirtal, kan dette ha noko med *ikonisitet* å gjera. 1. person er meir markert enn 3. person, og denne markertheita bør etter ikonisitetsprinsippet markerast med ein lengre bøyingssekspont, og *-om* er lengre enn begge suffiksa for 3. person fleirtal. Suffikset er i tillegg felles for både presens og preteritum. At det same suffikset opptrer i begge tempusa kan ha hatt ein bevarande effekt.

I 3. person er det ulike endingar for presens og preteritum, høvesvis endingane *-a* og *-o* (eventuelt *-e* i danskprega diplom). I tillegg beskriv Ottosson korleis former frå 3. person, som blir rekna som umarkert, tidleg spreier seg i andre personar. Eintal blir òg rekna som umarkert (Ottosson, 2003:113). I mitt materiale har endingane frå den umarkerte personen allereie spreidd seg i eintal. Kan henda ser vi i mine diplom ei spreing av former frå den umarkerte numerusen eintal vidare til 3. person fleirtal? Det vil så kunna bidra til den vidare oppløysinga av person- og numerusbøyinga i fleirtal, og såleis vera eit steg på vegen til språkssystemet som dominerer i Noreg i dag, eit system der verb ikkje blir bøygde i tal og numerus som i gammalnorsk. At former spreier seg frå den umarkerte numerusen til den markerte numerusen via 3. person, den umarkerte personen, er ein interessant tanke. Om det er denne utviklinga vi ser i mine diplom, er det likevel ikkje ei utvikling som blir fullført før ei god stund etter perioden eg undersøker. Jamfør Ottosson (2003:162) oppstår først eit system der forma for 3. person fleirtal blir brukt i alle personar i fleirtal, og det er dette systemet vi kjenner frå dei dialektane som har bevart numerusbøyinga inn i vår tid (Skjekkeland, 2005:136).

Eg meiner det også er andre grunnar til at mengda avvik er såpass mykje større i 3. person enn i 1. person: 1. og 3. person blir som nemnt brukt ulikt. Førstnemnde refererer gjerne til utferdarane, medan sistnemnde til dømes refererer til partar i den aktuelle saka. I tillegg blir 3. person brukt om ikkje-levande saker og ting som blir nemnt. Allereie i gammalnorsk blei eintal brukt når to eller fleire ikkje-levande subjekt stod etter verbet (Indrebø, 1924:110), og det er tenkeleg at denne praksisen spreidde seg vidare til andre kontekstar. I tillegg er 1. person-subjekta oftast pronomenet *mer* eller *wi*, medan konstruksjonar med 3. person kan ha langt meir komplekse subjekt, som òg er blant tilfella der eintal for fleirtal aukar i perioden, ifølge Indrebø.

I tillegg kan det faste formatet til diploma ha bidratt til å bevare den særskilte forma for 1. person fleirtal i mange verb: Viss eit knippe lagrettemenn ber vitne i fleire saker der dei gjer dei same handlingane (t.d. sjå, høyra, ransaka, skoda, osv.), er det kanskje ikkje overraskande at det er den same forma av desse verba som går igjen i diploma. Det er med andre ord mykje som skulle tala for at 3. person er særskilt sårbar for brot med det gamle bøyingsystemet. Skilnaden mellom 7,89% avvik i 1. person fleirtal og 38,46% avvik i 3. person fleirtal er likevel påfallande.

6.8.5 Konjunktiv

Når det gjeld stoda for og utviklinga av konjunktiv, er det for få førekomstar i mitt materiale til å berre sjå på fleirtal, som eg har gjort hittil i analysen. Det er sju konjunktivar i mitt materiale, fire som står til ledd i eintal og tre som står til ledd i fleirtal. Alle står i presens og 3. person. Tre av førekomstane i eintal er enkelt og greitt konjunktivar med konjunktivsmorfemet *-e* lagt til stamma. To av desse er førekomstar av verbet *náða* ‘náda’ og dei er brukt i frasen *gudh hans siell nade*, ei formulering der ein kunne venta å finna konjunktiv òg i moderne norsk, om enn med formell og noko arkaisk stil. Éin av konjunktivane i eintal, *se* ‘vere’, er danna med stammeskifte, som den einaste av sitt slag i mitt materiale.

Dei tre konjunktivane i 3. person fleirtal i mitt materiale kjem alle frå diplom V1. To av dei, *skolæ* og *skulæ*, er førekomstar av verbet *skulu* ‘skulla’, medan den siste, *hafwe*, kjem av verbet *hafa* ‘ha’. Dei to førekomstane av *skulu* kan i utgangspunktet sjå ut som preteritum 3. person eintal indikativ (norrønt: *skyldi*), og i så fall ville begge to vore døme på eintal for fleirtal, men då ville eg ha venta ein skrivemåte med *-ld-* eller dobbel konsonant *-ll-* som følge av assimilasjon. Dobbelt konsonant er ikkje markert konsekvent i diploma mine, men diplom V1 inneheld òg verbforma *skuldæ*, som tyder på at preteritum framleis blir markert med *-ld-* i dette diplommet. Vokalreduksjonen i utlyd frå *skuli* til *skolæ* og *skulæ* har ikkje hatt noko å seia for numerusmarkeringa av verbformene, ettersom *skuli* allereie i norrønt var felles for 3. person i både eintal og fleirtal i presens konjunktiv. Med assimilasjon av *-ld-* i preteritum og inkonsekvent markering av dobbelt konsonant, ville samanfallet mellom *skuldæ* og *skulæ* likevel vore komplett, så vegen er ikkje lang frå systemet i dette diplommet til eit system der sjølve modusbøyinga av verb som *skulu* fell bort, til fordel for at verbet åleine kan uttrykka ei form for modalitet, slik som i moderne norsk.

6.9 Syntaktiske tilhøve

Ein heil del av numerusavvika i mitt tilfang finn vi i syntaktiske samanhengar som ifølge Indrebø (1924) allereie tidleg i perioden kunne føra til eintal for fleirtal (sjå [6.1.2](#) ovanfor). Det er numerusbrot i leddsetningar som er innleidde med subjunksjonane *som* eller *er*. Ni avvik kjem før komplekse etterstilte subjekt, medan fire avvik kjem i tilfelle der det er eitt eller fleire ledd (oftast eit objekt) mellom verbet og subjektet. Til sist er det tre døme på eintal for fleirtal som følge av vokalreduksjon i ved inversjon av subjektet (*sette mer/wi*). Det er altså snakk om 29 numerusavvik i syntaktisk avgrensa omgivningar. I tillegg til avvika med *sette wi/mer* kjem tre avvik med *sette* + subjekt i 3. person fleirtal. Dei er nok resultat av ei spreining frå konstruksjonar med *sette* + pronomen i 1. person fleirtal, men dei er fjerna frå den opphavslege konteksten som førte til denne reduksjonen, og eg har såleis valt å ikkje telja dei med.

Fjernar vi desse 29 avvika er det ikkje lenger snakk om at 42 (29,58%) av 142 verb som står til fleirtalsledd har avvikande numerus, men 13 (11,5%) av 113. Syntaktiske omgivningar har med andre ord svært mykje å seia for mengda numerusavvik i mitt materiale. Likevel: Avvik i kontekstar som ofte triggar avvik er framleis for avvik å rekna. Sjølv om dei nemnde syntaktiske kontekstane står for brorparten av numerusbrot, er det framleis 11,5% avvik i materialet som fell utanfor desse kontekstane. Det tyder på at endringane i verbbøyingssystemet er i gang, og, som vi veit, spreier eintalsformene seg etter kvart til stadig nye kontekstar.

6.10 Nokre interessante enkeltdiplom

Ein av fordelane med ei nærlesing av diploma, som eg har vore nøydd til å gjennomføra på grunn av situasjonen rundt kjeldene og transkripsjonane, er at eg har fått skapt meg eit meir heilskapleg bilde av språket i kvart enkelt diplom. Dette har òg ført til at eg har bite meg særskilt merke i nokre av diploma, som på ulike vis har skilt seg ut frå resten av tilfanget. I det følgjande kjem ein meir inngåande analyse av eit knippe slike enkeltdiplom.

6.10.1 Tre diplom frå Sune Eriksson

Diplom [V7](#), frå 1446, utferda av Sune Eriksson, sokneprest på Voss, og fem lagrettemenn frå Voss, har blitt nemnt fleire gongar i denne oppgåva. Diplomet står i ei særstilling i mitt materiale når det gjeld mengda avvik, med heile 12 av 16 numerusavvik blant verba som står til fleirtalsledd. Diplom [V4](#) frå 1449 er òg utferda av soknepresten, denne gongen med seks lagrettemenn frå Voss. I diplom [V6](#), frå 1454, utferda saman med fire lagrettemenn, blir ikkje Eriksson lenger omtalt som *sokne prest* eller *songneprester a Wos*, men heller *corsbroder at Cristkirkio j Bergwin*.

Kven var Sune? Anna enn at han var sokneprest på Voss på 1440-talet og at han var tilknytt eit geistleg miljø i Bergen, har eg ikkje klart å finna mykje informasjon om han. Namnet Sune er av svensk opphav og kjem av eldre svensk *sun* 'son' (Aalhaug, 2020). At namnet opphavelig er svensk er likevel ikkje det same som at vår Sune kjem frå Sverige. Kan vi eingong vera sikre på at det er han som har ført desse tre diploma i pennen? Heilt sikre kan vi nok ikkje vera, men etter å ha samanlikna handskrifta i diploma, meiner eg, med atterhald om at paleografi ikkje er innanfor min ekspertise, at alle tre kan sjå ut som om dei er skrivne av same person. I så fall er presten Sune ein god kandidat som skrivar.

Språkføringa i dei tre diploma har både svenske og norske trekk. Alle tre har u-omlyd i inscriptio *Ollom monnom*, medan *logrettomenn* er u-omlydt berre i V6 og V7. Medan V7 inneheld forma *gerande*, er det *gørande* som opptre i dei to andre diploma. Det blir veksla mellom *mer/mær* og *vi/ver* i V4 og V6, medan det konsekvent er brukt *mer* i V7. Formuleringa *milan fiels ok fierw* frå diplom V4 minner om formelen *nær by ok fiærre*, som Hødnebo (1971:147) trekker fram som døme på austnordisk innverknad. Diplomet har elles gjennomført monoftongering, med unntak av i dei to etternamna *Thorsteinson* og *Einarson*. I V6 og V7 er det òg mykje monoftongering, men dei inneheld òg fleire døme på bevarte gammalnorske diftongar. Diplom V4 og V6 inneheld konsekvent *foræ/fore*, medan det i diplom V7 vekslar mellom *firir* og *fore*. Det er ikkje usannsynleg at Sune var svensk, men, om han ikkje var det, tilseier desse diploma at han i alle fall var sterkt påverka av ein svensk skriftkultur.

Kva med numerus og person i diploma Sune har utferda? Som nemnt er det svært høg grad av avvikande numerus i diplom V7, heile tolv avvik blant 16 verb som står til ledd i fleirtal. Dette kunne tyda på at han er ein verbmorfologisk innovatør, men korleis er stoda i dei to andre diploma? I diplom V4 er det snakk om eitt av åtte verb som står til fleirtal, i diplom V6 er det eitt av fem. Diplom V7 skil seg altså tydeleg frå dei to andre diploma Sune har utferda (og sannsynlegvis skrive) når det gjeld dei grammatiske trekka eg undersøker. Ei nærmare undersøking av syntaksen i V7 viser at dette diplommet inneheld fleire tilfelle av komplekse etterstilte subjekt enn dei to andre, i tillegg til at nokre av verba med eintalsform for fleirtalsledd kjem i leddsetningar etter subjektet. Diplomet er òg lengre enn dei to andre. Det ser med andre ord ut til at særskilte forhold ved diplommet, heller enn innovasjon frå skrivaren si side, er grunnen til den store mengda avvik i diplom V7.

6.10.2 Diplom V5: særmerkt vokalisme

I gjennomgangen av diplom [V5](#) ovanfor kom det fram at vokalismen i diplommet skil seg monaleg frå dei andre diploma. På den eine sida har diplommet høg grad av synkope og apokope, med former som *skyldst* (norrønt: *skyldast*) og *giorrd* (norrønt: *gerðu*). Ein viss grad av apokope er ikkje uhøyrtd i vestnorske målføre, men ikkje til den graden ein finn i dette diplommet. Kan henda er dette innverknad frå dialektar med meir gjennomført apokope, eller kanskje apokoperingsprosessen i vestnorsk gjekk lenger før han blei dels reversert? Sistnemnde forklaring blir i så fall ikkje underbygd av dei andre diploma i materialet mitt.

Eit anna interessant aspekt med vokalismen i dette diplommet er mengda *a* i bøyingsuffiksa til verba, til dømes i *ligar*, *lyydar* og *waram*. Ei mogleg forklaring på *a* i *ligar* kan vera at skrivaren har ei dialekt med *a* som fugevokal mellom verbstamma og bøyingsuffikset. Svarabhaktivokalen i norsk fekk nemleg ulike utslag ulike stader. I mesteparten av Noreg fekk ein *e*, medan Voss og Hardanger fekk *u*, til liks med i færøysk og islandsk. Eit område som grovt sett fell saman med dagens Telemark fekk derimot *a* som fugevokal (Berg mfl., 2018:170). Grøtvedt (1954:58) trekker fram fleire døme på *a* i diplom frå Vestfold, som han meiner er lokalprega former. Viss vi følger tankegangen om at *a* i *ligar* er påverknad frå ei slik dialekt, kan det vera at *a* har blitt reanalysert som del av bøyingsuffikset, og at dette har spreidd seg til andre verbklassar. Når det gjeld *lyydar* kan det vera snakk om ei slik spreiring av *a*, eller det kan vera at skrivaren blandar to verb som liknar kvarandre og har liknande betydning: norrønt *hljóða* ‘lyda/ljoda, få fram lyd’ er nemleg eit verb i kasta-klassen, som får *-ar* i presens eintal.

Spreiring av *-ar* i presens 3. person eintal verkar sannsynleg, kanskje spesielt sidan endinga samsvarer med endinga i kasta-klassen, den mest produktive av verbklassane i norsk. Å ta ei slik spreiring av *-a-* til inntekt for endinga *-am* i *waram* (norrønt: *várum*) blir nok likevel å strekka det litt langt. Kan henda uttrykker *-a-* ein slags nasalisert /o/, etter påverknad frå den etterfølgande nasalen? Forma *høyrrum*_{pres/1.pers/flt.} viser likevel at *a* ikkje blir brukt konsekvent i 1. person fleirtal, og synest òg å vera eit motprov til hypotesen om at *-am* er eit resultat av nasalisering, sidan vi då kunne venta å sjå ei form som *høyrram*. Ei anna mogleg forklaring er at vi har å gjera med ei slags utjamning av endingsvokalen, ein progressiv assimilasjon der vokalen i bøyingsuffikset blir gjort likare eller heilt lik som den føregåande vokalen, i dette tilfellet ein *a*. Eller kan henda reflekterer den avvikande vokalismen i dette diplommet ulike forsøk på å gjengi ein redusert vokal [ə] i talemålet til skrivaren eller utferdaren?

Basert på desse suffiksa kunne ein òg tenka seg at skribenten generelt bruker *a* for å gi att trykklette vokalar, utan at dette reflekterer ein faktisk uttale med /a/. Konsonantane i utlyd,

m for 1. person fleirtal og *r* for presens 1. og 3. person eintal, kan seiast å gi nok grammatisk informasjon, så kanskje *a* berre blir brukt som eit slags ortografisk fyll? I så fall vil forma *høyrrum* vera å rekna som eit unntak til dette. Av forklaringane eg har lansert, meiner eg likevel at denne er den mest sannsynlege. Om *a* slett ikkje representerer uttale, men er eit teikn på at skrivaren er økonomisk i vokalismen, vil ein kunna tenka seg at noko liknande er tilfelle for dei mange synkoperte og apokoperte formene i diplommet: Viss konsonanten i eit verb er nok til å markera det morfologisk, spelar det nok ikkje ei stor rolle kva vokal ein vel å leggja inn mellom verbstamma og konsonanten i suffikset, eller om ein vel å leggja inn ein vokal i det heile tatt.

Det er likevel ikkje berre i bøyingssuffiksa i verba vi finn ein uventa *a*. Stadnamnet Voss er stava *Vas* og *Vass* i diplommet, så det kan rett og slett henda at skribenten har vanskar med å skilja mellom *a* og *o*, to grafem som både liknar i handskriftene og kan representera lydar som ikkje blir uttalte med altfor stor avstand i munnhola. Liknande samanfall er ikkje uheyrde i norsk språkhistorie, all den tid [a:] fall saman med [ɔ:] i norrønt. I handskriftene liknar *o* og *a* ofte på kvarandre, og det kan vera utfordrande å skilja mellom dei. Derfor kunne eg lagt godviljen til og tolka *waram* som *warom*, men ei nærlesing av diplommet viser at dei to grafema blir skrivne på ulike måtar. Grafemet *o* har ikkje den same halen som *a*, og *waram* synest den beste tolkinga i dette tilfellet.

Eit søk på «waram» i *Diplomatarium Norvegicum* får opp to resultat, dette diplommet og eitt diplom frå Åmli i Agder, frå 1452 (DN XII, 219). Eit søk på «varam» gav derimot ingen treff. Også i diplommet frå Åmli opptretr både *waram* og bøyingssuffikset *-ar* på uventa stader, som i verbforma *hawar* ‘har’ (norrønt: *hefir*). Anna enn *waram* har 1. person fleirtal *-om* og *-wm* i dette diplommet. Er det mogleg at dette er svensk påverknad? Infinitiven *wara* førekjem i diplommet frå Åmli, i tillegg til ein del andre former som synest svenske. Verken søk i Fornsvensk leksikalsk databas (<https://spraakbanken.gu.se/fsvldb/>) eller søk i *Svenskt diplomatium* (<https://sok.riksarkivet.se/SDHK>) får opp resultat for *waram* eller *varam*, så forklaringa om at *-am* og *-ar* er svensk påverknad er i alle fall ikkje underbygd av kjeldene eg har for hand. Svensk påverknad gir heller ikkje ei tilfredsstillande forklaring på synkopen og apokopen i diplom V5. Eg konkluderer med at den særmerkte vokalismen i dette diplommet ikkje ser ut til å ha ei enkel forklaring; ytterlegare undersøkingar er nødvendige.

6.11 Funna i lys av teorien

Så langt har eg i all hovudsak late empirien tala for seg, men korleis passar funna mine inn i det teoretiske rammeverket frå [kapittel 4](#) ovanfor? Nedanfor freistar eg bruka dei morfologiske og sociolingvistiske teoretikarane til å kasta lys over ulike sider ved materialet mitt.

6.11.1 Morfologi

Dei endringane som har skjedd i verbmorfologien frå gammalnorsk til perioden mitt prosjekt finn seg i, passar ikkje heilt smidig inn i Wurzel sitt system, sjølv med Ottosson si tilpassing til norske høve. Det ser ikkje ut til at dei systemdefinerande struktureigenskapane som fanst i gammalnorsken blir meir regelrette, eller at dominerande system gjer seg meir gjeldande på kostnad av mindre dominerande system. Samanfallet av personar i eintal er eit godt døme. Innanfor den femte systemdefinerande struktureigenskapen, synkretisme, finn vi tre konkurrerande system i eintal i gammalnorsk: ein trevegsdistinksjon mellom personane, som i presens konjunktiv; ein tovegsdistinksjon, der 1. person har særskilt form og 2. og 3. person har felles form, som i presens indikativ av dei fleste svake og sterke verb; og atter ein tovegsdistinksjon der det er 2. person som har den særskilte forma, slik som i preteritum av dei sterke verba og presens av dei preteritopresentiske verba.

Som også Ottosson (2003:117) skriv, er det utfordrande å finna ut kva for eitt av desse systema som er dominerande, og det er ingen av desse systema som går «vinnande» ut med dei endringane som skjer i sein gammalnorsk og i mellomnorsk tid. Resultatet er eit fullstendig samantfall av personane i eintal, med unntak av den særskilte endinga i 2. person i preteritum eintal av dei sterke verba (t.d. *thu tokt* 'du tok') og presens eintal av dei preteritopresentiske verba (t.d. *thu skalt* 'du skal'). No har eg ingen døme på 2. person i verken eintal eller fleirtal i mitt materiale, men eit søk i DN på *thu* fekk opp treff med *-t* både i og etter perioden prosjektet mitt fell innanfor, så vi kan konstatere at, heller enn at eitt av systema frå gammalnorsk tid har gjort seg gjeldande på kostnad av dei andre, har vi enda opp med ein syntese av dei tidlegare systema. I svake og sterke verb har persondistinksjonen falle saman fullstendig i presens eintal, medan tovegsdistinksjonen i preteritum av dei sterke verba og presens av dei preteritopresentiske verba ser ut til å vera halden ved lag, jamfør tidlegare forskning på feltet (sjå [2.2](#) og [2.3](#) ovanfor) og det nemnde søket eg utførte i DN.

Det nærmast fullstendige samantallet i eintal kan nok, som Ottosson skriv, skyldast at 3. person er umarkert, og at endingane til den umarkerte personen har ein tendens til å spreia seg. Ottosson (2003:165) beskriv liknande tendensar i fleirtal i andre halvdel av 1400-talet: Endingar frå 3. person, den umarkerte personen, blir lånte inn i 1. person fleirtal. Det systemet

vi endar opp med då, minner om det som framleis finst i nokre dialektar i våre dagar (Skjekkeland, 2005:136). Ei utvikling frå person- og numerusbøying til berre numerusbøying, kan kallast ei naturleg morfologisk utvikling, ettersom eit morfologisk system med berre numerus er meir naturleg enn eit med berre person (Ottosson, 2003:114).

Så langt i utviklinga har vi likevel ikkje komme i mitt materiale. Persondistinksjonen er framleis bevart i fleirtal. Avvika frå bøyingsystemet i tyder òg på at oppløysinga av numerus som bøyingskategori i verba er i gang, sjølv om numerusbøyinga framleis må kunna seiast å vera levande i mine diplom. At endringa i numerussystemet byrjar før personbøyinga er heilt vekke, er ikkje i tråd med tankesettet i den naturlege morfologien, noko Ottosson òg er inne på. Han peiker på at mange av numerusavvika i perioden kjem som følge av syntaktiske tilhøve, noko eg òg kjem inn på i denne oppgåva, men det er likevel nokre avvik i mitt materiale som tyder på at avviklinga av numerusbøyinga i norsk så smått har byrja. Det ser med andre ord ut til at den naturleg morfologiske tanken om at språkendringar bør gå føre seg i ei viss rekkefølge ikkje er allmenngyldig, og mi undersøking kan, i tråd med Ottosson sitt arbeid, støtta ei vidare nyansering av denne teorien.

6.11.2 Språkkontakt

Eg gjekk inn i dette prosjektet med ei forventning om å finna høg grad av vokalreduksjon i Bergen, i tillegg til reduksjonar i person- og numerusbøyinga, som følge av språkkontakten med lågtysk i perioden, og eg stod klar til å forklara desse utviklingane med teoriane om *utjamning* og *forenkling*. Det eg ikkje forventa å finna, var at bøyingsystemet var bevart i ganske lik grad i Bergen og Voss og at sistnemnde hadde noko meir vokalreduksjon enn Bergen. Ei mogleg forklaring er at Sørлие (1950) overdriv kor tidleg språket i Bergen har endra seg samanlikna med andre stader i landet.

I [6.5](#) ovanfor argumenterer eg derimot for at det er svensk påverknad som har bevart dei trykklette endevokalane, så vel som mykje av det gamle bøyingsystemet, i dei bergenske tekstane mine. Dette underbygger eg med at det diplommet frå Bergen som faktisk har noko høgare grad av vokalreduksjon enn dei andre, er det eldste bergensdiplomet i tilfanget og at den svenske påverknaden var noko svakare såpass tidleg i perioden. Om dette er riktig, vil utjamning-omgrepet kunna høva for å forklara endevokalismen: Diplomet ([B1](#)) inneheld mykje *-æ* for gammalnorsk *-a*, og det er sannsynleg at uttalen likna ein slapp /e/, kanskje i form av ein reduksjonsvokal [ə]. Denne lyden likna nok reduksjonen i utlyd frå gammalnorsk /i/ til /e/ som førekjem i mitt materiale. Slike lydar i utlyd er det òg ein del av i lågtysk: Nesse (2002:229) viser blant anna til ei lågtysk kjelde frå Bergen i 1490, der alle dei trykklette vokalane er *e*. At

den reduserte vokalen har komme inn for gammalnorsk trykklett *-a* kan vera eit teikn på at ein lyd som var i bruk både hos tyskarane og bergensarane har spreidd seg til ein ny språkleg kontekst via språkleg *utjamning*. Eitt diplom er likevel for sparsamt å seia det sikkert, og sidan det inneheld såpass få verb som står til fleirtalsledd, er det òg utfordrande å seia om ei slik utjamning har verka inn på verbmorfologien.

Relatert til utjamning-omgrepet er *språkpotten*, som er det Neteland (2013) har omsett Mufwene (2001) sitt *feature pool* til. La oss forsøka å tilpassa dette omgrepet, som opphavelig er brukt for å beskriva koinéformasjon, til skriftspråksituasjonen i mellomalderen: Vi kan tenka oss at det var fleire språkpottar i spel når mellomalderdiploma i mitt materiale blei skrivne, både den enkelte skrivaren sin språkpotte og språkpotten til utferdarane og/eller den som dikterte den rettsskipande handlinga til skrivaren. I språkpotten til skrivaren kan vi forventa å finna trekk både frå hans eiga dialekt og frå skriftspråknorma han har fått inn gjennom skriveopplæringa, i tillegg til eventuelle trekk frå andre språk om han var fleirspråkleg. Om Hødnebo (1971:148) har rett i at svensk var motespråk i einskilde geistlege miljø i perioden, vil ein òg venta å finna svenske trekk i språkpotten til mange skrivarar. I tillegg kjem språkpotten til utferdarane, den som dikterte til skrivaren (sannsynlegvis ein av utferdarane) og nok også språket til dei andre som er involverte i diplommet. Mellomalderskrivarane blei trass alt påverka av både skriftlege og munnlege kjelder rundt dei (Mørck, 1999:271), så det er god grunn til å tru at talemålet til den som dikterte påverka språket i diplommet.

Kva trekk vi finn i dei enkelte språkpottane er ikkje råd å seia sikkert, både på grunn av at vi ikkje har direkte kjelder til talemålet i mellomnorsk tid og fordi vi oftast ikkje veit sikkert kven som har skrive det aktuelle diplommet. Vi kan likevel bruka språkpottomgrepet til å kasta lys over delar av språkbruken i diploma. Vi kan til dømes gå rimeleg sikkert ut ifrå at eit trekk som *a*-infinitiv finst i språkpotten til både vossamålet og i svensk. Det same gjeld dei trykklette fullvokalane *-a*, *-e*, og *-o* i utlyd. Det er altså slike fellestrekk for svensk og vossamål ein skulle venta å finna i diploma frå Voss, dersom det er høg grad av svensk påverknad også her. Når enkelte diplom frå Voss då har gjennomført *e*-infinitiv, nokre døme på 3. person fleirtal som endar på *-e* og elles høg grad av vokalreduksjon, kan dette tyda på at vi har med påverknad frå dansk heller enn svensk å gjera. Språkpotten høver nok betre for å forklara utviklinga av talespråk i kontaktsituasjonar, men eg meiner døma ovanfor viser at den òg kan brukast for å synleggjera kva slags språk som har og ikkje har verka inn på dei enkelte diploma.

6.12 Avslutning

Lat oss venda blikket tilbake til problemstillinga og forskingsspørsmåla a), b) og c) som blei lanserte i [1.1](#) ovanfor.

1. Korleis ser verbbøyinga i Noreg ut rundt midten av 1400-talet?
 - a. Korleis er variasjonen i verbbøyinga mellom Bergen og Voss?
 - b. Korleis er variasjonen i dei ulike sosiale stendene?
 - c. Korleis er variasjonen i dei ulike bøyingsklassane og bøyingskategoriane?

Allereie i innleiinga anerkjente eg at ei undersøking av verbmorfologien i heile Noreg i perioden kjem utanfor rammene til denne oppgåva, og eg snevra meg inn til å berre sjå på diplom frå Bergen og Voss. Funna mine er såleis ikkje representative for heile landet. Undersøkinga kan likevel seia meir om utviklinga desse to stadene, og den kan nok òg peika på nokre generelle tendensar for landet. Korleis svarer så funna mine på spørsmåla eg stilte i innleiinga?

Som det kjem fram av analysen tidlegare i kapittelet, held person- og numerusmorfologien i desse 20 diploma frå perioden 1430–1465 seg relativt stabil, med totalt 29,58% avvikande numerus blant verba som står til ledd i fleirtal. I eintal er samanfallet mellom 1. og 3. person komplett, medan persondistinksjonen i fleirtal lever i beste velgåande, utan teikn til at 1. person fleirtal får former frå 3. person.

Verb frå Bergen utgjer 41,55% av verba som står til ledd i fleirtal, medan Voss står for 58,55%. Det kan observerast nokre forskjellar mellom stadene. Inkluderer vi diplom V7, er forskjellane store, med høvesvis 33,73% eintal for fleirtal på Voss, mot 23,73% i Bergen. Utan dette problemdiplomet er det snakk om mindre ulikskap, med 22,39% avvik på Voss (og framleis 23,73% på Voss). Også mellom dei sosiale stendene er det noko variasjon, og også her har diplom V7 mykje å seia for resultatet. Blant verba som står til fleirtalsledd, har geistlege, inkludert diplom V7, 39,53% avvik, utan diplom V7 18,52%. Ikkje-geistlege har 25,25% avvikande numerus. I diploma som berre er utferda av lagrettemenn er prosenten 23,33%, og blant rådmennene i Bergen er det 25% avvik. Den eine lagmannen i diplommet har 50% avvikande numerus, men der er det òg snakk om for få verb til å kunna seia noko generelt om lagmannen sin bruk av numerus og person. Det er altså noko variasjon å sjå blant dei sosiale variablane, men storleiken på korpuset gjer at enkeltdiplom kan utgjera store skilnadar for resultatata. Ei undersøking av eit større korpus er nødvendig for å unngå slike problem.

Innanfor fleire av dei ulike bøyingsklassane og bøyingskategoriane var det tydeleg variasjon. Ei samanlikning av den mest frekvente svake verbklassen, dóma-klassen, og den mest frekvente sterke verbklassen, klasse 5, underbygger at svake har meir avvikande numerus enn dei sterke verba, med høvesvis 40,91% avvik i dóma-klassen og 31,71% i klasse 5 av dei sterke verba, sett vekk frå verba *høyra* og *sjá* frå protokollen. Når det gjeld presens versus preteritum av dei svake verba, med unntak av *sette*, er det nesten heilt jamt.

Forskjellane mellom 1. og 3. person er store, med høvesvis 7,89 % avvik blant verba i 1. person og 38,46% i 3. person. Dette meiner eg at kan ha med *markertheit* å gjera: Former frå den umarkerte 3. personen spreier seg, først i eintal og seinare i fleirtal (men ikkje i mitt materiale), og det ser ut til at denne ikkje-markertheita òg gjer 3. person fleirtal sårbar for å låna inn former frå eintal, den umarkerte numerusen. Diatese, altså mediopassiv eller aktiv, ser òg ut til å ha noko å seia for om numerusdistinksjonen er bevart eller ikkje, men det er for få førekomstar i materialet til å slå i bordet med dei. Heller ikkje konjunktiv er godt nok representert i tilfanget til å kunna komma med gode generaliseringar om dette bøyingstrekket.

Mengda avvik frå bøyingsystemet i norrønt varierer stort ut ifrå kva syntaktiske kontekstar verba opptre i. Det er likevel ikkje slik at alle avvika er avgrensa til dei aktuelle syntaktiske kontekstane. Sett bort ifrå desse kontekstane, er det framleis 11,5% verb med avvikande numerus blant verba som står til ledd i fleirtal i mitt materiale. Med andre ord tyder materialet mitt på at oppløysinga av numerusbøyinga var i gang før personbøyinga var fullstendig ute av språket, noko som går imot prinsippet frå naturleg morfologi om at naturlege språkendingar bør gå føre seg i ei viss rekkefølge. Noka reint morfologisk forklaring på samanfallet i verbmorfologien i mellomnorsk tid må ein nok leita lenge etter. Også reint fonologiske forklaringar blir utilstrekkelege, all den tid lydlege prosessar som vokalreduksjon ikkje forklarar lånet av endinga *-a* frå 3. person til 1. person, som eg rett nok ikkje observerer i mitt materiale, men som er godt belyst i forskingslitteraturen (Mørck, 2018:329). Dei avgrensa syntaktiske omgivnadane Indrebø (1924) nemner, som i mitt materiale har stor innverknad på mengda brot med det norrøne formverket, kan ikkje forklara alle avvika. Det er mykje som taler for at dei lydlege reduksjonane i ein-skilde syntaktiske omgivningar, som oppstod tidleg og skapte avgrensa samfall mellom eintal og fleirtal, hadde mykje å seia for den vidare utviklinga. Systemet som til slutt vann fram, utan samsvarsbøying av finitte verb blei ikkje til på grunn av utviklingar i morfologien, fonologien eller syntaksen åleine, men som eit resultat av samhandlinga mellom dei ulike språklege nivåa.

Når funna mine viser at morfologien, fonologien og spesielt syntaksen har mykje å seia for om person- og numerusbøyinga er bevart eller ikkje, tyder dette på at det er språkinterne

forklaringar som høver best for å forklara variasjonen innanfor desse to bøyingskategoriane. Medan eg finn noko sosial og geografisk variasjon i mitt materiale, er det innanfor dei ulike morfologiske kategoriane mine at variasjonen verkeleg er tydeleg, og syntaktiske kontekstar har, som nemnt ovanfor, stor innverknad på numerus (og dermed også person) i mitt materiale. Kan henda ville ei undersøking av eit større datasett funne betydeleg sosial variasjon og dermed òg støtte til språkeksterne forklaringar på variasjonen i og utviklinga av person- og numerusmorfologien, men i mi undersøking er det dei språkinterne tilhøva som har desidert mest å seia. Wurzel (1984) sine systemdefinerande struktureigenskapar gir heller ikkje ein tilfredsstillande forklaring på utviklinga av verbmorfologien i mellomnorsk, sjølv om omgrep som ikonisitet og markertheit frå den naturlege morfologien kan belysa enkelte aspekt ved denne utviklinga. Meir treffsikker når det gjeld resultata av mi undersøking er Indrebø (1924): Dei syntaktiske tilhøva han trekte fram ligg bak ein stor del av avvika i mi undersøking.

Utviklinga av person- og numerusbøyinga er med denne oppgåva på ingen måte ferdig studert. Ytterlegare undersøkingar av verbmorfologien i mellomnorsk tid er nødvendige, gjerne med større datakorpus, nye geografiske variablar, betre moglegheiter for sosial stratifisering og nye teoretiske utgangspunkt. Her er det mykje interessant forskning som står att. Likevel vil eg spesielt trekka fram eit sidespor frå denne oppgåva som gjorde meg skikkeleg nyfiken: Den svenske påverknaden på det bergenske skriftspråket i perioden, og kanskje også på den lokale dialekta, bør undersøkast nærmare. Det er liten tvil om at dansk har spelt ei viktig rolle i språkhistoria fleire stader i Noreg, Bergen inkludert, men vektlegginga av dansken har moglegvis gått på kostnad av kunnskap om innverknaden frå det svenske språket. Denne ballen spelar eg gjerne vidare.

Litteraturliste

- Alhaug, Gulbrand: Sune i *Store norske leksikon* på snl.no. Henta 9. mai 2023 frå <https://snl.no/Sune>
- Berg, Ivar (2014) Om normalisert norrønt. *Arkiv för nordisk filologi*, side 21–54.
- Berg, Ivar; Bugge, Edit; Røyneland, Unn; og Sandøy, Helge (2018) Geografisk og sosial variasjon, i Mæhlum, Brit (red.) *Norsk språkhistorie II: Praksis*. Oslo: Novus, side 163–256.
- Braunmüller, Kurt (1995) *Niederdeutsch und die skandinavische Sprachen 2*. Heidelberg: C. Winter.
- Enger, Hans-Olav og Conzett, Phillip (2016) Morfologi, i Sandøy, Helge (red.) *Norsk språkhistorie I: Mønster*. Oslo: Novus, side 213–316.
- Frederiksen, Britta Olrik (2019) Gammeldansk, i Hjorth, Ebba (red.) *Dansk sproghistorie: bøjning og bygning*. Aarhus: Aarhus universitetsforlag, side 41–72.
- Grøtvedt, Per Nyquist (1954) Forholdet mellom skriftspråk og talespråk i mellomnorske brev fra Vestfold omkring 1400. *Maal og Minne*, side 56–65.
- Grøtvedt, Per Nyquist (1970) *Skrift og tale i mellomnorske diplomer fra Folden-området 1350-1450. 2, Vestre og Indre Folden*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hamre, Lars (2004) *Innføring i diplomatikk*. Oslo: Hamriana.
- Haugen, Odd Einar (2001) *Grunnbok i norrønt språk*. Oslo: Gyldendal.
- Haugen, Odd Einar (2013) *Handbok i norrøn filologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hødnebo, Finn (1971) Om diplomer som kilde for norsk språkhistorie, i Magerøy, Hallvard og Venås, Kjell (red.) *Mål og namn: studiar i nordisk mål- og namnegransking*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Indrebø, Gustav (1924) Litt um burtfallet av fleirtal i verbalbyggingi i norsk, i *Festskrift til Amund B. Larsen*. Kristiania: Aschehoug & Co, side 106–114.
- Indrebø, Gustav (1951) *Norsk målsoga*. Bergen: John Grieg.
- Jahr, Ernst Håkon (1995) Nedertysk og nordisk: språksamfunn og språkkontakt i Hansa-tida, i Jahr, Ernst Håkon (red.) *Nordisk og nedertysk: språkkontakt og språkutvikling i Norden i seinmellomalderen*. Oslo: Novus, side 9–28.
- Jahr, Ernst Håkon (2008) Nynorsk språkforståing – en historisk oversikt, i Wiggen, Geir; Bull, Tove og Nielsen, Marit Aamodt (red.) *Språkhistorie og språkkontakt. Language history and language contact*. Oslo: Novus, side 196–209. Opphavelag utgitt i Henriksen, Carol; Hovdhaugen, Even; Karlson, Fred; og Sigurd, Bengt (1996, red.)

- Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden.* Oslo: Novus.
- Kinn, Kari (2010) *Formelle subjekter i norsk – en diakron undersøkelse.* Masteroppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Larsen, Amund og Stoltz, Gerard (1911) *Bergens bymål I.* Kristiania: Aschehoug og Co.
- Lie, Svein (1986) Morfologi – noen tendenser i nyere forskning, i *Norsk lingvistisk tidsskrift* 4, side 3–25.
- Mørck, Endre (1999) Sociolinguistic studies on the basis of medieval Norwegian charters, i Jahr, Ernst Håkon (red.) *Language change: Advances in Historical Sociolinguistics.* Berlin: De Gruyters, side 263–290.
- Mørck, Endre (2011) *Leddstillinga i mellomnorske heilsetninger: funksjons- og feltanalyse og materialpresentasjon.* Oslo: Novus.
- Mørck, Endre (2016) Forma på det mediopassive suffikset i mellomnorske diplom. *Maal og Minne* 108(2), side 1–30.
- Mørck, Endre (2018) Seimellomalderen (1350–1536), i Nesse, Agnete (red.) *Norsk språkhistorie IV: Tidslinjer.* Oslo: Novus, side 293–356.
- Nesse, Agnete (2002) *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen.* Doktoravhandling. Oslo: Novus.
- Nesse, Agnete (2020) Historisk sosiolingvistik: en fruktbar utvidelse av språkhistoriedisiplinen. *Målbryting*, side 1–22.
- Nordbø, Børge; Venås, Kjell; Magerøy, Hallvard; Thorvaldsen, Bernt Ø.: *norrønt* i Store norske leksikon på snl.no. Henta 7. mars 2023 frå <http://snl.no/norr%C3%B8nt>
- Opsahl, Erik: Norge i senmiddelalderen i *Store norske leksikon* på snl.no. Henta 18. april 2023 frå https://snl.no/Norge_i_senmiddelalderen
- Ottósson, Kjartan (1992) *The Icelandic Middle Voice: The morphological and phonological development.* Ph.d.-avhandling. Lund: Lunds universitet.
- Ottosson, Kjartan (2003) Utviklinga av person- og numerusbøyinga av verb i gammalnorsk og mellomnorsk, i Faarlund, Jan Terje (red.) *Språk i endring. Indre norsk språkhistorie.* Oslo: Novus, side 111–183.
- Pamp, Bengt (1978) *Svenska dialekter.* Stockholm: Natur och Kultur.
- Pettersen, Egil (1975) *Språkbrytning i Vest-Norge 1450–1550: språket i vestnorske skrifter ved overgangen fra mellomalder til nyere tid.* Bergen: Universitetsforlaget.
- Pettersen, Egil (1991) *Språkbrytning i Vest-Norge 1450–1550: bind II – morfologi.* Bergen: Alma Mater.

- Pettersson, Gertrud (1996) *Svenska språket under sjuhundra år*. Lund: Studentlitteratur.
- Rambø, Gro-Renée (2010) *Historiske og sosiale betingelser for språkkontakt mellom nedertysk og skandinavisk i seinmiddelalderen: et bidrag til historisk språksosiologi*. Doktoravhandling. Oslo: Novus.
- Rindal, Magnus (1997) Norsk eller svensk i fire mellomalderdiplom frå Jämtland og Härjedalen, i Bondevik, Jarle; Kristoffersen, Gjert; Nes, Oddvar og Sandøy, Helge (red.) *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen*. Bergen: Alma Mater forlag.
- Roberge, Paul (2006) Language History and Historical Sociolinguistics, i Ammon, Ulrich mfl. (red.) *Sociolinguistics/Soziolinguistik 3*. 2. utg. Berlin: de Gruyter, side 2307–2315.
- Salvesen, Helge: *vidisse* i Store norske leksikon på snl.no. Henta 7. mai 2023 frå <https://snl.no/vidisse>
- Sandvik, Gudmund: *Diplomatarium Norvegicum* i *Store norske leksikon* på snl.no. Henta 27. mars 2023 frå https://snl.no/Diplomatarium_Norvegicum
- Skjekkeland, Martin (2005) *Dialektar i Noreg: tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sørli, Mikjel (1950) *Bergens eldste bymål*. Bergen: J. W. Eides forlag.
- Tiemann, Juliane (2023) *Syntactic variation and information structure in Old Norwegian: an investigation of Konungs Skuggsjá in AM 243 ba fol.* Doktoravhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Trudgill, Peter (1986) *Dialects in contact*. Oxford: Blackwell.
- Trudgill, Peter (2018) *'Norwegian as a normal language' and other studies in Scandinavian Linguistics*. Oslo: Novus.
- Vázquez, Nila og Marqués-Aguado, Teresa (2012) Editing the Medieval Manuscript in its Social Context, i Hernández-Campoy, Juan og Conde-Silvestre, Juan Camilo (red.) *The Handbook of Historical sociolinguistics*. Malden, Massachusetts: Wiley-Blackwell, side 123–139.
- Wessén, Elias (1951) *Svensk Språkhistoria I: ljudlära och ordböjningslära*. Stockholm: Filologiska föreningen vid Stockholms högskola.
- Wetås, Åse (2008) *Kasubortfallet i mellomnorsk : ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale*. Doktoravhandling. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Wurzel, Wolfgang Ulrich (1984) *Flexionsmorphologie und Natürlichkeit*. Berlin: Akademie-Verlag.

Samandrag

Denne masteroppgåva er ein studie av person- og numerusbøyinga av verb i mellomalderdiplom frå Bergen og Voss 1430–1465. Medan verb i gammalnorsk blei bøygd i tre personar og to numeri, manglar moderne norsk verbmorfologi bøyingskategoriane person og numerus. Mange av endringane som har ført til systemet i dag gjekk føre seg i den mellomnorske perioden (1350–1536). Med dette prosjektet undersøker eg verbmorfologien rundt midten av perioden. Undersøkinga er variasjonslingvistisk, og eg ser både på sosial variasjon, som mellom Bergen og Voss og mellom ulike sosiale stender, og variasjon innanfor bøyingsklassar og bøyingskategoriar. Eg freistar òg å kasta lys over austnordisk, og då spesielt svensk, innverknad på språket i diploma.

Det teoretiske rammeverket for oppgåva er både morfologisk og sociolingvistisk fundert. På den morfologiske sida er det teoriar om morfologisk naturlegdom som blir trekte fram, medan det sociolingvistiske perspektivet representert av teoriar om språkkontakt og historisk sociolingvistik. Kjeldematerialet er 20 norske mellomalderdiplom, ti frå Bergen og ti frå Voss. Alle dei aktuelle diploma handlar om eigedom. Eg har lese tekstane frå nettversjonen av *Diplomatarium Norvegicum* side om side med bilde av originalkjeldene.

Undersøkinga viser at numerusbøyinga av verb held seg godt i mine kjelder. Persondistinksjonen er borte i eintal, men framleis levande i fleirtal. Om ein ser bort ifrå eitt enkeltdiplom med svært høg grad av eintalsformer for fleirtalsledd, er forskjellane mellom Bergen og Voss små. Noko variasjon kan observerast mellom dei ulike sosiale stendene. Innanfor nokre av bøyingskategoriane er det tydeleg variasjon: Svake verb ser ut til å ha fleire brot med det gamle bøyingsystemet enn dei sterke verba, og 3. person er monaleg meir utsett for slike brot enn det 1. person er. Kategorien tempus har lite å seia for person- og numerusbøyinga. Mediopassive verbformer har eintalsform for fleirtalsledd oftare enn dei aktive formene, men materialet inneheld for få av desse verba til å kunna seia noko sikkert. Dei få konjunktivformene i mitt materiale har alle former som i gammalnorsk ville vore felles for eintal og fleirtal, og dei seier såleis lite interessant om utviklinga i person- og numerusbøyinga.

Funna mine blir forsøkt forklart innanfor det teoretiske rammeverket i oppgåva. Eg argumenterer for at svensk påverknad har hatt noko å seia for bevaringa av numerus- og person i verbmorfologien, spesielt i Bergen. Meir enn både morfologiske og sosiale variablar, eller påverknad frå andre språk, ser det likevel ut til at det spesielt er syntaktiske tilhøve som har noko å seia for om fleirtalsformene av verba er bevart eller ikkje.

Abstract

This master's thesis explores person and number agreement in verbs collected from Norwegian medieval charters, all issued in Voss or Bergen between the years 1430–1465. While Old Norwegian verbs were conjugated with respect to three grammatical persons and two grammatical numbers, modern Norwegian has no such verbal agreement. Many of the changes that lead to the present system occurred during the Middle Norwegian period (1350–1536). This project creates a glimpse into the system as it was around the middle of this period. I study variation, both social, between Bergen and Voss as well as between different social groups, and morphological variation between different grammatical categories and values. Additionally, I attempt to shed light on the influence from East Scandinavian, particularly Swedish, on the language in the charters.

The theoretical framework for the thesis is of a morphological as well as sociolinguistic nature, the morphological side of things represented by theories of natural morphology, the sociolinguistic side represented by the historical sociolinguistics and theories of language contact. My sources are 20 Norwegian medieval charters, ten from Bergen and ten from Voss. All of my charters deal in some way or another with property rights, either in the form of buying and selling, inheriting or contesting claims to property. I have read the texts as they are presented in *Diplomatarium Norvegicum* side by side with photographs of the original documents.

My findings show a system in which grammatical person and number are still part of the language. The 1. and 3. persons have converged in the singular, but the distinction lives on in the plural. There are no examples of the 2. person in my sources. Aside from a single charter, with a particularly high percentage of singular verbs for plural subjects, the differences between Bergen and Voss are miniscule. There is some variation between the different social groups. Some of the different grammatical categories and values show variation worth mentioning, however. Regular verbs have a higher percentage of singular forms for plural subjects than do the irregular ones, and the 3. person deviates more from the old system than does the 1. person. Tense seems to have little significance for whether or not plural forms of the verbs are used. The middle voice has a higher percentage of singular verbs for plural subjects than the active voice, but there are too few examples of this grammatical value in my sources. The few examples of the subjunctive are in contexts where the singular and plural were identical already in the Old Norwegian stage of the language, and they are as such not of much interest in this case.

I attempt to explain my findings within the theoretical framework for the thesis, and I argue that the influence from Swedish has played a significant role in the preservation of grammatical person and number in my sources, particularly in the charters from Bergen. Of more significance for the preservation of person and number in my sources, however, are the syntactic contexts in which the verbs are found.